

Årsmelding 2023

Ørsta kommune

Innleiing kommunedirektør

Året 2023 enda med eit negativt netto driftsresultat på kr 36,0 mill. Dette er -3,3 % av brutto driftsinntekter. Sum netto bruk av disposisjonsfond vart kr 37,6 mill. Rest disposisjonsfond pr. 31.12.2023 er kr 66,2 mill.


På rammeområda vart det eit samla meirforbruk på 3,7 % tilsvarande 27,9 mill. for Ørsta kommune. Det er mange forklaringar til at det har vorte slik, og det er ein alvorleg situasjon som kan medføre at Ørsta kommune kjem på ROBEK-lista. Tertialrapportar og månadsrapportar har gjennom året vist at vi har eit for høgt driftsnivå ut frå dei tilgjengelege inntektene. I 2023 har det ikkje kome ekstra inntekter frå havbruksfond, ekstra skatteinntekter eller andre inntekter.

Kommunalområda Helse, omsorg og velferd (HOV), Oppvekst, kultur og inkludering (OKI) og Teknisk, eigedom og landbruk (TEL) har meirforbruk i i høve budsjett. Dei har sjølvstøtt fått ei ramme som skal haldast, men det har ikkje vore samsvar mellom oppgåver og kostnadsdekning. Auka rentekostnader gir rammer til drift som ikkje dekker løns og prisvekst, då vil vidareføring av drifta gi meirforbruk i høve budsjett. Administrativt jobbar vi for å levere på politiske bestillingar, men vi må også verte tydelegare til å vise konsekvensar av vedtak og (manglande) prioriteringar.


Saman med fokus på budsjett og kostnader vert det jobba godt med arbeidsmiljø, turnusplanlegging, fagutvikling og tidleg innsats. Leiarar og tilsette skal ha honnør for godt arbeid også i krevjande tider.

Folketal og aldersbæreevne

Ørsta har lav folketalsvekst, og ei aldersbæreevne på 3,2, som er fallande mot 2,5 dei neste 10 åra:



Slik grafen viser vert vi stadig færre innbyggjarar i arbeidsfør alder, og saman med låg folketalsvekst og manglande fødselsoverskot må dette ha fokus i planlegging og prioritering framover. Tabellen nedanfor viser folketal pr 4.kvartal åra 2013 - 2023 og årlege fødselsoverskot (som var negativt i 2023) i 4.kvartal 2013 - 2023.




Administrativ organisering

Ny kommunalsjef HOV var på plass frå juni, og kommunedirektøren si leiargruppe ut 2023 har vore samansett slik:

Kommunedirektør	Wenche Solheim
Assisterande kommunedirektør	Eldar Øye
Økonomisjef	Jan Inge Bueide
Personal og organisasjonssjef	Idun Hofset
Kommunalsjef Oppvekst, kultur og integrering (OKI)	Kari Flø
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd (HOV)	Audhild Mork
Kommunalsjef Teknisk, eigedom og landbruk (TEL)	Ivar Otto Kristiansen

Tenestestrukturen er vist i organisasjonskart pr. 1. januar 2023:



Kommunalsjef for TEL slutta pr 31.12.23 og det vart i desember 2023 bestemt at assisterande kommunedirektør skulle konstituerast som kommunalsjef TEL frå januar 2024. Dette vert ei endeleg løysing frå 1. august 2024.

Kommunevalet

11. september var det kommuneval og vi fekk ny ordførar, varaordførar, kommunestyre og råd/utval. Det er alltid spennande med nye politikarar, og vi gjer vårt beste for å ta godt i mot alle. Det å sitte i kommunestyret er eit stort ansvar og de har fått ei stor tillit frå veljarane i Ørsta. Innbyggjarane er ulike og har ulike behov for tenester frå kommunen, felles for dei alle er at dei ynskjer gode tenester og tilbod, når dei treng det. Å vere kommunestyrerepresentant i økonomisk stramme tider er ekstra krevjande, då er det vanskeleg å få gjennomslag for dei gode sakene, og budsjettarbeidet vil handle meir om kutt og prioriteringar enn nye tiltak.

Krig i europa, klimakrise, fødsels-underskot og redusert aldersbæreevne vil saman med strammare økonomiske rammer krevje godt tillitsbasert samarbeid mellom politikk og administrasjon. Saman med innbyggjarar og næringsliv må vi omstille og samtidig bygge gode lokalsamfunn.

Oppvekst, kultur og inkludering (OKI)

Kommunalområdet har eit stort spekter av tenester og oppgåver og prioriterer tidleg innsats gjennom helsefremming og forebygging. I skulane er det mellom anna systematisk satsing på lesing gjennom det fleirårige prosjektet Lesesatsinga, og i barnehagane har det vore satsing på kompetanseheving med støtte frå Statsforvalter. Grand Prix på Ørsta ungdomsskule, Gapahuk til Dalane skule, 30-års jubileum for Sæbø barnehage og samarbeid barnehage kulturskulene er noko av det som kjem fram i årsmeldinga til kommunalområdet. I 2023 vart tverrfagleg leiargruppe for barn og unge gjenoppretta. Denne var referansegruppe for utarbeiding av Plan for forebygging av omsorgssvikt og forebygging av åtverdsvanskar. Planen skal vedtakast av kommunestyret i 2024.

Elles er bygginga av nytt skulebygg og oppgradert uteområde ved Velle skule ei stor hending som også krev kulturbygging og samarbeid med Vikemarka. Det har vore mykje fokus på trafikktrygging og tiltak både på kort og lengre sikt. Det er laga ny parkeringsplass og betre lyssetting frå vidaregåande skule ned til Velle skule. Det har også vore medverknadsprosess der elevar fekk vere med å teikne Draumeleikeplassen i samband med oppgradering av uteområdet.

Helse, omsorg og velferd (HOV)

Dette er eit "tenestetungt" kommunalområde med ein stor del av tenestene tildelt etter lovkrav gjennom vedtak. Her handlar førbygging ofte om å utsetje behov for tenester høgare oppe i innstatstrappa. Brukarane har ulike behov og tenester og tiltak er mange. Ein ser eit auka behov for unge som treng hjelp til å lære seg å bu og som er ikkje psykisk sjuke, i dag får dei hjelpa frå psykisk helse. Andel bebuarar i institusjon over 80 år syner liten variasjon sidan 2020, men behova skal utgreiast nærare i 2024 i samband med utgreiingsoppdrag knytt til Ørstaheimen.

Kommunalområdet har hatt særleg fokus på lagbygging, leiing, heltidskultur og årsturnus. I tillegg har økonomi-oppfølgjing og etablering av nye møtestrukturar i samband med ny organisering vore prioritert. Demensplan og smittevernplan vart lagt fram for politisk hendsaming i 2023. Ein har jobba med å sikre stabil fastlegeordning og god samhandling mellom kommunen og Legesenteret AS. Vidare har ein fokus på meistring, forebygging og helsefremjing i alle livsfaser og i alle pasient- og brukarmøte.

Teknisk, eigedom og landbruk (TEL)

Dette kommunalområdet er ein viktig premissleverandør for kvalitet på tenestene frå OKI og HOV. Vedliehald av vegar sommar og vinter, reinhald og drift av formålsbygg og utleigebygg betyr mykje for den daglege drifta i skular, institusjonar og barnehagar. I tillegg til våre eigne tilsette, har alle innbyggjarar og næringsliv store forventningar til at Ørsta kommune skal levere på ansvarsområda som ligg til kommunalområdet. Skal ein klare det må både menneskelege og økonomiske ressursar samsvare med mål og oppgåver som vert sett. Arbeidet med ny bustadsosial handlingsplan viser både behov, men også potensialet for utvikling av bustadtilbod i samarbeid med private.

Oppdatert og relevant planverk, samfunnsplan, arealdel og planstrategi må sjåast i samanheng for å få utvikling i heile kommunen, og prioriteringar i planverk må henge saman med prioriteringar i investeringsplan og budsjett, lokalpolitiske føringar og nasjonale føringar. I 2023 har det vore brukt mykje ressursar på arbeidet med jordvernstrategi og realisering av bustadtomter på fremre mo. Forliket med Romarheim om utbygginga på Melsgjerdet må også nemnast her. Dette var ein krevjande prosess som vart avslutta i 2023.

Beredskap og førebygging må også nemnast her. Ørsta kommune har ein særprega topografi, med mange dalar, fjellområde og fjordar. Dette gjer at Ørsta har få å samanlikne seg med nasjonalt. Det er få kommunar i Noreg som, med tilsvarande areal og folketal, har tre brannstasjonar, eit branndepot og 50 brannkonstablar. Årsaka er kravet til responstid. Det betyr høgare kostnader som følgje av krav om fleire brannstasjonar/depot. I 2023 har Bjørnis hatt eit aktivt år med barnehagebesøk, open dag på brannstasjonen og brannvernveke. I årsmeldinga til TEL kan du lese meir om mellom anna brannopplæring med helsepersonell og skuleklasser.

Ørsta kommune sin visjon er:



Visjon og slagord

Først og fremst seier visjonen at alle i Ørsta kommune må arbeide saman mot nye høgder, – det vil seie at alle i organisasjonen må arbeide saman for å gi innbyggjarane best mogleg tilbod og tenester, saman skaper vi ein attraktiv stad å arbeide og vere busett i. Visjonen seier også at fleire må vere med, og at kommuneorganisasjonen åleine ikkje kan møte alle utfordringane som Ørstasamfunnet møter til dagleg. I dette ligg det eit bod om eit felles ansvar.

Eit levande lokalsamfunn er avhengig av at innbyggjarane og andre aktørar også er med, påverkar og tek ansvar.

Ørsta kommune sitt slagord: Ørsta – hjartet av Sunnmørsalpane

Verdiar og etiske retningslinjer

Ørsta kommunestyre vedtok 3. september 2015 etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Kommunen sine verdiar understøttar desse, og ein vil til ei kvar tid vere opptekne av og arbeide for at alle tilsette og folkevalde utviser ein høg etisk standard i arbeidet sitt.

Dei etiske retningslinjene legg vekt på den viktige rolla som forvaltar av våre felles ressursar og omsynet til kommunen sitt omdømme. Som folkevalde og tilsette må vi balansere vår eigen ytringsfridom og lojalitet til kommunen/arbeidsgivar. Vi må særleg vere merksame på at vår bruk av sosiale medium ikkje svekker vår integritet som folkevald eller yrkesutøvar.

Verdiane våre er:



Tillit

Gjennom gjensidig
respekt, forståing
og likeverd



Energi

Gjennom entusiasme,
inkludering og humor
og glede



Løysingsvilje

Gjennom lagånd, tydelege
mål og meningsfylte
oppgåver



Utvikling

Gjennom medverknad,
tilbakemelding og
verdsetjing av kunnskap

Økonomirapportering drift

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-380 841	-404 635	-406 346	-409 648	3 302	0,8 %
Inntekts- og formuesskatt	-345 713	-325 026	-326 939	-343 529	16 590	5,1 %
Eigedomsskatt	-19 719	-21 944	-20 828	-20 834	6	0,0 %
Andre generelle driftsinntekter	-48 884	-39 125	-41 798	-52 692	10 894	26,1 %
Sum Frie disponible inntekter	-795 157	-790 730	-795 911	-826 703	30 792	-3,9 %

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-3 944	-10 614	-20 527	-21 548	1 021	5,0 %
Utbytte	-15 258	-14 200	-17 297	-17 297	0	0,0 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-1	0	0	0	0	0,0 %
Renteutgifter	22 751	53 670	61 035	61 431	-396	-0,6 %
Avdrag på lån	43 681	46 995	49 543	49 600	-57	-0,1 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	47 230	75 851	72 754	72 185	569	0,8 %

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger						
Bruk av bundne driftsfond	-17 909	-14 894	-14 398	-17 563	3 165	22,0 %
Bruk av disposisjonsfond	-31 156	-3 652	-34 616	-37 587	2 971	8,6 %
Sum bruk av avsetninger	-49 065	-18 546	-49 014	-55 150	6 136	12,5 %
Avsetninger						
Overføring til investering	2	0	0	2 702	-2 702	0,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	17 578	10 200	9 517	16 442	-6 925	-72,8 %
Avsetninger til disposisjonsfond	47 751	0	0	0	0	0,0 %
Sum avsetninger	65 331	10 200	9 517	19 144	-9 627	-101,2 %
Netto driftsresultat	-16 267	8 346	39 497	36 005	3 492	8,8 %
Sum driftsinntekter	-1 041 641	-998 525	-1 009 980	-1 099 128	89 148	8,8 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,6 %	-0,8 %	-3,9 %	-3,3 %	3,9 %	0,0 %

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Avsettingar og bruk av avsettingar						
Overføring til investering	2	0	0	2 702	-2 702	0,0 %
Avsettingar til bundne driftsfond	17 578	10 200	9 517	16 442	-6 925	-72,8 %
Bruk av bundne driftsfond	-17 909	-14 894	-14 398	-17 563	3 165	22,0 %
Avsettingar til disposisjonsfond	47 751	0	0	0	0	0,0 %
Bruk av disposisjonsfond	-31 156	-3 652	-34 616	-37 587	2 971	8,6 %
Netto avsettingar	16 267	-8 346	-39 497	-36 005	-3 492	8,8 %

Finansielle måltal**Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Det er teke omsyn til resultatet frå finansområdet, dvs. netto renter, netto avdrag og tap/gevinst på finansielle instrument (omløpsmiddel), samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak. I tillegg er det korrigert for avskrivningar, slik at desse ikkje gir resultateffekt. Netto driftsresultat kan enten nyttast til finansiering av investeringar eller til avsetning for seinare års bruk.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda Kostragruppe 2023	07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,4 %	1,1 %	1,5 %	-4,5 %	2,5 %	0,3 %	0,3 %	1,0 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto driftsresultat for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. Etter ein auke dei tre førre åra har Ørsta kommune i 2023 hatt ein kraftig tilbakegang og ligg no på -4,5 %. Dette er langt under det tilrådde nivået frå TBU på 1,75 %.

TBU (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi) tilrår at netto driftsresultat over tid bør utgjere om lag 2 % av driftsinntektene for kommunesektoren samla, med ei fordeling på 1,75 % for kommunane og 4 % for fylkeskommunane. TBU tilrår elles at kvar enkelt kommune set sitt eige mål på netto driftsresultat.

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2023 i møte den 15.12.2022 i sak om budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. I vedtaket står det at netto driftsresultat over tid bør utgjere 1,75 % av brutto driftsinntekt, noko som er i samsvar med tilrådinga.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering både i drifts- og investeringsrekneskapen. Dette kan seie noko om kor stor økonomisk buffer kommunen har for den daglege drifta.

Disposisjonsfond

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda Kostragruppe 2023	07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	8,8 %	9,5 %	10,4 %	5,7 %	11,1 %	12,0 %	9,1 %	13,4 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. I perioden har kommunen hatt ei negativ utvikling med 3,1 prosentpoeng.

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2023 i møte den 15.12.2022 i sak om budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. I vedtaket står det at disposisjonsfondet skal vere over 5 % av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfond - spesifisert

Vi har fleire ulike disposisjonsfond (ubundne driftsfond) i balansen. Kontoane 256080001 Disposisjonsfond og 256080002 Disposisjonsfond næring utgjør 99,3 % av samla disposisjonsfond pr. 31.12.2023.

Sum alle disposisjonsfond

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2022	103 820
Endring i 2023	-37 587
Saldo pr. 31.12.2023	66 233

Disposisjonsfond konto 256080001

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2022	100 838
Saldering opphavleg budsjett 2023	-3 652
Felles reiselivsprosjekt for Søre Sunnmøre i regi av DÅS	-87
Auka tilskot til Dei Nynorske Festspela	-25
Ekstraløyving Oppvekst, kultur og inkludering (OKI) - knytt til vaksenopplæring, minoritetsspråkundervisning	-15 519
Ekstraløyving Helse, omsorg og velferd (HOV) - tenester for flyktningar på NAV og helsestasjonen	-1 780
Støtte til Flyktningehjelpen i samband med jordskjelva i Syria og Tyrkia	-55
Tilskot til Svendsengarden	-75
Kompensasjon for tapte inntekter som følgje av grensejusteringa	-2 582
Kompensasjon for tapte inntekter til OKI som følgje av gratis SFO for 2. trinn	-1 498
Løyving til valjennomføring K-styre og F-ting - godtgjersle til røystestyra og valstyret og til distribusjon av valmateriell	-114
Ekstraløyving HOV - finansiering ressurskrevjande tiltak	-3 800
Ekstraløyving HOV - kjøp av plass på Hamna dagsenter	-500
Ekstraløyving HOV - finansiering av utvida BPA-tiltak	-1 500
Ekstraløyving Teknisk, eigedom og landbruk (TEL) - tilsetjing av vegeningeniør, medarbeidar park	-1 500
Støtte til Rettleiar om statleg sikra friluftsområde for Vekslet bade- og turområde	-45
Driftstilskot Ørsta Hest AS	-216
Forskottering spelemiddel Ørsta Hest AS	-1 500
Saldering prognose årsresultat pr. 31.08.2023	-15 222
Tilskot til Ørsta småbåtlag - drift av rekreasjonsareal	-10
Driftstilskot Vartdal turn og idrettslag	-200

Driftstilskot Ørsta IL friidrett - rehabilitering av løpedekket på Ørsta stadion (renter)	-60
Endra finansiering av forskottering spelemidlar til Ørsta Hest AS	1 500
Pott til føring av tap på kundefordringar	-500
Framsikt planmodul	-115
Fram Flexx	-65
Auka renter/avdrag kyrkja	-100
Tapt tilskot frå NVE til skredsikringa på Vallabøen	-2 600
Saldering årsresultat pr. 31.12.2023	14 283
Saldo pr. 31.12.2023	63 301

Disposisjonsfond næring konto 256080002

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2022	2 503
Endring i 2023	-50
Saldo pr. 31.12.2023	2 453

Disposisjonsfond næring er skilt ut til næringsføremål. Ein del av midlane er allereie utdelte, men ikkje utbetalte pr. 31.12.2023.

Andre disposisjonsfond konto 256080100-256080451

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2022	479
Endring 2023	0
Saldo pr. 31.12.2023	479

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld rekna i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og unytta lånemiddel. Totale utlån inneheld formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne middel). Dette omfattar dermed utlån der mottekne avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapen, i tillegg til innlån der det skal betalast avdrag i driftsrekneskapen.

Netto lånegjeld i prosent

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda Kostragruppe 2023	07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	114,1 %	122,6 %	127,4 %	126,2 %	135,9 %	101,3 %	111,4 %	92,7 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. I perioden har kommunen hatt ein auke i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter med 12,1 prosentpoeng. Både brutto driftsinntekter og netto lånegjeld har auka i perioden, men justert for inflasjon har begge indikatorane vorte reduserte siste året.

Utanom VA har dei fem største investeringane dei tre siste åra vore bygging av ny skule i Ørsta sentrum, utbygging av Melsgjerdet industriområde, bygging av Sæbø skule og barnehage, tilbygg på Ørsta ungdomsskule og bygging av sambindingsveg i Smådalane (Melsvegen–Hansholen).

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2023 i møte den 15.12.2022 i sak om budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026. I vedtaket står det at netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt over tid ikkje bør overstige landsgjennomsnittet utan Oslo. I 2023 var lånegjelda 126,2 % og dette var 33,5 prosentpoeng høgare enn måлтаlet.

KOSTRA-analyse

Administrasjon og styring

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring rekna i prosent av totale netto driftsutgifter. Dette inkluderer utgifter til politisk styring, kontroll og revisjon, administrasjon, forvaltningsutgifter i eideomsforvaltninga og administrasjonslokale. Netto driftsutgifter er ein indikator på prioritet.

Administrasjon og styring

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda 2023	Kostragruppe 07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,2 %	6,1 %	6,3 %	5,1 %	5,6 %	6,5 %	5,9 %	6,7 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto driftsutgifter til administrasjon og styring i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. I denne perioden har kommunen sine netto utgifter til administrasjon og styring vorte vesentleg reduserte. Som tidlegare år har Ørsta i 2023 den lågaste prosentten i denne tabellen.

Politisk styring

Brutto driftsutgifter for funksjon 100 Politisk styring rekna i kr pr. innbyggjar, justert for inflasjon og utgiftsbehov. Brutto driftsutgifter er eit mål på produktivitet.

Politisk styring

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda 2023	Kostragruppe 07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)	376	414	347	404	457	479	546	507

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser brutto driftsutgifter til politisk styring i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. Kommunen har i perioden hatt ein auke i utgiftene til politisk styring med kr 28 pr. innbyggjar. Dette svarar til ein auke på kr 0,3 mill.

Noko av årsaka til auken skuldast at 2023 var eit valår, medan det ikkje var val i 2020.

Arbeidskapital

Arbeidskapital ekskl. premieavvik rekna i prosent av brutto driftsinntekter. Dette vert definert som differansen mellom omløpsmiddel ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik. Dette er eit uttrykk for kommunen sin likviditet, dvs. den evna kommunen har til å betale rekningar/krav etter kvart som dei forfell. Premieavvik er halde utanfor definisjonen for gi eit betre uttrykk for likviditeten.

Arbeidskapital

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda Kostragruppe 2023	07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (B)	14,2 %	7,9 %	8,4 %	8,6 %	18,0 %	13,5 %	11,2 %	16,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser utviklinga i arbeidskapital ex. premieavvik i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. I perioden har kommunen sin arbeidskapital ekskl. premieavvik vorte redusert med 5,6 prosentpoeng.

Det har vore eit mål for kommunen å halde både gjeldsnivået og unytta lånemidlar lågast mogleg. Dei siste åra har det difor vore nytta ledig likviditet til å forskottare investeringane i staden for å ta opp lån i samsvar med løyvingane i budsjettet.

Dette fører til at arbeidskapitalen vert lågare, men risikoen med dette vert vurdert som låg sidan kommunen har god kontroll med likviditeten og at det vanlegvis ikkje er vanskeleg å få nye lån i marknaden ved behov relativt raskt.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar

Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ex. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og unytta lånemiddel. Totale utlån inneheld formidlingslån og ansvarlege lån. Dette omfattar dermed utlån der mottekne avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapen, i tillegg til innlån der det skal betalast avdrag i driftsrekneskapen. Lånegjeld pr. innbyggjar er ein direkte konsekvens av nyinvesteringar, totalrenovering og betalte avdrag.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda Kostragruppe 2023	07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar (B) *)	114 741	124 571	129 578	127 909	166 227	103 428	124 722	97 927

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto lånegjeld i kroner pr. innbygger i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023. I perioden har netto lånegjeld auka med kr 13 168 pr. innbygger, justert for inflasjon. Dette svarar til ein auke på 11,5 %. Samanlikna med kostragruppe 7, har Ørsta kommune kr 24 481 (23,7 %) meir i lånegjeld pr. innbygger.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter. Dette viser kor stor del av inntektene til kommunen som kjem frå utskriving av eigedomsskatt.

Eigedomsskatt

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda 2023	Kostragruppe 07 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet uten Oslo 2023
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	2,0 %	2,0 %	1,9 %	1,9 %	2,6 %	2,2 %	3,8 %	3,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2020-2023.

Frå og med 2007 var det høve til å skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen. I Ørsta kommune vart det innført eigedomsskatt på verk og bruk i 2013 og for andre eigedomar frå og med 2014.

Inntekta frå eigedomsskatt har medverka til at kommunen har fått eit positivt handlingsrom, økonomisk sett. Ørsta har den lågaste prosenten i denne tabellen.

Forklaring KOSTRA

I dette kapitlet kan du lese meir om m.a. KOSTRA, og korleis ein les KOSTRA-analysar i denne årsmeldinga.

Føremål

KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenestemåter vert registrerte og sett saman for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om dei nasjonale måla vert oppnådde.

SSB publiserer foreløpige tall for kommunane 15. mars, og reviderte tal 15. juni.

Samanlikningskommunar

Ørsta kommune brukar kommunegruppe 7 (ny inndeling frå 2020 hos SSB) som samanlikningsgrunnlag. Kommunegruppe 7 (K07) er samansett av 38 kommunar som kan samanliknast med Ørsta. I SSB sin definisjon av K07 står det at gruppa består av kommunar med 10 000-19 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og låge frie disponible inntekter. Her er meir info om gruppering av kommunar: [Gruppering av kommuner etter folkemengde og økonomiske rammebetingelser 2020](#).

Andre samanlikningsgrunnlag:

- Volda: God nabo i sør. Grunna grensejusteringa er Volda frå 2020 i same kommunegruppe som Ørsta.
- Møre og Romsdal fylke: Gjennomsnitt av dei 26 kommunane i fylket (27 frå 2024).
- Landet utan Oslo: Gjennomsnitt av dei andre 355 kommunane i landet (356 frå 2024) utan Oslo. Grunnen til at Oslo ikkje er med er at rekneskapen deira omfattar både kommunale og fylkeskommunale funksjonar, slik at tala ikkje alltid kan samanliknast. For enkelte økonomiske nøkkeltal kan dette slå kraftig ut.

Forklaring av omgrep

Døme på KOSTRA-analyse av eit økonomital: "Netto driftsutgifter pr. innbyggjar justert med deflator og utgiftsbehov". I tillegg står det på enkelte indikatorar (B) bak.

Netto driftsutgifter: Driftsutgifter inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, slik som øyremerka tilskot og brukarbetalingar er trekte frå.

Innbyggartal: For kvart år er det innbyggartalet pr. 31.12 som er brukt.


Deflator: Deflatoren for kommunesektoren er ei samanvekting av prisane på det kommunane kjøper; lønn, produktinnsats (driftskostnader) og investeringar.

Utgiftsbehov: Dette seier noko om kor mykje ein kommune, eller ei teneste i ein kommune, kostar å drive samanlikna med andre kommunar. Som eit døme vil det i ein kommune med stor tilflytting vere naturleg med større utgifter pr. innbyggjar til barnehage og skule enn i ein kommune med fråflytting. Utgiftsbehovet vert brukt til å rekne ut kor mykje frie midlar kommunen får frå staten. Ved å justere for utgiftsbehovet kan ein samanlikne kommunar som har forskjellig demografi

Tala er rekna ut frå kommunen sine KOSTRA-tall hos SSB. **(B)** betyr at talet er rekna ut av Framsikt.

Korleis lese KOSTRA-tala i årsmeldinga

I bildet nedanfor ser vi eit døme fra årsmeldinga. Framanfor kvar indikator er det ei pil til høgre. Når ein trykker på pila kjem det fram ein graf som viser tala for Ørsta og samanlikningskommunane dei siste fire åra. Forklaring av indikatoren ligg nedst i biletet. For dei fleste indikatorene kan ein velje forskjellig vising av grafane opp til venstre. I dette tilfellet kan ein velje mellom "Kommune" og "Historisk". I biletet ser vi historisk vising, der kommunane står saman i blokker pr. år. Dersom ein vel "Kommune" vil kvar kommune ha sin eigen blokk med resultatata for siste fire år.



*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Vesentlege avvik økonomi

Vesentlege avvik drift

§ 5-4, 1. ledd - Oversikt løyvingar til drift (1A)

Brutto driftsinntekter (ref. økonomisk oversikt etter art – drift) var i 2023 kr 1 099 mill. Dersom ein set grensa for kva som er vesentleg til 1 %, vil avvik større enn kr 11,0 mill. vere vesentlege.

Tabellen viser at avviket på «Sum løyvingar til drift, netto» er på kr 27,9 mill. og dermed høgare enn 1 %. For nærare spesifisering av avvik, sjå oversikt løyvingar til drift, fordelt.

I 2022 var avviket kr 29,3 mill. Dei store avvika over tid tyder på at det ikkje er samsvar mellom budsjett og driftsutgifter. Det er lite økonomisk handlingsrom for å auke budsjetttrammene. I tilfelle må inntektene aukast, t.d. gjennom eigedomsskatt.

Det er også mogleg å justere rammene mellom dei ulike kommunalområda som har positive og negative avvik. Likevel må det samla driftsnivået endrast for at det samla avviket skal verte redusert.

§ 5-4, 2. ledd - Oversikt løyvingar til drift, fordelt (1B)

Tabellen viser rekneskap og budsjett i % av netto ramme pr. seksjon. Vesentlege avvik på seksjonane vert vurdert til å vere over 1 % av netto ramme.

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik av eiga ramme	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik i prosent- poeng
Netto driftsutgifter pr. kommunalområde				Del av netto ramme	Del av netto ramme	Del av netto ramme
Politikk	5 821	6 637	-12,3 %	0,7 %	0,9 %	-0,1 %
Kommunedirektør og stab	28 858	32 274	-10,6 %	3,7 %	4,2 %	-0,6 %
Oppvekst, kultur og inkludering	309 822	306 367	1,1 %	39,2 %	40,2 %	-1,0 %
Helse, omsorg og velferd	365 573	334 172	9,4 %	46,2 %	43,8 %	2,4 %
Teknisk, eigedom og landbruk	76 778	73 967	3,8 %	9,7 %	9,7 %	0,0 %
Andre område	3 671	9 237	-60,3 %	0,5 %	1,2 %	-0,7 %
Sum løyvingar til drift, netto	790 523	762 654	3,7 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %

Vesentlege avvik - drift

Ved samanlikning av rekneskap og revidert budsjett, viser sum netto for alle kommunalområda eit meirforbruk på 3,7 % (kr 27,9 mill.). Dei største avvika er på Andre område, med eit mindreforbruk på -60,3 % (kr -5,6 mill.), Politikk, med eit avvik på -12,3 % (kr -0,9 mill.) og Kommunedirektør og stab, med eit avvik på -10,6 % (kr -3,4 mill.). Deretter kjem Helse, omsorg og velferd, med eit meirforbruk på 9,4 % (kr 31,4 mill.).

Alle kommunalområda hadde eit avvik som var større enn 1 % av eiga netto ramme. Dei kommunalområda som har eit meirforbruk på over 1 % må gjennomføre større endringar i drifta eller budsjettet i løpet av året for å redusere avviket. Dette vil i mange tilfelle krevje politiske vedtak om auka bruk av disposisjonsfond, endra driftsnivå eller struktur.

Samanlikning over tid

Grunna omorganiseringa er ikkje rekneskapstala for 2023 pr. kommunalområde direkte samanliknbare med rekneskapstala for 2022 pr. seksjon. For at det skal vere mogleg å sjå utviklinga over tid har rekneskapstala for 2022 vorte omarbeidde, men nokre område er splitta eller slått saman slik at det ikkje er mogleg å få dette heilt likt. Slik ser dei omarbeidde tala ut for 2022:

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik av eiga ramme	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik i prosent- poeng
Netto driftsutgifter pr. kommunalområde				Del av netto ramme	Del av netto ramme	Del av netto ramme
Politikk	4 696	5 229	-10,2 %	0,6 %	0,7 %	-0,1 %
Kommunedirektør og stab	30 069	30 414	-1,1 %	4,1 %	4,3 %	-0,2 %
Oppvekst, kultur og inkludering	280 724	272 826	2,9 %	38,4 %	38,8 %	-0,5 %
Helse, omsorg og velferd	344 308	317 936	8,3 %	47,1 %	45,3 %	1,8 %
Teknisk, eigedom og landbruk	71 340	67 909	5,1 %	9,8 %	9,7 %	0,1 %
Andre område	524	8 015	-93,5 %	0,1 %	1,1 %	-1,1 %
Sum løyvingar til drift, netto	731 660	702 329	4,2 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %

Oppvekst, kultur og inkludering

Dei omarbeidde rekneskapstala for 2022 viser at dette kommunalområdet då hadde eit samla meirforbruk på 2,9 % (kr 7,9 mill.). I 2023 er dette avviket redusert til 1,1 % (kr 3,5 mill.). Sjølv om avviket har vorte redusert kan det vere vanskeleg å redusere det vidare då det er andre kommunalområde som vil krevje fleire ressursar i framtida. Sjå elles kommunalområdet si årsmelding for fleire detaljar.

Helse, omsorg og velferd

Dei omarbeidde rekneskapstala for 2022 viser at dette kommunalområdet då hadde eit samla meirforbruk på 8,3 % (kr 26,4 mill.). I 2023 har dette avviket auka til 9,4 % (kr 31,4 mill.). Kommunalområdet er i gang med konkrete tiltak for å redusere avviket. Sjå kommunalområdet si årsmelding for fleire detaljar.

Teknisk, eigedom og landbruk

Dei omarbeidde rekneskapstala for 2022 viser at dette kommunalområdet då hadde eit samla meirforbruk på 5,1 % (kr 3,4 mill.). I 2023 er dette avviket redusert til 3,8 % (kr 2,8 mill.). Sjølv om avviket har vorte redusert er det framleis for stort. Samtidig er dette eit område som er påverka av t.d straumprisar og nedbør, noko som kan gjere det vanskeleg å halde avviket innanfor 1 %. I tilfelle må det leggst inn ein større buffer, noko som kan føre til at området ikkje greier å utnytte ramma fullt ut, og det vert ein stort avvik den andre vegen. Sjå kommunalområdet si årsmelding for fleire detaljar.

Andre kommunalområde

Dei omarbeidde rekneskapstala for 2022 viser at dei andre kommunalområda då hadde mindreforbruk (kr 8,4 mill. totalt). Desse kommunalområda hadde også mindreforbruk i 2023 (kr 9,8 mill. totalt). Trass mindreforbruk vert avvik på over 1 % sett på som vesentlege. For fleire detaljar, sjå årsmeldingane frå dei andre kommunalområda.

Vesentlege avvik investering

§ 5-5, 1. ledd - Oversikt løyvingar til investering (2A)

Når det gjeld oversikt løyvingar til investering, vert vesentlege avvik vurdert til å vere kostnadsoverskridingar – og forseinka framdrift som kan føre til kostnadsoverskridingar.

Sum investeringar vart kr 130,0 mill. Opphavleg budsjett var på kr 128,6 mill. medan revidert budsjett inkl. rebudsjetteringar var på kr 345,9 mill. Dette viser at det framleis er eit vesentleg etterslep av investeringar som kan føre til vesentlege avvik i investeringsrekneskapen.

§ 5-5, 2. ledd - Oversikt løyvingar til investering, fordelt (2B)

Tabellen viser meir- eller mindreforbruk pr. prosjekt og totalt. Samla meirforbruk vert kommentert etter tabellen.

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Frå oversikt løyvingar til investering:				
Sum investeringsutgifter (frå tidlegare 2A)	130 009	345 908	-58 109	274 008
Fordeling på prosjekt:				
Symjehall Ørsta sentrum - nybygg ved fleirbrukshall	90	1 250	0	1 160
Skule Ørsta sentrum - nybygg	109 654	72 090	-37 564	0
Ørsta ungdomsskule - tilbygg	561	5 354	0	4 793
Ørsta kulturhus - oppgradering sambruk med Ørsta VGS	2 432	1 000	-1 432	0
Sæbø - skule og barnehage	8 415	12 657	0	4 242
Ørstaheimen - ombygging 3. etg til sjukeheimplassar	1 254	17 259	0	16 005
Brannsikringsplan for trehus i Kyrkjegata	177	350	0	173
Osmarka II, slutføring og Osmarka 3	2 100	3 750	0	1 650
Justeringsrett PeMarka 2020-2029	148	0	-148	0
Ose B9 - utbyggingsavtale	103	0	-103	0
Fremre Mo B10 - regulering, grunnkjøp og opparbeiding	173	12 048	0	11 875
Legene - utviding av bustadfelt	84	468	0	384
Mosbakkane bustadfelt B11	34	0	-34	0
Liadal, infrastruktur, 4 - 6 tomter	227	2 500	0	2 273

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Barstadvik - bustadtomter	56	750	0	694
Sætrebakkane bustadfelt	10	0	-10	0
Hovden næringsområde, sør for flyplassen - grunnkjøp	-3	11 000	0	11 003
Melsgjerdet - infrastruktur	-66 300	30 938	0	97 238
Strandgata - opprusting etter reguleringsplan trinn 1 (ref. 032903)	-23	0	0	23
Holmegata - grunn til fortau mot sør, ovanfor framtidig ny vidaregåande skule	0	250	0	250
Gatelys Anders Hovden- gata/Ripateigane (ref. 025901)	372	372	0	0
Torvmyrane	0	250	0	250
Sambindingsveg Smådalane (Melsvegen-Hansholen)	859	0	-859	0
Sambindingsveg Leitevegen (Rystefeltet-Hovden)	0	11 025	0	11 025
Flyplasskrysset	0	500	0	500
Standalbakkane - oppgradering	2 954	2 954	0	0
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot - forskotering	9 694	0	-9 694	0
Tilleggsareal - Ørsta eldhus	64	0	-64	0
Vegar, opprusting/asfaltering (2023: Kulvert Vollagjølet)	2 017	2 500	0	483
Oppgradering vegar/bruer for å tole tømmertransport	0	1 953	0	1 953
Samferdsleprosjekt - planlegging og prosjektering	0	77	0	77
Skredsikring Vallabøen	2 600	0	-2 600	0
Gatelys	2 168	2 168	0	0

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Trafikktryggingstiltak (2023: Grepalida til Øvre Mo)	354	1 000	0	646
Tettstadsutvikling - oppfølging av reguleringsplan Ørsta sentrum	77	690	0	613
Tettstadsutvikling - Havtor Hovden- plassen	0	1 125	0	1 125
Grunnkjøp - oppfølging av sentrumsplanen	0	3 247	0	3 247
Tettstadsutvikling - Klokkarmarka parkering (tidl. Bedehusmarka)	3 460	3 750	0	290
Tettstadsutvikling - sjøpromenaden	0	225	0	225
Grunnkjøp - Kyrkjevoren - området mot aust	0	450	0	450
Tettstadsutvikling - veg E39 - Vikeøyane	0	1 250	0	1 250
Fontene Haldeplassen (ref. 023101)	5 154	0	-5 154	0
Laguneparken - rehabilitering (ref. 028901)	276	276	0	0
Sæbø torg - oppgradering	148	3 168	0	3 020
Grunn til gangveg Bakk-Ola-Marka - Langebakkane	0	180	0	180
Sunnmøre sjøbad Vekslet	183	0	-183	0
Parkanlegg	0	272	0	272
Toalett friområde	938	2 276	0	1 339
Nærmiljøanlegg	0	1 000	0	1 000
Turvegar - utviklingsplan og opparbeiding	0	500	0	500
Skår ferjekai - opprusting	56	353	0	297
Rjånes ferjekai, utvikling av område	0	625	0	625
Grunnkjøp diverse	1 042	2 000	0	958

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Vikegeila vassverk m/basseng	0	6 000	0	6 000
Sæbø vassverk - oppgradering	0	10 000	0	10 000
Stakekamera avløp (ref. 032903)	296	296	0	0
Overvassleidning Holmegata (ref. 032903)	201	201	0	0
Sanering VA Bakkevegen (ref. 032903)	94	94	0	0
VA: Sanering Hovdebygda del 3 (ref. 032903)	1 935	1 935	0	0
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot Sanering VA (ref. 032903)	7 943	7 943	0	0
Overvassrør Mosflata - omlegging ved utbygging (ref. 032903)	179	179	0	0
Oppgradering vasskummar (ref. 032903 og 032905)	320	320	0	0
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	0	14 815	0	14 815
VA - oppgradering Sæbø, Vartdal og Barstadvik	123	1 000	0	877
Geodataplan - vidareføring	210	1 099	0	889
Digitalisering av byggesaksprosess	0	400	0	400
Pickup anlegg avløp WV Transporter	590	590	0	0
Hengar, rør Brian James	131	131	0	0
VW ID.4 svart	476	476	0	0
VW ID.4 blå	451	451	0	0
Velle skule - klasserom og brannsikring (ref. 062902)	0	2 223	0	2 223
Ørsta opplæringscenter - oppgradering brannteknisk og inneklima	520	1 200	0	680

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Hovdebygda barnehage - ombygging loft til arbeidsrom m.m.	0	1 615	0	1 615
Dalane skule - brannsikring	0	3 150	0	3 150
Uteområde Velle skule	0	13 500	0	13 500
Sæbø barnehage - inventar til nybygg	339	339	0	0
Sæbø skule - inventar	506	444	-62	0
IKT - skule	390	400	0	10
Velle skule - parkeringsplass og tilkomst (ref. 065902)	1 254	1 254	0	0
Hovden skule - lukking av branntekniske avvik	0	1 438	0	1 438
Kvitveisen barnehage - utviding av parkeringsplass	0	450	0	450
Hardbruksbustadar - frittliggende småhus 3 stk.	0	239	0	239
Dalevegen 24 (Velferdshuset) - Ny levegg/skjerming barnevogner	0	220	0	220
Ørstaheimen - solskjerming	1 099	1 220	0	122
Ørstaheimen - branndokumentasjon og lukking av branntekniske avvik	8	8 098	0	8 090
Ørstaheimen - Ombygging av pasientrom til skjermingsrom	0	1 250	0	1 250
Ørstaheimen - adgangskontroll	0	1 700	0	1 700
Fonnavegen 4 - oppgradering (ref. 062901)	714	714	0	0
Fonnavegen 6 - oppgradering (ref. 062901)	277	277	0	0
Hjørundfjordheimen - nytt tak	0	2 540	0	2 540
Øyragata 22 og 24 nytt tak (skifte frå torv til takpapp)	0	438	0	438

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Hjørundfjordheimen - oppgradering leilegheiter (ref. 062903)	150	150	0	0
Sætrebakkane 16 B - totalrenovering (ref. 062901)	459	459	0	0
Ørstaheimen - møblar/inventar	225	229	0	4
Ørstaheimen - to nye vaskemaskiner	0	600	0	600
Hjørundfjordheimen - nytt varmesystem	0	1 500	0	1 500
Institusjon - nye sengelampar	0	384	0	384
IKT - Velferdsteknologi Ørstaheimen (ref. 054901)	6 081	6 081	0	0
IKT - Velferdsteknologi Vartdal helsetun (ref. 054901)	27	27	0	0
IKT - velferdsteknologi og varslings	0	2 329	0	2 329
Legionella - system for bekjemping av smitte	0	2 085	0	2 085
Institusjonar - naudstraumsaggregat	0	2 594	0	2 594
Kommunale bustadar - mobile vanntåkeanlegg (brannforebygging) 6 stk.	0	599	0	599
Minibuss Ørstaheimen/dagaktivitetstilbod	1 204	1 200	-4	0
HBO - fire brukte bilar	657	690	0	33
KLP - pliktig kjøp av andelar	2 282	2 400	0	118
Flyktningbustadar store	0	200	0	200
Fleirbrukshall - bygging	8	0	-8	0
Ørstahallen - utandørs lager	0	225	0	225
Brannøvingsanlegg på Melsgjerdet	61	0	-61	0
Gamle rådhus totalrenovering og energisparing 3. etg (ref. 062903)	15	15	0	0

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Gamle rådhus totalrenovering og energisparing 2. etg (ref. 062903)	1 130	1 130	0	0
Gamle rådhus totalrenovering og energisparing 1. etg (ref. 062903)	1 818	1 818	0	0
Ørstahallen - ny skillevegg mellom bane 2 og 3	0	313	0	313
Mosmarkvegen 17 Oppgradering (ref. 062901)	542	542	0	0
Låsesystem for Berte Kanuttevegen 16 (ref. 062901)	270	269	-1	0
Låsesystem for Ørstaheimvegen 2 (ref. 062901)	223	223	0	0
Leitevegen 4A Oppgradering for energisparing (ref. 062903)	451	451	0	0
Kommunale eigedomar - oppgradering	0	3 314	0	3 314
Brannstasjonsbygningar	0	212	0	212
Kommunale bygg - driftssparande tiltak	0	1 510	0	1 510
Makuleringsmaskin - støvoppsamlar	107	107	0	0
Nytt biblioteksystem	0	250	0	250
IKT - investeringer	293	1 250	0	957
IKT - kabling eigedomar	1 579	1 579	0	0
Chromebook til politisk arbeid 2023-2027	0	330	0	330
Ørsta rådhus - Uteområde, parkering, uu, bosrom m.m.	239	239	0	0
Rådhus tekniske rom ved gang totalrenovering/brannsikring, (ref. 065901)	294	294	0	0
Gamle rådhus totalrenovering/brannsikring (ref. 065901)	272	272	0	0

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Kommunale bygg - branndokumentasjon og lukking av branntekniske avvik	0	21	0	21
Kommunale eigedomar - asfaltering og tiltak uteareal	0	7	0	7
Ny hovudbrannbil Vartdal - fornying av bilar og utstyr	0	311	0	311
Driftsutstyr - bilar, maskiner m.m.	321	500	0	179
Driftsutstyr - robotteknologi, reinhaldsmaskiner m.m.	0	406	0	406
El-bilar / kommunale tenestekøyrety	492	599	0	107
Varebilar til seksjon Eigedom	984	1 080	0	96
Kommunalteknikk - fornying av maskin, bilar og utstyr	37	2 000	0	1 963
Tettstadsutvikling - uteområdet mellom fleirbrukshallen og ungdomsskulen	125	0	-125	0
Klimaplantiltak 50/50-midlar	0	625	0	625

Vesentlege avvik - investering

Den vanlegaste årsaka til meirforbruk er at det vert ført kostnader på eit prosjekt som ikkje har budsjettmidlar, eller at det vert ført meir kostnader på eit prosjekt enn det er budsjettmidlar til. I slike tilfelle skuldast meirforbruket i hovudsak at rutinane ikkje vert fylgde.

Dersom rammene undervegs i prosjektet viser seg å ikkje halde, skal dette meldast til politisk nivå før arbeidet held fram. Ved hastetiltak som ikkje kan vente skal dette først avklarast med ordførar/kommunedirektør og deretter leggst fram til politisk behandling ved første høve. Dersom kostnadsauken vert kjend så seint på året at den ikkje kan behandlast politisk før nyttår, vil det føre til meirforbruk då det ikkje kan vedtakast budsjettendringar for tidlegare år.

Det er ofte ein skilnad mellom overslaget ein gjer til budsjettet og den endelege prisen ein får i eit tilbod. Dette skal rettast opp med eit politisk vedtak om budsjettendring før prosjektet vert starta opp. Å leggje eit overslag så høgt at ein ikkje treng budsjettendring er ikkje tilrådeleg, då det kan føre til at dei som leverer tilbod justerer prisen til eit høgare nivå.

For å få ei meir korrekt utgiftsføring og budsjettstyring på investeringsprosjekta, har det dei siste åra vorte sett i verk fleire administrative tiltak. M.a. har nokre av investeringane av praktiske omsyn vorte delte opp i delprosjekt. Då har det i prosjektnamnet vorte referert til prosjektnr. der midlane står.

Det er elles etablert fleire tidspunkt for gjennomgang av investeringane gjennom året, m.a. gjennom førebuingane til budsjett, rebudsjettering, investeringsplan og tertialrapportering. Det skal dermed vere mogleg både teoretisk og praktisk sett å redusere meirforbruket til eit minimum.

Rutinane for budsjettering av investeringar har hatt eit stort fokus i mange år med mål om at betring av rutinane og intern opplæring skal gi ein vesentleg positiv effekt.

Når det gjeld mindreforbruk kan ei av årsakene vere at prosjekt har vorte rimelegare eller mindre omfattande enn budsjettert, men den viktigaste årsaka er manglande kapasitet til å gjennomføre dei budsjetterte prosjekta innanfor budsjettåret. Tabellen nedanfor viser at kommunen dei siste åra berre har gjennomført mellom 36,4 % og 63,0 % av budsjetterte investeringar. I gjennomsnitt har det vore ein gjennomføringsgrad på 50,8 % dei siste fire åra.

Gjennomføringsgrad investeringar i varige driftsmiddel

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023
Investeringar revidert budsjett	358 059	405 911	414 395	343 258
Investeringar rekneskap	153 745	255 757	237 717	125 018
Ikkje gjennomførte investeringar	204 314	150 154	176 678	218 240
Gjennomføringsgrad	42,9 %	63,0 %	57,4 %	36,4 %

Som ein konsekvens av låg gjennomføringsgrad har det vore store rebudsjetteringar dei siste åra. Det er positivt at gjelda ikkje aukar like mykje som budsjettert, men det er uheldig at budsjettet ikkje er så realistisk som det bør vere. Kommunedirektøren tek høgde for noko av dette i samband med budsjettarbeidet og justerer låneopptak, renter og avdrag, men det hadde vore betre dersom investeringsplanen hadde vore meir tilpassa kapasiteten.

Det vil vere vanskeleg å auke gjennomføringsgraden ved å leige inn eksterne konsulentar då det uansett vil krevje mykje interne ressursar til å overføre kunnskap mellom kommunen og konsulentane. Kjøp av tenester vil dessutan føre til auka prosjektkostnader.

Avvik investeringar 2020 - 2023

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023
Meirforbruk	23 674	*17 370	*9 445	58 109
Mindreforbruk	-227 893	-240 748	-256 112	*-133 473
Sum avvik	-204 219	-223 378	-246 667	-75 364

*) Beløpet er justert manuelt då det i 2021 og 2022 er bokført ikkje godkjende utgifter på eitt av prosjekta. Desse utgiftene vart tilbakeførte i 2023.

Tabellen ovanfor viser at mindreforbruket har vore stort og aukande dei siste åra. I 2023 var det ein betydeleg reduksjon som må sjåast i samanheng med auken i meirforbruket.

Etter ein reduksjon i meirforbruket dei siste åra var det i 2023 ein stor auke. Dette skuldast i hovudsak desse prosjekta:

- Skule Ørsta sentrum kr 37,6 mill. Her har framdrifta vore større enn førespegla i investeringsplanen. Det er venta eit tilsvarande mindreforbruk i 2024
- Gangveg Dalevegen kr 9,7 mill. Her er det vedteke forskotering utan at det har vore vedteke eit konkret beløp. Det er venta at beløpet vert refundert i 2024

Dersom ein held desse prosjekta utanfor, er meirforbruket på kr 10,9 mill. Det er eit mål at meirforbruket skal vere lågare enn dette og tiltak med betring av rutinar og intern opplæring held difor fram. Eit anna hjelpemiddel for å få ned avviket kan vere å investere i eit prosjektstyringssystem som kan rapportere forbruk og framdrift i sanntid og dermed varsle tidlegare når det er fare for avvik. Det vart gjort eit forsøk i samband med anskaffing av nytt økonomi-, løns- og HR-system, men det var ikkje mogleg å få til då. Håpet er at det skal vere mogleg å få til dette på eit seinare tidspunkt.

Unytta lånemidlar

Det har i mange år vore ei målsetjing å halde nivået på unytta lånemidlar lågast mogleg. Tidlegare vart låneopptak gjennomførte før vedtekne prosjekt vart igangsette. For å halde lånegjelda og renteutgiftene på eit lågare nivå, vert det no i større grad nytta ledig likviditet før låneopptak vert gjennomførte. Tidspunkt for låneopptak saman med storleik og varigheit vert elles tilpassa vilkåra i lånemarknaden og nivået på unytta lånemidlar vil difor variere frå år til år.

Låneopptak vert vanlegvis gjennomført seinast i oktober sidan det vanlegvis er dårlegare vilkår i november og desember. Storleiken bør ligge mellom 200 og 250 mill. for å redusere talet på lån og lånekostnader, og varigheita må vere på minst tre månadar for å redusere refinansieringskostnadane. I september/oktober kan det vere vanskeleg å vite kor mykje som trengs av lånemidlar resten av året. Det er heller ikkje lov med negative unytta lånemidlar og det må difor leggast inn ein buffer som sikrar at det ikkje skjer. Basert på dette skal det vere mogleg å halde unytta lånemidlar på eit nivå under kr 100 mill.

I 2023 har det diverre vorte ein ekstra stor auke i unytta lånemidlar. Det vedtekne låneopptaket for 2023 vart betalt tilbake i si heilheit i september, men det var ikkje nok til å redusere unytta lånemidlar ned på eit ynskjeleg nivå. Berre 36,4 % av dei vedtekne investeringane vart gjennomført, som både skuldast at det ikkje vart gjennomført så store investeringar i løpet av året som venta, og at det rett før jul inngått eit forlik som førte til kreditering av store investeringsutgifter.

Dette har likevel ikkje negative konsekvensar for økonomien sidan innskotsrenta til kommunen hovudsakleg er høgare enn lånerenta. På den andre sida fører auka gjeld til auka minimumsavdrag. Valet om å halde unytta lånemidlar på eit lågast mogleg nivå er basert på politikk og ikkje økonomi.

Tal i 1000 kr	2020	2021	2022	2023
Unytta lånemidlar	50 596	43 695	88 336	213 076
Innskot høgrentekonto	143 009	75 796	161 876	177 331

Vesentlege avvik premiss

Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane

Dersom det er avvik mellom budsjettet og faktisk kostnad eller premiss skal det fremjast sak for kommunestyret der dei tek stilling til om ramma eller premissen for drifta eller investeringa skal endrast. Det er ikkje sett vesentlege premissar til bruken av løyvingane korkje når det gjeld drift eller investering.

I budsjettbehandlinga vedtek kommunestyret ei generell netto økonomisk ramme til drift innanfor dei ulike kommunalområda. På investeringssida vert det vedteke generelle brutto økonomiske rammer for kvar enkelt investering, der fokus i hovudsak er på finansiering i tillegg til ev. positive eller negative driftskonsekvensar.

Det var opphavleg budsjettet med investeringar på kr 128,6 mill. og eit låneopptak på kr 98,1 mill. Etter rebudsjettering og endra løyvingar gjennom året viser revidert budsjett ei brutto investering på kr 345,9 mill. og eit låneopptak på kr 266,3. Faktisk investering vart kr 130,0 mill. brutto og faktisk bruk av lån vart kr 89,0 mill.

Tapte inntekter frå grensejusteringa

I det opphavlege budsjettet for 2023 som vart vedteke i desember 2022, vart det føresett full kompensasjon for tapte inntekter etter grensejusteringa i Bjørkeområdet, tilsvarende kr 11,1 mill. I januar 2023 vart det semje om at Volda kommune skal betale erstatning i tolv år fom. 2020, der den dei fire første åra skal dekke 65 % av tapte inntekter frå eigedomsskatt for kraftverk og sal av konsesjonskraft.

I mai 2023 vart det vedteke å justere ned inntektene i budsjettet med kr 5,7 mill. til kr 5,4 mill. Seinare viste det seg at erstatninga berre vart på kr 4,4 mill. Dette skuldast at erstatninga vert rekna av prisen Volda oppnår når dei sel si konsesjonskraft og i 2023 vart det 11,3 % mindre enn det Ørsta oppnådde.

Sjå også eigen note til årsrekneskapen.

Avdrag og avskrivningar

Det bør ikkje vere for stor avstand mellom avskrivningar og avdrag. Tabellen viser endringar i perioden 2020–2023.

Konto (tal i heile 1000 kr)	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023
Avskrivningar	43 334	45 240	49 517	53 088
Avdrag på lån	40 122	39 157	43 681	49 600
Avvik	3 212	6 083	5 836	3 488

Avvika ligg innanfor det intervallet som er venta. Det har ikkje har skjedd spesielle endringar innan dette området det siste året.

Personal og organisasjon

Likestilling

Utgreiing om likestilling for Ørsta kommune 2023

Frå 2020 er *aktivitets- og redegjæringsplikten* (ARP) styrka, i samsvar med Likestillings- og diskrimineringslova, som gjeld frå januar 2018.

For offentlege verksemder betyr desse endringane at:

- Alle arbeidsgjevarar skal jobbe med å hindre samansett diskriminering, kjønnsbasert vald og seksuell trakassering
- Verksemdene skal følgje ein lovbestemt arbeidsmetode på fire trinn når ein skal jobbe med likestilling
- Alle verksemdene skal kartleggje lønnsforhold etter kjønn og ufrivillig deltidsarbeid annakvart år
- Verksemdene må gjere greie for arbeidet med aktivitetsplikta

Del 1: Utgreiing for kjønnslikestilling


1.1 Kjønnsbalanse:

Kjønnsbalansen har vore stabil over år, med eit forholdstal på om lag 80/20 mellom kvinner/menn. Frå 2022 til 2023 ligg talet på menn på 23 %, medan del årsverk framleis er 21 %. Menn vert til ein viss grad oppfordra til å søkje stillingar i t.d. barnehagar, men ved tilsetjing vert kvinner og menn stilt likt, det er den samla kompetansen i høve til krav til stillinga som vert avgjerande. I heiltidskultur er eitt av måla å skape attraktive stillingar og arbeidsplassar. I ein deltidskultur der små stillingar og mangel på kontinuitet er resultatet, er det grunn til å tru at menn vil søkje seg vekk eller ikkje søkje i det heile.

Når me ser på korleis kvinner og menn fordeler seg i ulike aldersgrupper, ser me at talet på menn er høgast og held seg stabil blant tilsette over 35 år.

Antall ansatte	Totalt	
Kvinner 791	Menn 230	1 021
Antall årsverk	Totalt	
Kvinner 687,55	Menn 178,45	866,00

Alders- og kjønnsfordelt



Kjelde: Visma/BI/HRM

Utvikling årsverk over tid


År	Årsverk
2019	936
2021	871
2023	866

Kjønnsfordeling på ulike område, prosent


År		2021	2021	2022	2022	2023	2023
		Prosent		Prosent		Prosent	
Org.enhet	Gruppe1	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
10000	Politikk						100,00%
20000	Kommunedirektør	75,44%	24,56%	76,92%	23,08%	74,36%	25,64%
30000	Oppv, kultur					78,70%	21,30%
31000X	Kultur og landbruk	42,86%	57,14%	45,16%	54,84%		
32000X	Skule	73,25%	26,75%	75,70%	24,30%		
33000X	Barnehage	90,91%	9,09%	91,03%	8,97%		
40000	HOV (He,Om,Ve)					90,91%	9,09%
41000x	Helse og velferd	91,18%	8,82%	91,67%	8,33%	100,00%	
47000x	Omsorg og sj.h.	93,55%	6,45%	93,05%	6,95%		
51000X	Eigedom	62,30%	37,70%	63,79%	36,21%		
60000	Teknisk, eigedom og landbruk					32,43%	67,57%
60000X	Tekniske tenester	13,41%	86,59%	14,61%	85,39%		

Kjelde: Visma/BI/HRM

1.2 Kvinner og menn i høve til stillingsstorleik – omfang av deltid




1.2.1 Oppvekst, kultur og inkludering



Kjelde: Visma/BI/HRM


Oppvekst, kultur og inkludering har hatt ein auke i gjennomsnittleg stillingsprosent frå 77 % i skule og 74 % i barnehage 2017 til 88 % i det nye kommunalområdet i 2023. Del av tilsette som har 100% stilling har auka frå 44 % i skule og 36 % i barnehage i 2017 til 67 % i det nye kommunalområdet i 2023.

1.2.2 Helse, omsorg og velferd



Helse, omsorg og velferd har hatt ein auke i gjennomsnittleg stillingsprosent frå 70 % i 2017 til 85 % i 2023. Del av tilsette som har 100% stilling har auka frå 30 % i 2017 til 55 % i det nye kommunalområdet i 2023. Dette viser at me er på rett veg, men kommunen er framleis prega av ein deltidskultur, og er framleis heilt avhengig av innleige av vikarar og vikarbyrå. Prosessen har lært oss at høgare gjennomsnittleg stillingsprosent eller høgare tal på tilsette i 100 % stilling ikkje betyr at kvaliteten og kontinuiteten automatisk har gått opp. Tal på innleige og overtid syner at det må gjerast store endringar i organiseringa.


Samla tal for kommunen har vist ein jamn auke i talet på tilsette i 100 % stilling. Det er no 61 % av arbeidsstokken er tilsette i 100 % stilling. Gjennomsnittleg stillingsstorleik har vore stabil på 77 % dei siste tre åra. Statistikken frå Visma seier at det samla gjennomsnittlege stillingsstorleiken no er 84 %.



Figuren (Framlent 2023) over viser alle stillingar i helse og omsorg i 2023, der prikkar er stillingar som det er tilsette i og kryss er stillingar som er ubesette. Fargane indikerer kompetanse. Grafen viser


samanhengen mellom stillingsstorleik og helgetimar i høve til besette og ubesette stillingar, og den viser tydeleg at høge stillingar med få helgetimar gjer oss avhengig av små stillingar som me ikkje lyser ut eller tilset i. Heiltidskultur handlar i stor grad om haldningar og har store positive konsekvensar for brukarane, for arbeidsmiljøet og for organisasjonen. Det er avgjerande for å sikre kvalitet i tenestene og for at kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Ørsta kommune har satsa breitt, og vil ta med alle tenesteområde, der alle dei tilsette, tillitsvalde og leiarane skal vere involverte. Det er også viktig at dei folkevalde følgjer prosessen, kan støtte opp og vere pådrivarar. Dei partssamansette gruppene (Gneist-gruppene) på alle einingane er sentrale aktørar. Heiltidskultur har fått eit eige kapittel og er godt forankra i arbeidsgjevarstrategien. Frå 2020 har kommunen hatt eit særskilt fokus på heiltidskultur i helse- og omsorgseiningar med heildøgns omsorg. Heiltidskultur er ikkje eit mål i seg sjølv - målet for denne satsinga er: Saman om ei berekraftig framtid i helse og omsorg.

1.2.3 Teknisk, eigedom og landbruk



Teknisk, eigedom og landbruk har ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 65 % i 2023. Kommunen har tilsett brannkonstablar i om lag 1,06% stilling. Desse kjem inn i statistikken for stillingar 0-24% med tre kvinner og 35 menn. Desse har andre stillingar i tillegg, anten i kommunen eller i andre verksemdar. Dei kan såleis ikkje sidestillast med andre tilsette i deltidsstillingar under 25 %. Dette påverkar også talet på del av tilsette som har 100% stilling, som er 57 % i 2023.

1.2.4 Kommunedirektør (med stab og støtte)



Kommunedirektør med stab og støtte har 42 tilsette etter ny organisering. Desse har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 86 %.

1.3 Permisjonar og fråvær i samsvar med lov og avtaleverk

Foreldrepermisjon		Menn	Kvinner
Gjennomsnittleg tal på permisjonsdagar for kvinner og menn som har tatt ut permisjon	2021	47	104
	2022	75	93
	2023	15	54
Fråvær på grunn av sjuke born - av samla tal på fråværsdagar p.g.a. sjuke born		Menn	Kvinner
	2021	18	82
	2022	16	84
	2023	17	83

Foreldrepermisjon

Tabellen syner gjennomsnittleg tal på dagar som kvinner og menn har teke ut foreldrepermisjon. Dette talet vil variere frå år til år, avhengig av kor mange som har foreldrepermisjon og kor stor stilling dei har. Tala for 2023 syner at gjennomsnittleg permisjonsdagar for menn har gått vesentleg ned frå 2022 og 2023. Det har vore svært få menn som har søkt foreldrepermisjon i 2023.

Fråvær pga. sjuke barn

Kommunen har fleire menn i småbarnsalder no enn tidlegare, og arbeidsgjevar ser at mennene i større grad enn tidlegare nyttar seg av retten til å vere heime med sjuke born. Samla tal på fråværsdagar på grunn av sjuke born fordelt på kvinner og menn viser eit stabilt tal på kvinner og menn som har nytta seg av retten til å vere heime med sjuke born.

Del 2: Utgreiing av arbeidet for likestilling og mot diskriminering

Ørsta kommune ynskjer å arbeide aktivt for likestilling og mot diskriminering. I kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er eitt av hovudområda *Mangfald og inkludering*.

Overordna mål:

Ørsta kommune har arbeidsplassar som vert opplevde som trygge og meningsfulle. Ørsta kommune arbeider aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering.

Likestillings- og diskrimineringslova § 6. Forbud mot å diskriminere:

Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av disse er forbode. Etnisitet handlar mellom anna om nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge og språk.

Me skal gjere greie for arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering på følgjande område:

Kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion / livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering og kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk.

2.1 Risikovurdering

Utgreiingsplikta gjeld desse områda, som er med i risikomatrissa:

	Rekruttering	Løn og arbeids-vilkår	Forfremjing/ utvikling	Tilrettelegging	Arbeid/ familie
Kjønn					
Graviditet					
Etnisitet					
Religion					
LHBTQ+					
Omsorgs-oppgåver					
Nedsett funksjons-evne					

Rekruttering

Kommunen lyser ut stillingar med fokus på mangfald, og oppfordrar til å søke, uavhengig av kjønn, funksjonsnivå og etnisitet. Menn blir oppfordra til å søkje i typiske kvinnedominerte yrke som t.d. barnehage, og kvinner blir oppfordra til å søkje i mannsdominerte yrke som t.d. brannkonstabel. Ved utydeleg språk og ordval i t.d. stillingsannonser kan det skje at innhaldet ikkje tiltalar kvinner/menn å søke. Kommunen skal gjere ei jobbanalyse før stillingsteksten blir utforma. Slik analyse skal gjennomførast utan tanke på den personen som går ut av stillinga. Det er viktig å vere tydeleg på ønska kompetanse og at denne er uavhengig av kjønn, religion eller om søkeren har nedsett funksjonsevne. Kommunen skal stille krav til norskkunnskapar i ein del stillingar. Søklarar med annan etnisk bakgrunn kan såleis oppfatte seg som diskriminert når vedkomande ikkje får jobb eller lærlingplass med bakgrunn i manglande norskkunnskapar.

Lønn og arbeidsvilkår

Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av kommunalområde, alder og kjønn. Å behalde rett kompetanse kan gi saklege grunnar til lønnsforskjell. Her må ein ta ei vurdering på om forskjellsbehandlinga er nødvendig. For yrkesgrupper der me ser at det er vanskeleg å rekruttere eller behalde naudsynt kompetanse, kan det vere aktuelt å yte eit rekrutteringstilskot eller endre lønsplassering i samsvar med HTA.

Forfremjing og utvikling

Strategisk plan for kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Risikofaktorar kan vere at tilsette føler seg lite verdsett eller diskriminerte, fordi dei opplever at ein stor del av kompetansen deira ikkje vert nytta og at andre går føre. Ein kan også kjenne seg urettferdig behandla i høve kompetanseheving, der ein meiner andre “alltid får først”.

Ein risikofaktor som gjeld gravide er at med auka tendens til lange sjukemeldingar som vert avløyst av ein lang morspermisjon, kan kvinnene vere borte frå arbeidet i 1 – 2 år i samband med fødsel. Det også ein auka trend at kvinnene tek ut uløna permisjon etter at rettane til fødselspermisjon er tekne ut. Slike, til dels sjølvvalde lange fråvær frå arbeidet kan få som konsekvens at kvinnene går glipp av utviklinga på arbeidsplassen, og treng tid for å hente inn att kompetansen som trengst for å oppnå forfremjing.

Det same gjeld tilsette som er minoritetsspråklege. På grunn av mangel på norskkunnskapar vil desse ofte mangle grunnlag for fagleg utvikling.

Tilrettelegging

Ein arbeidstakar med nedsett funksjonsevne har rett på eigna individuell tilrettelegging ved behov, både på arbeidsplassen og i ein tilsetjingsprosess (LDO.no).

Tilrettelegging er alle dei tiltaka som arbeidsgjevar set i verk som gjeld organisering og utføring av arbeidet, utforming av arbeidsplassen og arbeidsmiljøet generelt. Arbeidsgjevaren skal organisere

arbeidet og legge det til rette slik at arbeidstakarane kan stå i størst mogleg jobb og være like friske når dei går heim frå arbeidet som då dei kom. Tilrettelegging gjeld for alle arbeidstakarar, ikkje berre for personar med redusert arbeidsevne.

Å legge arbeidet til rette for arbeidstakarane er ein del av arbeidsgjevar si plikt til å iverksette tiltak som sikrar eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakar har plikt til å medverke i tilretteleggingsarbeidet, slik at arbeidsgjevar og arbeidstakar kan finne gode løysingar i samarbeid.

Arbeidsgjevar må vere merksam på at stor grad av tilrettelegging over tid for fleire arbeidstakarar kan gå ut over andre arbeidstakarar - og kan føre til auka fråvær.

Arbeid/familie

Arbeidsmiljølova gir rett til redusert arbeidstid dersom ein har en helsemessig, sosial eller velferdsmessig grunngjeving. Foreldre med barn under 10 år kan søkje om redusert arbeidstid på grunnlag av denne lovregelen.

Kommunen skal legge til rette for at småbarnsforeldre i størst mogleg grad kan kombinere arbeid og familie. Kommunen arbeider for å skape ein heiltidskultur der heiltidsstillingar er det vanlege. Deltidsstillingar og ynske om reduserte stillingar er mest utbreidd hos kvinner. Dette er ei utfordring, og skaper eit motsetningsforhold til målet om ein heiltidskultur.

2.2 Organisering av likestillingsarbeidet

Strukturering av arbeidet

Ørsta kommune har etablert kvalitetsråd, som har møte to gonger i halvåret. Her møter kommunedirektøren si leiargruppe, kommuneoverlegen, og hovudverneombodet. Kvalitetsrådet har som oppgåve å sjå til at brukarane og innbyggjarane i Ørsta kommune får ei trygg og fagleg forsvarleg teneste gjennom kvalitetsstyring og risikobasert internkontroll. Kvalitetsrådet skal sikre at faglege rutinar er godkjende i tråd med lovverket, at rutinar vert følgde opp og at dei legg grunnlag for kompetanseheving og ein forbetningskultur i heile organisasjonen. Kvalitetsrådet skal ha innsikt i arbeidet med likestilling på eit overordna nivå.

Når det gjeld likestilling for personar med funksjonshemming, er *Rådet for likestilling av funksjonshemma* eit sentralt organ. Dei har fem møte i året, og arbeider aktivt, både i høve til Ørsta som samfunn og til kommunen som organisasjon. Me stiller oss undrande til at dette rådet ikkje skal omfatte alle gruppene som lova skisserer. Det ville gje oss ein verdfull arena for å sikre likestilling og hindre diskriminering.

2.3 Tiltak innanfor dei ulike personalpolitiske områda for å fremje likestilling og hindre diskriminering

Mangfald og inkludering

Ørsta kommune sin arbeidsgivarstrategi har som mål at Ørsta kommune skal arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering. Arbeidsgjevarstrategien seier også at utanforskap er ei utfordring for kommunen både som tenesteytar og som arbeidsgjevar.

Rekruttering

I Strategisk plan for kompetanse og rekruttering, 2015–2019, har kommunen peika på viktige strategiar for rekruttering og likestilling. Mellom desse er:

- Vere tydelege på krav til kompetanse ved utlysing av stillingar
- Auke talet på lærlingar, sørgje for god kvalitet på lærlingtilbodet, leggje til rette for at ufaglærte får ta fagbrev
- Sikre ei lønsutvikling i konkurranse med kommunane rundt oss
- Leggje til rette for auka stillingsprosentar og heile stillingar

Kommunen har utarbeidd nytt tilsetjingsreglement i 2023. Tilsettingsreglementet skal, saman med dei andre styringsdokumenta våre, stimulere til høg kvalitet på tenestene me gir og god bruk av ressursar. Reglementet føreset at kommunen skal arbeide for ein heiltidskultur der m.a. heile stillingar og tenesteretta bemanningsplanar skal leggje grunnlag for tilsetjing. Ørsta kommune skal arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering.

Kommunen rekrutterer medarbeidarar med innvandrabakgrunn, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i omsorgsyke og innanfor reinhald. Ved ledige stillingar for fagarbeidarar vert desse sikra lik behandling som andre søkjarar. Ved utlysingar av stillingar innanfor kvinnedominerte yrke, vert menn oppmoda om å søkje. Kravet til universell utforming i nybygg vert ivareteke av dei ansvarlege instansane. Gravide eller søkjarar i fødselspermisjon vert vurderte på lik linje med andre søkjarar til stillingar.

Løns- og arbeidsvilkår

Lønspolitikk for Ørsta kommune vart sist vedteken i administrasjonsutvalet i desember 2020, og gjort gjeldande frå 1.1.2021. Planen vart rullert for 2023. Kommunen sin lønspolitikk og kriterium for lønsutvikling skal vere kjent i heile organisasjonen. Lønspolitikken vert utarbeidd i samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Den generelle delen er tufta på kommuneverdiane og arbeidsgjevarstrategien vår. Vedlegga skildrar ein praksis som forhandlingspartane er samde om og ulike kriterium for lønsdanning. Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av seksjon, alder og kjønn. I tillegg til Lokal lønspolitikk for Ørsta kommune avgjer sentrale føringar i kvart tariffoppgjer lønsutviklinga for våre tilsette.

Permisjonsreglementet byggjer på arbeidsgjevarstrategien, og skal sikre permisjonsvilkår i tråd med lov og avtaleverk som dekkjer dei tilsette sine behov så langt som råd. Permisjonsreglementet sikrar mellom anna omsorgspermisjonar og velferdspermisjonar som skal gjere det mogleg å stå i størst mogleg stilling i ulike livsfasar og kombinere arbeid og familie.

Høve til utvikling og karriere

Strategisk plan for kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Kompetansemobilisering er å ta i bruk alle dei menneskelege ressursane og den kompetansen som finst i organisasjonen, også kompetanse som ikkje kan dokumenterast med vitnemål. Medarbeidarane sitt kompetansepotensial må mobiliserast gjennom relevante oppgåver og utfordringar.

Leiarar på alle nivå er ansvarlege for å kartleggje kompetanse- og utviklingsbehovet innanfor sitt tenestemråde og setje i verk tiltak, i samsvar med prinsippa i denne planen. Kompetanseutvikling skal vere ein naturleg del av årshjulet på arbeidsplassen.

Den årlege medarbeidarsamtalen skal danne viktig grunnlag for mobilisering og utvikling, og skal byggje på resultata og prosessane etter medarbeidarundersøkinga *10-FAKTOR* (KS). Denne er eit verdfullt verktøy i arbeid med kompetanse-mobilisering og utvikling.

Vern mot trakassering og diskriminering

Ørsta kommune har utarbeidd ny rutine for varsling av kritikkverdige forhold i 2023.

Varslingsrutinen skal sikre eit godt ytringsklima på arbeidsplassen og trygge varslingsforhold i samsvar med arbeidsmiljølova § 2A. Rutinen skal vidare sikre at varsling av kritikkverdige forhold vert handsama forsvarleg og vert følgt opp, og sikre at arbeidstakarar skal kunne seie frå utan å vere redde for negative konsekvensar.

Alle former for mobbing og trakassering på arbeidsplassane våre er ikkje akseptert. Kommunen har teke i bruk Compilo som system for kvalitetshandbok, avvikshandtering, varsling om kritikkverdige forhold, risikoanalyse og HMT-handbok.

Heiltidskultur

Deltidskulturen medverkar til ein kjønnsdelt arbeidsliv. Slik arbeidet har vorte organisert, særleg innfor tenester med heildøgnsdrift, har det vorte lagt opp til at ein stor del av arbeidstakarane, særleg dei innleigde, må gå i små stillingar for å dekkje opp behovet for personale på helg. Denne tunge deltidskulturen finst i hovudsak der kvinner er i fleirtal blant dei tilsette. Kommunen har sett inn store ressursar på den store prosessen med heiltidskultur, som skal gje store positive ringverkander, særleg for kvinner i høve til stillingsstorleik og løn. Dette er å sjå på som den mest omfattande og avgjerande prosessen for å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling i kommunen. Kommunen er også medviten på å unngå å sosialisere nye tilsette, t.d. fagarbeidarar, inn i ein deltidskultur. Dette hindrar me med å tilsetje nyutdanna fagpersonar som er kvalifiserte i heile, faste stillingar.

Utanforskap

KS set lyset på korleis kommunesektoren kan medverke til inkludering og til å motverke og førebyggje utanforskap. Utanforskap handlar om einskildpersonar og/eller grupper som fell utanfor ulike arenaer eller fellesskap utan å ynskje det. Konsekvensane for utanforskap kan vere store, både for den einskilde og for samfunnet. Ørsta kommune vil sjå på kommunen si rolle i å auke *innanforskapet*, korleis me som arbeidsgjevar kan medverke til å skape integrasjon og oppleving av å høyre til. Ørsta kommune er ein stor og mangfaldig arbeidsgjevar. Me skal lage fleksible løysingar som dekkjer ulike behov. Ei tydeleg plattform med verdiar og rammer skaper tryggleik og trivsel. Ørsta kommune har prioritert nærværarbeid i 2023 og 2024, som skal ha som mål å førebyggje utanforskap.

2.4 Tiltak som er planlagt for å fremje likestilling og hindre diskriminering

- Kommunane står føre store utfordringar innanfor helse og omsorg i åra som kjem. Ny organisering av tenestene skal leggje grunnlag for ei berekraftig framtid i helse og omsorg. Målet er å sikre god tenestekvalitet og helsefremjande arbeidsvilkår gjennom å byggje gode lag. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom rett kompetanse til rett tid – og som byggjer på ein heiltidskultur der kvalitet er avhengig av kontinuitet, kompetanse og kapasitet. Kommunen arbeider med ein strategi for heiltidskultur, og legg til grunn at strategien skal leggje føringar for likestilling mellom ulike yrkesgrupper og utdanningsgrupper når det gjeld organisering og belastningar i arbeidet, som t.d. helgefaktoren.
- Halde fram med å styrke medverknad gjennom partssamarbeidet i den sentrale trepartsgruppa Kveik og Gneist-gruppene på einingane. Arbeide målretta for at Gneist-gruppene skal vere motorar for utvikling på arbeidsplassane gjennom innspel og samlingar for Gneist-gruppene, og gjennom arbeidet med heiltidskultur.
- Etterspørje Råd for likestilling av funksjonshemma si rolle i høve til likestillingsspørsmål for dei andre målgruppene som lova skisserer. Det ville gje oss ein verdfull arena for å sikre likestilling og hindre diskriminering i organisasjonen.

Investeringar

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev. bud. 2023	Rekneskap 2023
Investeringar i varige driftsmiddel	4, 19	237 717	126 212	343 258	125 018
Tilskot til andre sine investeringar		205	0	250	2 710
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	2 101	2 400	2 400	2 282
Utlån av egne midlar		0	0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		240 023	128 612	345 908	130 009
Kompensasjon for meirverdiavgift	21	-41 713	-13 710	-52 553	-18 659
Tilskot frå andre		-10 113	-2 400	-10 530	-8 660
Sal av varige driftsmiddel	4	-8 994	-12 000	-13 600	-8 685
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar		0	0	0	0
Bruk av lån	19	-178 733	-98 102	-266 325	-89 006
Sum investeringsinntekter		-239 552	-126 212	-343 008	-125 009
Vidareutlån	7	9 426	12 000	40 574	26 754
Bruk av lån til vidareutlån	7	-9 426	-12 000	-40 574	-26 754
Avdrag på lån til vidareutlån		2 394	5 000	5 000	1 725
Mottatte avdrag på vidareutlån		-1 799	-3 500	-3 500	-2 408
Netto utgifter vidareutlån		595	1 500	1 500	-683
Overføring frå drift		-2	0	0	-2 702
Avsettingar til bundne investeringsfond	11	385	2 500	2 500	1 069
Bruk av bundne investeringsfond	11	-978	-4 000	-4 500	-383
Avsettingar til ubundne investeringsfond		1 630	0	0	37
Bruk av ubundne investeringsfond		-2 101	-2 400	-2 400	-2 337
Dekning av tidlegare års udekkabeløp		0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar		-1 066	-3 900	-4 400	-4 317
Framført til inndecking i seinare år (udekt)		0	0	0	0

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investing	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Helse, omsorg og velferd				
HBO - fire brukte bilar	690	657	33	Det er kjøpt ut to leasingbilar i heimetenesta aust, ein bil i bu- og habilitering og ein bil i teneste for psykisk helse og rus.
Institusjon - Nye sengelampar	384	0	384	Kjøp gjennomførast i 2024.
Minibuss	1 200	1 204	-4	Kjøpt 2023.
Ørstaheimen/dagaktivitetstilbod				
Ørstaheimen - møblar/inventar	229	225	4	Brukt til å kjøpe nattbord.
Ørstaheimen - to nye vaskemaskiner	600	0	600	Fellesvaskeriet har 2 svært gamle maskiner som har forventa kort driftstid igjen. I tillegg er det svært vanskeleg å få tak i reservedelar grunna alder på maskinene. Men vi kjøper ikkje nye maskiner før vi må, difor vart dei ikkje skifta ut i 2023.
Sum - Helse, omsorg og velferd	3 103	2 086	1 017	
Kommunedirektør og stab				
Fleirbrukshall - bygging	0	8	-8	Utgift flytta til 2022. Dette er mva av ei faktura.
Fontene Haldeplassen (ref. 023101)	0	5 154	-5 154	Prosjekt fullført.
Grunn til gangveg Bakk-Ola-Marka - Langebakkane	180	0	180	Framlegg til avtale om grunnavståing er lagt fram for grunneigarar.
Grunnkjøp - Kyrkjevoren - området mot aust	450	0	450	Gjennomført samtalar med grunneigarar. Arbeidet held fram i 2024.
Grunnkjøp - oppfølging av sentrumsplanen	3 247	0	3 247	Gjennomført samtalar med grunneigarar for gjennomføring av sentrumsplan.
Holmegata - grunn til fortau mot sør, ovanfor framtidig ny vidaregåande skule (2	250	0	250	Har starta forhandling om grunnkjøp
Hovden næringsområde, sør for flyplassen - grunnkjøp	11 000	-3	11 003	Politisk godkjend avtale om feste av delar av grunn. Behov for omlegging av veg og reguleringsendring.
IKT - kabling eigedomar	1 579	1 579	0	Kabling av data-nettverk på Ørstaheimen. Resterande beløp vert nytta til kabling Ørstaheimen.
IKT - skule	400	390	10	Årleg løyving. Rest går ut.
IKT - velferdsteknologi og varslings	8 437	6 108	2 329	Velferdsteknologi Ørstaheimen er ferdigstilt. Behov for å rebudsjettere restmidlar til prosjekt velferdsteknologi, Vartdal helsetun. Vartdal er siste helsebygg som vert totalrenovert med tanke på IKT velferdsteknologi. Dette vert ferdigstilt i 2024. Det kan verte behov for eiga sak om auka ramme når samla kostnad er kjent.
IKT-investeringar	1 250	293	957	Nytta til oppgradering klientmaskiner og lokal nettverksinfrastruktur
Justeringsrett PeMarka 2020-2029	0	148	-148	Vi krev tilbake mva frå utbygginga av byggefeltet PE-marka over 10 år og betalar ut ein del av mva til utbygger. Prosjektet har ingen kostnader.
KLP - pliktig kjøp av andelar	2 400	2 282	118	Faktura for 2023 er motteken pr. august. Kr 118 000 under budsjett.
Strategiske grunnkjøp	2 000	1 105	895	Fast post til aktuelle grunnkjøp.
Symjehall Ørsta sentrum - nybygg ved fleirbrukshall	1 250	90	1 160	KST har utsett tiltaket til 2027. Men det er bestilt ei utgreiing om kostnad med bygging av ny symjehall sett i høve kostnader med drift av dagens tre basseng og utgreiing av kostnad med bygging av ei andre etasje med plass til td. turnhall og ny skytebane. Behov for konsulentarbeid i samband med ei slik utgreiing.

Ørsta kommune – Årsmelding 2023 – Årsrekneskap 2023

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Sæbø - skule og barnehage	12 657	8 415	4 242	Skule og barnehage tekne i bruk oktober 2022. Adm bygg teke i bruk i juni 2023. Det står att ein del arbeid på uteaeral. Tiltaket totalt ligg innanfor vedteken ramme.
Sætrebakkane bustadfelt	0	10	-10	Tinglysing av tomt. Ingen fleire tomter å selje.
Velle skule - nybygg	72 090	109 654	- 37 564	Overforbruk i 2023 er i høve fordelte kostnader i prosjekttida. Prosjektet totalt sett ligg så langt innanfor vedteken ramme.
Ørsta kulturhus - oppgradering sambruk med Ørsta VGS	1 000	2 432	-1 432	Overforbruk i 2023 er i høve fordelte kostnader i prosjekttida. Kostnader gjeld arbeid med revidert skissekonsept. KST og fylkestinget godkjende rev skissekonsept i desember 2023.
Ørsta ungdomsskule - tilbygg	5 354	561	4 793	Nybygget er teke i bruk (2022). Det står att ei økonomisk avklaring knytt til reklamasjonar. Byggeprosjektet ligg innanfor vedteken ramme.
Ørstaheimen - ombygging 3. etg til sjukeheims plassar	17 259	1 254	16 005	KST vedtok å ikkje gå vidare med ombygging av 3. høgda i nov 2023. K dir gjer framlegg om å nytte Kr 9.mill frå unytta løyving til ombygging 3. høgda til ombygging i 2.etg. austfløya, der 6 rom vert ombygd til 4 rom i samsvar med ny standard for sjukeheimsrom. Årsaka til framlegget er at Husbanken no har midlar til ombygging i 2024. Dette er også i samsvar med verbalpunkt i vedtak frå kommunestyret.
Ørstaheimen - Ombygging av pasientrom til skjermingsrom	1 250	0	1 250	
Sum - Kommunedirektør og stab	142 053	139 479	2 574	
Oppvekst, kultur og inkludering				
Nytt biblioteksystem	250	0	250	Bestilt i 2023, levering nov. 2024
Sæbø barnehage - inventar til nybygg	339	339	0	Prosjektet er fullført.
Sæbø skule - inventar	444	506	-62	Prosjektet er fullført. I planlegginga av nye Sæbø skule var det tenkt at vi skulle bruke opp igjen ein del av utstyret til sløydalen. Det viste seg at ein del av utstyret var utdatert og vi måtte kjøpe inn nytt.
Uteområde Velle skule	13 500	0	13 500	Arbeid pågår
Sum - Oppvekst, kultur og inkl.	14 533	845	13 688	
Politikk				
Chromebook til nye politikarar	330	0	330	Etter politisk ønskje er det satsa på gjenbruk av Chromebooks frå skule i kombinasjon med at politikarar brukar eigen PC.
Sum - Politikk	330	0	330	
Teknisk, eigedom og landbruk				
Barstadvik - bustadtomter	750	56	694	Ikkje klart for grunnerverv. Avsette midlar i 2023 og 2024 er truleg tilstrekkeleg for erverv, men ikkje for opparbeiding.
Brannsikringsplan for trehus i Kyrkjegata	350	177	173	Plan ferdig. Tiltaka står igjen.
Brannstasjonsbygningar	212	0	212	Vartdal brannstasjon
Brannøvingsanlegg på Melsgjerdet	0	61	-61	Dette er eit så viktig prosjekt at det må prioriterast og setjast av investering til saman med å samle teknisk
Dalane skule - Brannsikring	3 150	0	3 150	Skal prioriterast i 2024.
Dalevegen 24 (Velferdshuset) - Ny levegg / skjerming barnevogner	220	0	220	Utsett til 2024 grunna kapasitet.
Driftsutstyr - bilar, maskiner m.m.	500	321	179	Innkjøp utført
Driftsutstyr - robotteknologi, reinhaldsmaskiner m.m.	406	0	406	Innkjøp vert i 2024.
El-bilar / kommunale tenestekjøyrety	1 050	943	107	Utsifting av kjøretøy i 2024.

Ørsta kommune – Årsmelding 2023 – Årsrekneskap 2023

Investerings	Rev. Rekneskap bud.	Avvik i kr	Kommentar
Flyktningbustadar store	200	0	200 Har ikkje vore kapasitet til oppstart av forprosjekt i 2023. Prosjektet er ikkje prioritert i budsjettvedtaket for 2024.
Flyplasskrysset	500	0	500 Prosjektet er avhengig av prioriteringar i Statens vegvesen.
Fremre Mo B10 - regulering, grunnkjøp og opparbeiding	12 048	173	11 875 Prosjektet er forsinka og blir vidareført i 2024.
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot	0	9 694	-9 694 Kostnadsdekning fylkeskommunen. Ferdigstillast i 2024.
Gatelys	2 540	2 540	0 Tiltak mot skule og barnehage i prioritert rekkefølge basert på kapasitet til gjennomføring: 1. Anders Hovdensgate frå Dalevegen til E39 - oppgradering og intensivbelysning av overgangsfelt. 2. Flerbrukshallen til Velle skule 3. Myrane Vartdal - nytt gatelys forbi dropsoner barnehage 4. Bondalseidet - svingen til høgdebasseng forbi droppsone og krysning mellom parkering og skisenter. Trafikktrygging Velle skule. Ferdig våren 2024
Hardbruksbustadar - frittliggende småhus 3 stk	239	0	239 Må på plass ei behovsprøving.
Hjørundfjordheimen - nytt tak	2 540	0	2 540 Samlast i eitt prosjekt, investeringar Hjørundfjordheimen
Hjørundfjordheimen - nytt varmesystem	1 500	0	1 500 Samlast i eitt prosjekt, investeringar Hjørundfjordheimen
Hovdebygda barnehage - Ombygging loft til arbeidsrom m.m.	1 615	0	1 615 Utsett grunna kapasitet.
Hovden skule - Lukking av branntekniske avvik	1 438	0	1 438 Utsett til 2024 grunna kapasitet.
Institusjonar - naudstraumsaggregat	2 594	0	2 594 Utsifting. Planlagt gjennomført i 2024.
Klimaplantiltak 50/50-midlar	625	0	625 Det har ikkje vore prosjekt i 2023 som har løyst ut 50/50 midlar frå fylkeskommunen.
Kommunale bustadar - Mobile vanntåkeanlegg (brannforebygging) 6 stk	599	0	599 Utsett.
Kommunale bygg - branndokumentasjon og lukking av branntekniske avvik	400	379	21 Førebuving pågår.
Kommunale bygg - driftssparande tiltak	6 624	5 115	1 509 Energiltak Hjørundfjordheimen. Statleg tilskot i 2024. Oppgradering for energisparing av Leitevegen 4A: Delvis totalrenovering; Skifta ytterdører, boddør og vindu (tre lags) samt innvendige dører, golvbelegg og veggjar. Lagt inn balansert ventilasjonsanlegg.
Kommunale eigedomar - asfaltering og tiltak uteareal	1 500	1 493	7 Brukast til tilkomst nye Velle skule. Ferdig våren 2024.Velle skule - parkeringsplass og tilkomst: Gjenstår toppdekk asfalt parkeringsplass og asfalt gangveg til Velle skule grunna vinterstans.
Kommunale eigedomar - oppgradering	4 542	1 228	3 314 Diverse løpande prosjekt pågår.Fonnavegen 4: Oppstart hausten 2023. Ferdig våren 2024Fonnavegen 6: Oppstart hausten 2023. Ferdig våren 2024Totalrenovering av Sætrebakkane 16 B. Ferdig i 2024Låsesystem for Berte Kanuttevegen 16 og Ørstaheimvegen 2 ferdigstilt.
Kommunalteknikk - fornying av maskiner, bilar og utstyr	2 000	37	1 963 Ny feiemaskin leverast våren 2024.
Kvitveisen barnehage - Utviding av parkeringsplass	450	0	450 Tiltent areal har ikkje reguleringsplan til formålet, arealet er ikkje eigd av kommunen og grunneigar motset seg tiltaket.
Legene - utviding av bustadfelt	468	84	384 Gjennomført planmessige , treng politisk prioritering
Legionella - system for bekjemping av smitte	2 085	0	2 085 Ørstaheimen, nytt vassinntak. Planlagt gjennomført i 2024.
Liadal, infrastruktur, 4 - 6 tomter	2 500	227	2 273 Planlagt gjennomføring i 2024.

Ørsta kommune – Årsmelding 2023 – Årsrekneskap 2023

Investering	Rev. Rekneskap bud.	Avvik i kr	Kommentar
Melsgjerdet - infrastruktur	30 938	-66 300	97 238 Ferdigstilt, forlik i 2023.
Mosbakkane bustadfelt B11	0	34	-34 Utfakturerer etter utbyggingsavtale.
Ny hovudbrannbil Vartdal - fornyng av bilar og utstyr	311	0	311 Montering av vinsj på bil gjenstår.
Nærmiljøanlegg	1 000	0	1 000 Fast post til aktuelle nærmiljøanlegg. Ikkje utgifter i 2023.
Oppgradering vegar/bruer for å tole tømmertransport	1 953	0	1 953 Kun planlegging av Halsevegen i 2023. Planlagt gjennomføring i 2024.
Ose B9 - utbyggingsavtale	0	103	-103 Utbyggingsavtale vedteken utan finansiering av kommunen sine utgifter. Alt anleggsarbeid er ferdig, sak om finansiering kjem våren 2024. Det kjem politisk sak om finansiering.
Osmarka II, slutføring og Osmarka 3	3 750	2 100	1 650 Slutføring Osmarka 2 vert ferdigstilt i 2023/ 24
Parkanlegg	548	276	272 Mål om å forskjønne gangvegar på Simahaugen, men ikkje kapasitet i 2023. Forskjønning rundt dam og minnestatue 22. juli i Laguneparken
Rjånes ferjekai, utvikling av område	625	0	625 Tiltak under vurdering.
Sambindingsveg Leitevegen (Rystefeltet-Hovden)	11 025	0	11 025 Starte grunnforhandling og sikring av Oskars elva i 23 - om avtale gjennomføring 24 - vert det ikkje avtale - må ein starte med å stadfeste reguleringsplan slik at kommunen får heimel til for orreining
Sambindingsveg Smådalane (Melsvegen-Hansholen)	0	859	-859 Gjeld sal av bustadtomt GB 47/396: Tomta var utgiftsført på dette prosjektet ved kjøp, men ikkje behov til vegbygginga. Sal for innkjøpspris.
Samferdsleprosjekt - planlegging og prosjektering	3 031	2 954	77 Investeringsprosjekt på utbetring av vegar - vert prioritert med andre prosjekt - ta ned grusvegandelen
Skredsikring Vallabøen	0	2 600	-2 600 Redusert tilskot frå NVE grunna manglande lokal eigendel.
Skår ferjekai - opprusting	353	56	297 Sjømåling gjennomført i 2023. Står att å montere stor navigeringsfender etter krav frå fylkeskommunen.
Strandgata - opprusting etter reguleringsplan trinn 1	0	-23	23 Anleggsbidrag kabeletatar.
Sunnmøre Sjøbad Vekslet	0	183	-183 Det må førast over etter vedtak
Tettstadsutvikling - Havtor Hovden-plassen	1 125	0	1 125 Venter på utbyggingsavtale med ALTI
Tettstadsutvikling - Klokkarmarka parkering (tidl Bedehusmarka)	3 750	3 460	290 Nesten ferdigstilt, men gjenstår montering av gatelys og tilstelling.
Tettstadsutvikling - oppfølging av reguleringsplan Ørsta sentrum	690	77	613 Informasjonsskilt om kulturminne.
Tettstadsutvikling - sjøpromenaden	225	0	225 Utbyggingsavtale med ALTI snart klar. Mykje av utgiftene til Sjøpromenaden kjem på ALTI iføljte utkast til avtale. Det kjem eiga sak om kommunen sine utbyggingsutgifter i området.
Tettstadsutvikling - uteområdet mellom fleirbrukshallen og ungdomsskulen	0	125	-125 Sluttoppgjer, nedtrapping av garantium. Ferdigstilt.
Tettstadsutvikling - veg E39 - Vikeøyane	1 250	0	1 250 Venter på utbyggingsavtale ALTI. Prioritert prosjekt ift ALTI utbygging.
Tettstadsutvikling Sæbø - Sæbø fjordtorg oppgradering	3 168	148	3 020 Ikkje kapasitet til gjennomføring i 2023.
Toalett friområde	2 276	938	1 339 Toalett Bondalseidet ferdigstilt.
Torvmyrane	250	0	250 Prosjekt ligger på reguleringsplannivå. Nedprioritert grunna kapasitet på plan, andre politiske prioriteringar.
Trafikktryggingstiltak	1 000	354	646 Trafikktryggingstiltak Øvre Mo og Håkonsgata.
Turvegar - utviklingsplan og opparbeiding	500	0	500 Fast post til aktuelle turvegar. Ikkje utgifter i 2023.
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	0	607	-607 Budsjett til andre prosjekt: 11 389 000. Hengar, rør Brian James 2023 : Meir effektiv driftOvervassleidning

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
				Holmegata: Sanering av leidning ved bygging av ny tilkomst Velle skuleSanering VA Bakkevegen: Første strekning utført. Meir i 2024Vasskiosk Ripateigane: Utgift flytta til drift. Sanering VA diverse: Første strekning utført. Meir i 2024Anleggstraktor vatn/avløp vert levert i februar 2024
Varebilar til seksjon Eigedom	1 080	984	96	To varebilar er innkjøpt og i drift.
Vegar, opprusting/asfaltering	2 500	2 017	483	Kulvert Vollagjølet var nær ved å kollapse, bygt ny kulvert ferdigstilt i 2023.
Velle skule - klasserom og brannsikring	2 223	0	2 223	Skal prioriterast i 2024.
Ørsta opplæringscenter - brann og rømningstiltak	1 200	520	680	Skal prioriterast i 2024.
Ørstahallen - ny skillevegg mellom bane 2 og 3	313	0	313	Utførast i 2024
Ørstahallen - utandørs lager	225	0	225	Prosjekt utgår.
Ørstaheimen - adgangskontroll	1 700	0	1 700	Utsett grunna kapasitet.
Ørstaheimen -	8 098	8	8 090	Planlegging pågår.
brannokumentasjon og lukking av branntekniske avvik				
Ørstaheimen - solskjerming	1 220	1 099	122	Ferdigstilt i 2023.
Øyragata 22 og 24 nytt tak (skifte frå torv til takpapp)	438	0	438	Samlast i eitt prosjekt, investeringar Hjørundfjordheimen.
Sum - Teknisk, eigedom og landbruk	140 410	-24 292	164 702	
Sum	300 429	118 118	182 311	


Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Teknisk, eigedom og landbruk				
Digitalisering av byggesaksprosess	400	0	400	Ikkje utført i 2023 grunna kapasitetsmangel.
Geodataplan - vidareføring	1 099	210	889	Reknskap viser kostnadar med nykartlegging. Marine grunnkartlegging kom ikkje i gang i 2023 på grunn av at kartverket og statsforvaltaren har flytta det til 2024/2025. Restbeløp er for kostnadar for prosjekt som ikkje er ferdig.
Pickup anlegg avløp	590	590	0	Bil bestilt i 2021, motteken i 2023.
Sæbø vassverk - oppgradering	10 000	0	10 000	Prøvedrift brønn blir ferdig i 2024. Bygging må utsettast til 2025.
VA - oppgradering Sæbø, Vartdal og Barstadvik	1 000	123	877	
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	26 390	10 967	15 423	Budsjett til andre prosjekt: 11 389 000. Hengar, rør Brian James 2023 : Meir effektiv drift
				Overvassleidning Holmegata: Sanering av leidning ved bygging av ny tilkomst Velle skuleSanering VA Bakkevegen: Første strekning utført. Meir i 2024Vasskiosk Ripateigane: Utgift flytta til drift. Sanering VA diverse: Første strekning utført. Meir i 2024Anleggstraktor vatn/avløp vert levert i februar 2024
Vikegeila vassverk m/ basseng	6 000	0	6 000	Forprosjekt pågår. Bygging må utsettast til 2026.
Sum - Teknisk, eigedom og landbruk	45 479	11 891	33 588	
Sum	45 479	11 891	33 588	


Klimarekneskap

Tal henta frå Miljødirektoratet syner tilnærma uendra utslepp av klimagassar i Ørsta kommune frå 2021 til 2022. Sidan 2009 har utsleppa gått ned ca 1500 tonn CO₂, noko som svarar til 3,5 %. Målet er 60 % kutt innan 2030.



Utvikling i samla utslepp av klimagassar

Det er særleg utslepp frå personbilar som går ned, sjølv om køyrt distanse aukar. Sidan 2009 har nedgangen vore på 2700 tonn, og frå 2021 til 2022 på 340 tonn CO₂-ekv. El-bil andelen var i 2022 på 13 %, i tillegg til 10 % hybridbilar.



Utvikling i utslepp frå vegtrafikk

Utsleppa frå jordbruk, bygg og anlegg og fiskefartøy og passasjerbåtar (inkl. ferjer) gjekk også noko ned frå 2021 til 2022.

Lenke til meir detaljert informasjon: [Utslepp av klimagassar i Norges kommuner og fylker - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no).

Kommunen sine tenesteområde

Politikk

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 794	3 495	3 041	-454	-14,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 048	1 445	1 747	302	17,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	889	766	737	-29	-3,9 %
Overføringsutgifter	309	386	1 382	996	72,1 %
Sum Driftsutgifter	5 040	6 092	6 907	815	11,8 %
Salgsinntekter	-8	-7	-7	0	2,9 %
Refusjoner	-186	-228	-263	-35	13,2 %
Overføringsinntekter	-4	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-145	-35	0	35	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-344	-270	-270	0	-0,1 %
Netto resultat	4 696	5 821	6 637	816	12,3 %


Status økonomi

Beløp i 1000


Kommunalområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 696	5 821	6 637	816	12,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Kommunedirektør og stab

Beskriving av tenestoområde

Stab assisterande kommunedirektør

Politisk sekretariat

Sekretariatet har hatt sekretærfunksjon for desse utval og råd i kommunen:

Kommunestyret, formannskapet, levekårsutvalet, samfunnsutvalet, eldrerådet, råd for likestilling av funksjonshemma, landbruksutvalet og vilt- og innlandsfiskeutvalet.

Utvikling, tal politiske saker til formannskapet og kommunestyret:

Utvikling, tal politiske saker	2019	2020	2021	2022	2023
Tal på saker til formannskapet	151	253	150	149	126
Tal saker til kommunestyret	127	146	172	109	124
Totalt	278	399	322	258	250

Tal politiske saker i perioden 2019-2023 viser variasjon, 2022 og 2023 viser ein nedgang i tal saker, samanlikna med åra før. Kommunestyret har hatt ein oppgang i tal saker, 23 fleire saker samanlikna med 2022, men lågare tal saker samanlikna perioden 2019-2021.

Formannskapet har hatt ei ein nedgang i tal saker på 15 saker samanlikna med 2022 og er det lågaste tal saker i perioden 2019-2023.

Formannskapet oppretta 16 politiske saker (nedgang på 10 saker i høve år 2022) og trekte ei sak i møte. Kommunestyret oppretta 14 saker i møte (oppgang med 6 saker i høve 2023).

Felles kommunestyremøte Ørsta/Volda - Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar 4. og siste samling: 23. august på Ørsta kulturhus, festsalen.

Næring, utvikling, fellesoppgåver

Tomtesal

Det har ikkje vore seld tomter i kommunale bustadfelt i 2023. To eigedomar er overført frå kommunen til huskjøparar i løpet av året. Desse vart kjøpt på slutten av 2022. Ved årsskiftet var talet på ledige bustadtomter i kommunale bustadfelt slik:

Barstadvik 3 (2006) , Nordre Vartdal 11 (1992) , Vartdal 6 (2019), Sætrebakkane vest for Ørsta sentrum 0 (2022), Mosbakkane 5 (2022), Osmarka II 6 (2022), Rystefeltet 2 (1989), Sæbø 1 (2021). Tala i parentes er siste året det vart selt bustadtomt i felta. Totalt er det 34 ledige kommunale bustadtomter ved årsskiftet.

Det er ikkje selt næringstomter i 2023, men det er arbeid med tilrettelegging for sal av næringstomt på Melsgjerdet. Sjølv overføringa av grunn til verksemd som skal etablere seg vil skje i 2024. Kommunestyret har fastsett tomtepris, og det vert arbeid aktivt for å få verksemdar til å etablere seg på næringsområdet.

Utbyggingsavtalar, grunnerverv med meir

Arbeidet med gjennomføring av sentrumsplanen er i gong. Det har vore arbeid ein del med utbyggingsavtale med ALTI.

Det har også vore arbeid med andre mindre utbyggingsavtalar som har sikra bygging av mindre vegprosjekt.

Saman med Møre og Romsdal fylkeskommune har det vore arbeid med grunnspørsmål for ny gang- og sykkelveg langs Dalevegen frå Mosflatevegen og fram til brua over Ørstaelva. Dette vil mellom anna gje betre trafikktryggleik for skuleelevar/bebuarar i området. Arbeidet med grunnavtaler vart ferdig våren/tidleg sommaren 2023, og arbeidet er i gong. På grunn av tele vert byggjearbeidet først fullført i 2024.

Overskjøn i sak om økonomisk oppgjær for midlar knytt til kraftkonsesjon vart avklart i januar 2023. Dette medførte mykje arbeid i starten på året.

Ut over dette har ein god del mindre saker som gjeld fast eigedom blitt løyst i løpet av året.

Stab økonomi og rekneskap

Økonomistaben har funksjon som stab for kommunedirektøren og støtte for leiarane på dei ulike kommunalområda. Vi arbeider innanfor fagområda kommuneøkonomi, budsjett, rekneskap, rapportering, innkrevjing, behandling av startlån og tilskot til etablering eller tilpassing av bustad. Verksemda til kommunen femner om eit vidt spenn av tenester og det er eit omfattande tal av oppgåver og kompleksitet innan desse fagområda.

Rekneskapen vert ført i Visma Enterprise Plus. Dette er eit relativt nytt, moderne skybasert system som vi på sikt håper skal frigjere ressursar til å arbeide meir med kontroll og analyse av rekneskapstal. Dette skal kunne betre kvaliteten på rekneskapen og gi ein høgare informasjonsverdi som grunnlag for nye tiltak og avgjersler.

Til utarbeiding av budsjett og rapportering nyttar vi Framsikt. Tidlegare vart mykje av budsjettarbeidet gjort manuelt i Excel og Word, men no vert dette knytt opp mot Visma slik at det på sikt vert ein meir automatisert prosess. Når dette i neste omgang vert nytta til rapportering, er målet at dette skal gi ein betre og meir effektiv prosess utan at det skal gå ut over kvaliteten. Skifte av system er omfattande og tidkrevjande og vi må nok gjennom nokre rundar med budsjettering og rapportering før vi ser dei store gevinstane av dei nye systema.

Som omtala i dei siste årsmeldingane ser vi at store omleggingar av system har kostnadar i form av høgt sjukefråvær. Det vart ein stor auke i 2022 som diverre har halde fram i 2023. Krava til effektivitet og kvalitet vert stadig større og vi håpar difor at sjukefråværet vil verte redusert etter kvart som vi får effekt av dei ulike omleggingane.

Startlån og tilskot til etablering eller tilpassing av bustad

Ordninga med startlån har siste åra hatt ei tydeleg satsing på å hjelpe familiar med barn som er økonomisk vanskelegstilte på bustadmarknaden, eller som treng hjelp til å behalde bustaden. Kravet til butid har vorte redusert frå 2 år til 1 år, noko som gjer at fleire kan søkje om startlån. I tillegg har storleiken på startlåna vorte større og fullfinansiering har vorte mykje nytta. Unge i etableringsfasen er etter retningslinene frå Husbanken ikkje lenger i målgruppa.

Det har vorte mottatt ein klage i 2023. Tildelte startlån:

År	Tal søknadar	Tal avslag, ikkje innvilga	Tal innvilga, ikkje utbetalt	Tal utbetalt	Utbetalt i mill. kr	Tal kjøp totalt	Tal nye	Tal refinansiering	Tal barne-familiar	Tal anna
2015				4	1,540					
2016				3	1,350			2	1	
2017				5	4,550	3		2		1
2018				6	6,080	2	1	3	3	1
2019	28	22		6	5,299	3		2	3	
2020	24	18		6	7,380	5	2	1	4	
2021	41	33	5	3	4,940	3	2		3	1
2022	37	25	5	7	9,337	4			4	3
2023	29	18	2	9	20,579	8	1		8	1

Tabellen viser : Utbetalte startlån i kroner og tal søkjarar som har fått/ikkje fått lån. To av dei innvilga søknadane er gitt som finansieringsbevis (kr 4,7 mill.) og overført til 2024. På fleire av søknadane har vedtaksdato gått ut og ein del søknadar er trekte fordi dei ikkje er innanfor kriteria for å få startlån. Kolonnane til høgre viser formål med tildelinga. Nokre tildelingar dekkjer fleire formål.

Krav til egenkapital og/eller manglande sikker inntekt, er hovudårsak til avslag på søknader. Det er også store forventningar hos nokre søkjarar om at kommunen «pliktar» å gje lån når andre låneinstitusjonar/bankar gir avslag. Det er og ein trend at fleire søker startlån til å refinansiere anna gjeld fordi gjeldsbyrda trugar søkjar si evne til å behalde hus/leilegheit.

Tildelte tilskot til etablering eller utbetring som er utbetalt:

År	Tal etablering	Beløp etablering	Tal utbetring	Beløp utbetring
2014	1	400 000		
2015			2	47 000
2016	2	256 000	2	53 175
2017	4	1 100 000		
2018	1	220 000	4	365 000
2019	2	500 000	3	230 000
2020	4	680 000	3	52 450
2021			1	40 000
2022	3	800 000	2	35 000
2023	2	300 000	7	207 552

Tabellen viser : Tildelte midlar i kroner og tal søkjarar som har fått tilskot.

2019 var siste året kommunane fekk midlar frå Husbanken til etablerings- eller utbetringstilskot. Frå 2020 vart desse tilskota ein del av rammeoverføringane til kommunane.

Tilskot vert i utgangspunktet gitt som rente- og avdragsfrie lån i 10 eller 20 år og vert ofte kombinert med ordinære lån.

Stab personal og organisasjon

Arbeidet i personal og organisasjonsstaben

Personal og organisasjonsstaben har både stabs- og støttefunksjon. Vi har ansvaret for å initiere og drifte prosessar knytt til organisasjons-/utviklingsarbeid, i tillegg til sakshandsaming og handsaming/utarbeiding av retningslinjer og rutinar for heile kommunen. Vi er også ansvarlege for all sakshandsaminga knytt til tilsettingsprosessane og ved permisjonar.

Arbeidet i staben vart i starten av året prega av etterarbeid etter OU- prosessen og vi fekk diverre i tillegg stor vakanse i periodar. Dette påverka arbeidsprosessane våre slik at vi måtte prioritere reine «her og no» driftsoppgåver. Konsekvensen vart meirbelastning på andre tilsette og etterslep av andre oppgåve, noko vi ved årsskifte framleis har utfordringar med.

Staben fekk også eit skifte i medarbeidarar både på løn og i personaldelen. Slike skifte er ei investering som er ressurskrevjande, spesielt i overgang og oppstart.

Heiltidskultur har sidan 2016 vore prosessdrive frå personal og organisasjonsstaben. I starten av 2023 vart det gjennomført samlingar med leiarane i Helse, omsorg og velferd i samarbeid med Framlent, der det m.a. vart sett fokus på bemanningskartlegging. Denne kartlegginga syner at sjølv om kommunen har auka storleiken på gjennomsnittleg stilling, driv vi framleis med bekymringsfullt mykje innleige på helgane. Denne innleiga vert ikkje registret inn i statistikkane våre, men påfører kommunen store utgifter. På grunn av utskiftingar av medarbeidar, vart prosessansvaret for å drive heiltidskulturprosessen vidare overført til rådgjevar i kommunalområdet Helse, omsorg og velferd (HOV). Dette vart gjort for å ivareta behovet for kontinuitet best mogleg og vedkomande har vore sentral i arbeidet som har vore gjort knytt til kartlegging og tenesteretta bemanningsplanar innan området. Ny prosessrettleiar vidarefører arbeidet og det vart hausten 23 lagt størst vekt på forankring og arbeid med å innføre årsturnus for Helse, omsorg og velferd. Heiltidskultur skal også i framtida omfatte heile kommunen og det vert arbeidd med ein overordna strategi som skal gjelde alle, men vert prosessmessig drifta og rapportert frå kommunalområdet HOV frå august 2023.

I 2023 har vi hatt stort fokus på kommunen sitt kvalitets-system, Compilo. Dette systemet skal bidra til å sikre kvalitetsarbeidet vårt ved at det i dokumentbiblioteket er rutinar, reglement og retningslinjer som vi skal fylgje. I tillegg har systemet ein eigen modul for avvik og varsling, og for ROS analyser. I siste halvdel av året har det blitt oppretta superbrukargruppe med medlemmar frå alle kommunalområda og stabane, som har eit medansvar saman med administrator for å oppdatere og vedlikehalde dokumenta som er publiserte der.

Sjukefråvær og nærværarbeid

Ørsta kommune har gjennom oppretting av Kvalitetsråd og arbeidet med Compilo sett eit sterkare fokus på sjukefråvær og nærværarbeid igjen. Det vil frå årsskiftet 2024 verte oppretta eit overordna IA-utval og eit individuelt IA-utval som skal handsame einskildsaker.

Samarbeidet med NAV arbeidslivssenter er styrka og det vert gjennomført digitale kurs med GNEIST-gruppene i alle kommunalområda. Kursa er delt i to modular.

Modul 1 Førebygge sjukefråvær – Noko av innhaldet: Partssamarbeid, HMS i offentleg sektor, risikofaktorar, refleksjonsoppgåver.

Modul 2 Følge opp sjukefråvær – Noko av innhaldet: Oppfølging og dialog, tilrettelegging og medverknad, refleksjonsoppgåver.

NAV har tidlegare vist til at det er muskel- og skjelettplager og/eller psykiske lidningar som utløyser flest sjukmeldingar. Arbeidstilsynet legg vekt på at det er samansette årsaker til muskel- og skjelettplager, der psykososiale og organisatoriske forhold har stor betydning. Forskinga viser at emosjonell belastning fører til 30-40% av sjukefråværet i omsorgsyрке og andre yrke der ein jobbar med folk. Dette er forhold som vi ikkje har vore gode på å førebyggje eller handtere, i motsetning til all den tilrettelegginga vi har hatt i høve til det fysiske arbeidsmiljøet (t.d. hev/senk-bord...) Vi nyttar framleis verkemidla i gjeldande IA-plan (ekspertbistand) og samarbeider med bedriftshelsetenesta. Det er også gjennomført eit møte med KLP med vekt på analyse av sjukefråvær og ein vil arbeide vidare neste år med eit samarbeid der fokuset vil vere på emosjonell belastning.

I tertialrapporten frå 2. tertial viste tala at fråværsprosenten for kommunen samla gjekk ned frå 10,5 % i 1.tertial til 9,16%.


Statistikken under syner at det er langtidsfråværet på over 60 dagar som er mest urovekkjande. Det eigenmelde korttidsfråværet ligg innfor det påreknlege. Men det er gledeleg å sjå at det ser ut til at det legemeldte fråværet har gått litt ned, samanlikna med tala frå 2022.

Statistikk 2023


Fordelt på egen- og legemeldt siste 12 mnd



Fordelt på varighet siste 12 mnd (egen og legemeldt)



I og utenfor arbeidsgiverperioden siste 12 mnd



Lærlingar

Ørsta kommune slutta seg til Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre med verknad frå 1. juli 2021. Staben har organisatorisk og budsjettansvar for lærlingane. Det vart frå august 2023 nytta 40 % stilling til administrasjon av ordninga. 20 % av dette er lagt til staben og 20 % til ein fagleg ansvarleg for helsefaglærlingane. Rasjonaliseringsgevinsten (10% stilling) har gått med til å styrke funksjon 2510 (løn)

Hausten 2023 har kommunen 16 ordinære lærlingar og 6 som tek fagbrev på jobb. Desse fordeler seg slik: 6 helsefaglærlingar (3 av desse tek fagbrev på jobb), 12 barne- og ungdomsfaglærlingar (3 av desse tek fagbrev på jobb) og 2 kokkelærling. Til saman er det registrert 20 instruktørar knytt til ulike tenestoområde, desse gir lærlingane oppfølging og rettleiing.

Internkontroll og kvalitetssystem

Kvalitetssystem i Ørsta kommune- del av internkontrollen.

Compilo er Ørsta kommune sitt kvalitetssystem. Det er eit elektronisk verktøy som har tre funksjonar

- Dokumentbibliotek
- Avvikssystem
- ROS (risiko og sårbarheitsanalyse)

Dokumentmodulen samlar all kvalitetsdokumentasjon og sikrar at organisasjonen har lovpålagde prosedyrar og dokumentasjon tilgjengeleg. Fordelen med dette er at all dokumentasjon på ei plattform gir leiarar fullstendig oversikt, kontroll og myndigheit over kva dokument, endringar og revisjonar som blir lagt inn i kvalitetssystemet. Systemet gir automatisk revisjonskontroll og full historikk på alle dokument. Alle dokument som blir registrert i systemet blir tildelt ein eigen sporbar ID, samt metadata i tråd med krava frå ISO 9001:2008

I dokumentbiblioteket finn vi:

- Oppdaterte lover og forskrifter
- Planar
- Retningslinjer
- Prosedyre og rutinar for utføring av arbeidsoppgåver
- Andre hjelpemiddel du treng for å utføre tenester og forvaltningsoppgåver i organisasjonen

Kvalitetssystemet dokumenterer korleis faste rutine/prosedyre er nytta i prosessen for å framstille produktet eller tenesta, og set standarden for å oppdage og rapportere avvik.

Hovudprinsipp i eit kvalitetssystem er at produktet eller tenesta skal ha lik prosesskvalitet, altså følgje like standardar og prosedyre kvar gong.

Kvalitetssystemet innfører blant anna krav om:

- opplæring og planlegging av tilsette sine ansvarsområde
- dokumentstyring
- avvikshandtering: feil skal oppdagast, rettast, dokumenterast og systematiserast

- førebyggjande tiltak
- evaluering
- korrigjerande tiltak
- interne og eksterne revisjonar: "gjer vi det vi har sagt vi skal gjere?"
- leiinga sin gjennomgang: strategi og mål for verksemda
- kontinuerleg forbetring av prosessar
- effektiv ressursstyring av menneske, utstyr og infrastruktur

Andre viktige prinsipp er:

- engasjement frå leiinga etter eit felles målbilete for organisasjonen.
- aktiv deltaking og forplikting hjå tilsette


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	28 034	28 134	30 296	2 162	7,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 258	3 442	3 108	-334	-10,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	383	140	26	-114	-439,0 %
Overføringsutgifter	1 758	1 292	1 623	331	20,4 %
Finansutgifter	302	177	0	-177	0,0 %
Sum Driftsutgifter	34 735	33 185	35 053	1 868	5,3 %
Salgsinntekter	-845	-883	-790	93	-11,7 %
Refusjoner	-3 003	-3 138	-1 989	1 149	-57,8 %
Overføringsinntekter	-5	-7	0	7	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-813	-300	0	300	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 666	-4 327	-2 779	1 548	-55,7 %
Netto resultat	30 069	28 858	32 274	3 416	10,6 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Oppvekst, kultur og inkludering

Beskriving av tenesteområde

Kommunalområde Oppvekst, kultur og inkludering dekkjer tenesteområda barnehage, skule, flyktingteneste, kulturhus, kino, bibliotek, kulturskulen, Kaihuset, frivilligsentral, kulturkonsulent og folkehelsekoordinator. I tillegg ligg samordning med interkommunal PPT til dette kommunalområdet.

På kulturområdet har vi kulturskule og ungdomstiltak som eitt tenesteområde og Kulturhus, kino og bibliotek som eitt tenesteområde. I tillegg har vi kulturkonsulent i 50 % stilling kombinert med 50 % stilling som folkehelsekoordinator. Frivilligsentralen er også organisert her med 100 % stilling.

Ørsta kommune har sju kommunale og tre private barnehagar. Vi har felles styrmøte for alle barnehagane, og barnehagemynde har tilsyns- og rettleiingsansvar for både kommunale og private barnehagar. Spesialpedagogisk koordinator har tilsetjing i oppvekststaben og koordinerer det spesialpedagogiske tilbodet for alle barnehagane i kommunen.

I kommunen er det sju grunnskular. Av desse er fire reine barneskular, to er 1-10 skular, og vi har ein ungdomsskule. Vaksenopplæringa har grunnskule og spesialundervisning for vaksne. Desse tenestene forvaltar oppgåver styrt av opplæringslova og Kunnskapsløftet - læreplanverket for grunnskulen. Ørsta opplæringscenter har i tillegg ansvar for undervisning etter integreringslova. Eit tilbod som er blitt betydeleg utvida to siste åra.

Flyktingtenesta har ansvar for mottak og busetting av flyktingar. Tenesta vart i løpet av 2023 slått saman med Ørsta opplæringscenter til tenesteområde Vaksenopplæring og integrering.

I oppvekststaben er også logoped og LOS-teneste organisert.

Tilsette:

I kommunalområdet er det omlag 426 tilsette, og 89 av desse er menn. Det betyr at omlag 20 % av dei tilsette er menn.

Teneste	Tal tilsette
Kultur	24
Skule	243
Barnehage	141
Flyktingteneste	10
Andre funksjonar	10

Dette er tal tilsette, ikkje årsverk.

Overordna mål

Vi nyttar måla i kommuneplanen sin samfunnsdel, og mål og strategiar frå levekårsplanen.

Frå kommuneplanen sin samfunnsdel:

I 2025 er Ørsta ein inkluderande kommune med eit mangfald av opplevingar og gode oppvekstmiljø

- Ørsta er ein attraktiv kommune å bu i og med gode oppvekstmiljø
- Ørsta er ein attraktiv kulturkommune
- Ørsta har gode og samordna kommunale tenester
- Ørsta har attraktive skular, arenaer for utdanning og kompetanseutvikling

Frå levekårsplanen:

Overordna mål for innbyggjarne sine levekår og folkehelsa er:

Gode levekår i alle livsfasar

Tre strategiar:

- Helsefremjing og førebygging
- Tidleg innsats
- Universell utforming som strategi

Utvalde resultat

Klima og miljøtiltak

Klima og miljøtiltak er tema i opplæringa i barnehage og skule.

Fleire skular kjeldesorterer avfall knytt til undervisning i mat og helse. Sortering av papir/papp og restavfall i alle klasserom. Elevane bidreg i den årlege ryddeaksjonen kvar vår før 17. mai.

Ørsta ungdomsskule har stor ryddeaksjon kvar vår i samband med prosjekt Raudøya.

Det er fokus på sløkkje lys på rom ein ikkje nyttar, også på toalett, men her er det meir å hente. Mange har no automatisk styring av lyset. Samhandlar med eigedom for å halde nede energiforbruk til oppvarming.

Fleire skular og barnehagar deltek på strandryddeveka.

Fokus på matsvinn med tenke på både økonomi og miljø.

Barnehagane har fokus på sporlaus ferdsel når dei er på tur.

Fleire barnehagar og skular sår og dyrkar grønsaker.

Rystene barnhage har tidlegare sett fokus på mikroplast, og bruk av glitter i barnehagen. Etter endt prosjekt var barna heilt sikre på at dei ikkje vil ha glitter i barnehagen på grunn av faren for at glitter endar som plastpartiklar i havet. Rystene er no ein glitterfri barnhage.

<https://www.orsta.kommune.no/nyhendekategori/barn-og-familie/barnehagedagen-sma-steg-for-kloden.104383.aspx>

Internkontroll

I Oppvekst, kultur og inkludering har vi fylgjande internkontroll:

Alle tilsette er kjende med Compilo og korleis dei kan melde avvik. Kommunalsjef går gjennom avvik som er vidaresendt tek det opp med tenesteleiar ved behov. Statistikk for avvik er fast tema i kvalitetsrådet til kommunedirektør.

Oppdaterte rutinar og vedtekter skal vere tilgjengeleg i Compilo.

Vi har ei oversikt over saker knytt til skulemiljø (oppl.lov kap. 9 A), spesialundervisning og særskilt norskopplæring. Rektor skal jamnleg oppdatere oversikta slik at kommunalsjef kan sjå om skulen fylgjer lova i desse sakene. Blir etterspurt i tett-på-samtalar mellom kommunalsjef og rektorane. Systemet er utvikla i samråd med rektorane.

Plan for trygt og godt skulemiljø gir retningslinjer for korleis vi konkret skal opptre i skulemiljøsaker. Blir no oppdatert etter ny opplæringslov som trer i kraft 1.8.24. Vi har også retningslinjer for å førebygge, handtere og følgje opp mobbing i Ørstabarnhagen. Desse inneheld konkrete tiltak for kva barnehagen skal gjere.

Alle skular har fått opplæring av risikovurdering i forhold til vald og trugslar. Dette må følgast opp vidare.

Økonomi - Barnehagar og skular får tildelingsbrev for ressursbruk i februar/mars kvart år. Vi har tett oppfølging i forhold til tilsettingar til nytt barnehage- og skuleår.

HMT-årshjul som vi fylgjer og etterspør med leiarane.

Resultat og samanlikning KOSTRA-tal

Barnehage (KOSTRA)

	Ørsta	Ørsta	Ørsta	Ørsta	Volda	Kostragr. 7	M & R
	2020	2021	2022	2023	2023	2023	2023
<u>Prioritering</u>							
Netto driftsutg. barnehage i prosent av totale netto driftsutgifter i kommunen	15,5%	15 %	15,5 %	15,9 %	15,9 %	14,7 %	14,0 %
Barn i alle barnehagar	595	596	614	621	582	-	-
Kommunale barnehagar	374	375	387	398	363		
Private barnehagar	221	221	227	223	219		

Vi ser at 2023 er eit toppår for tal barn i Ørstabarnehagen (nedgang i 2024). Fleire barn har ført til auka utgifter, fulle barnehagar og at vi har hatt barn på venteliste delar av året.

Økonomi (kostra-tal)

	Ørsta 2020	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda 2023	Kostragr. 7	M & R
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	5,5	5,3	5,5	5,8	5,8	5,5
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	149 311	184 583	203 359	195 758	198 069	208 957
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	69,1	85,5	95,5	92,6	92,4	97,2
Tal barn 0 år med barnehageplass ift. innbyggjarar *	5,1 %	12,1 %	7,4 %	1,0 %	4,6 %	7,9 %
Tal barn 1-5 år med barnehageplass	94,7 %	97,4 %	96,8 %	94,8 %	93,3 %	95,6 %

Tal barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage	62,9 %	63 %	64,1 %	62,4 %	56,4 %	47,8 %
Tal minoritetsspråklege barn i forhold til alle barn med barnehageplass	10,7 %	11,7 %	10,5 %	13,4 %	17 %	19,1 %

* Ørsta har gitt plass til relativt mange barn utan rett til plass (0 år) to siste åra. Dette er stramma inn frå 2024.

Grunnskule (Kostra-tal)

	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Volda	Kostra gr. 7	Møre og R.	Landet u. Oslo
<u>Prioritet</u>								
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samla netto driftsutgifter	22,5 %	22,6 %	23,1 %	24 %	23,5 %	25,1 %	23,5 %	23,2 %
<u>Produktivitet</u>								
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss (202, 222, 223), per elev	116 855	125 860	135 723	147 266	162 615	150 583	158 707	153 326
<u>Dekningsgrad</u>								
Elever alle trinn Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	4,8 %	5,2 %	6,2 %	7,1 %	6,3 %	8,1 %	9,3 %	8,1 %
Del timar til spesialundervisning av tal lærartimar totalt	11,6 %	14,8 %	17,9 %	18,9 %	15,5 %	17,1 %	19,1 %	18,6 %
Del elevar i grunnskulen som får særskilt norskopplæring	3,3 %	4,1 %	4,7 %	5,9 %	6,3 %	5,1 %	6,9 %	5,9 %

Tabellen viser at Ørsta brukar meir av sitt samla driftsbudsjett samanlikna med Volda og fleire. Dette kan forklarast med at Ørsta har 100 fleire elevar i grunnskulen og at vi har mindre samla driftsbudsjett. Ser vi på utgifter pr. elev, driv Ørsta framleis effektivt i forhold til samanlikningstala. Elles ser vi at del spesialundervisning er aukande og at den tek større del av det samla timetalet til undervisning. Desse tala kan tolkast som at spesialundervisninga “stel” ressursar frå den ordinære undervisninga. Det er uheldig.

Læringsresultat nasjonale prøver 5. trinn (henta frå udir)

Skalapoeng	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Kostragr. 7 -23	Nasjonalt -23
Rekning	50	53	49	50
Lesing	49	50	49	50
Engelsk	50	51	50	50

Læringsresultat nasjonale prøver 8. trinn (henta frå udir)

Skalapoeng	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Kostragr. 7 -23	Nasjonalt -23
Rekning	50	49	48	49
Lesing	49	47	48	49
Engelsk	50	49	49	50

Kommentar til tabellar med resultat frå nasjonale prøver. Det er gledelege resultat på 5. trinn. Vi hevar resultatet for andre år på rad. Det er skulane sjølve som må analysere sine resultat for her er stor variasjon. Resultata på 8. trinn har gått litt ned. Det kan tyde på at vi må jobbe betre med elevane på mellomtrinnet. Om vi ser på læringsmiljø og trivsel i tabellen under, viser det at vi har høge mobbetal på 7. trinn og at denne aldersgruppa også i år har nedgang i opplevd meistring.

Læringsmiljø/ trivsel/mobbing 7. trinn 2023/24 (henta frå Udir)

Indikator	Ørsta kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Støtte frå lærar	4,3	4,2	4,2
Vurdering for læring	3,6	3,6	3,6
Læringskultur	3,8	3,7	3,7
Meistring	3,6	3,8	3,9
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,5	3,6
Mobbing på skulen	10,7 %	11,9 %	12,8 %

Læringsmiljø/ trivsel/mobbing 10. trinn 2023/24 (henta frå Udir)

indikator	Ørsta kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Støtte frå lærar	4,1	3,9	3,9
Vurdering for læring	3,2	3,2	3,2
Læringskultur	3,7	3,7	3,7
Meistring	3,7	3,8	3,8
Elevdemokrati og medverknad	3,3	3,2	3,2
Mobbing på skulen	5,1 %	11,4 %	11,0 %

Kommentar til tabellen over. Sjølv om 5,1 % av elevane på 10. trinn rapporterer om mobbing, er det betydeleg færre enn på fylkes- og nasjonalt nivå. Også 10. trinn har resultat som viser nedgang i opplevd meistring.

SFO (henta frå SSB)

	Kommunens egenfinansiering av SFO (1000 kr)
	2023
1515 Herøy (Møre og Romsdal)	4 008
1516 Ulstein	4 917
1520 Ørsta	7 655
1577 Volda	5 995

Ørsta kommune brukar forholdsvis mykje meir på SFO enn andre kommunar. I 2023 var det 279 barn som starta i SFO, ein auke på 27 frå året før.

Ørsta kulturhus, kino og bibliotek

Tabellen under syner aktiviteten på Ørsta kulturhus i 2023. Dette er utdrag av aktivitetar og framsyningar som har gått igjennom vårt billettsystem.

Norske kulturhus. Arrangementer med billettsalg

Navn	Antall forestillinger
Kino	627
Musikk	23
Dans	12
Show	9
Teater	6
Litteratur	2
Sum	679

2023 var første «normalår» etter pandemien, og sjølv om publikum tydeleg er på veg tilbake til kulturhuset så er ikkje besøket heilt som før endå.

Totalt har vi i 2023 hatt 217 aktivitetar/arrangement (+ kino). Ein stor del av drifta er utleigebasert, der vi er tilretteleggarar for andre sine møte og arrangement.

Ei framtid ilag med Ørsta vidaregåande skule

Ørsta kommune vedtok i desember 2020 at Ørsta kulturhus og kino skal rivast, og nytt kulturhus med kino og bibliotek skal byggast i sambygg med ny vidaregåande skule. I 2023 har dette arbeidet halde fram, og det er forseinking i prosjektet. Informasjonen vi har ved årsskifte er at kulturhuset skal ha normal drift i heile 2024 og det meste av 2025.

Ørsta kino

År	Besøk	Billettinntekt	Antal titlar	Antal frams.
2019	19539	1.621.781	184	691
2020	7467	628.655	119	432
2021	8790	721.380	145	545
2022	12395	1.044.966	143	545
2023	17384	1.543.559	148	627

2023 har dagkinokonseptet vårt verkeleg gjort stor suksess med eit besøk på 1558 gjestar. Med eit snittbesøk på rundt 77,9 gjestar er det med på å gi oss gode besøkstal. Dette er eit publikum som stort sett ikkje hadde kome på ordinære visningar på kveldstid. Vi har eit godt samarbeid med Ørsta vidaregåande skule, mat- og restaurantfag. Dei leverer maten vi serverer, og vi betalar berre for råvarene. Kaker og kaffi/te er inkludert i billetten, og det blir finansiert av ein liten auke i billett kategorien honnør på kino.

Biblioteket

Biblioteket har hatt ein betydeleg auke i besøkstal i 2023. Det er gledeleg å sjå at det er fleire som låner bøker. Biblioteket jobbar for å redusere omfanget av fysiske medium (bøker, lydbøker, cd-ar, dvd/blu-ray), og har redert boksamlinga med 5000 bøker sidan 2020.

Besøk/lån	2020	2021	2022	2023
Besøkstal	18 410	19 144	19 694	25 796
Aktive personlege lånarar (barn 0-18 år)	409	443	341	487
Aktive personlege lånarar (vaksne 19-99 år)	837	800	763	855
Samla utlån av fysiske medium	22 982	22 542	23 767	28 388
Bøker sendt til andre bibliotek	1 179	1 239	1 372	1 838
Bøker fjernlånt frå andre bibliotek	1 329	1 530	1 697	2 750

Kulturskulen

	2022	2023
Elevplassar	212	219
Venteliste til elevplass	31	47

Som følgje av vedtak i kommunestyret desember 2022, fekk kulturskulen løyvd ekstra midlar med mål om å redusere elevkontingenten. Frå haustsemesteret i 2023 vart difor kontingenten redusert med om lag 40%, og lærarressurs ved kulturskulen vart i tillegg styrka med 20%.

Som det går fram i tabellen har tal elevplassar i kulturskulen igjen auka frå 2022 til 2023, og dette er gledeleg. Samstundes har tal elevar på venteliste auka med ein heil del. Kapasiteten i kulturskulen er nærast fullt utnytta, der er berre nokre ytterst få ledige plassar på nokre tilbod. For å evt få ned tal elevar på venteliste er det naudsynt å auke kapasiteten på dei mest populære tilboda.

Elles jobbar kulturskulen framleis ut i frå visjonen «Kulturskule for alle», og tilbod for babysong, Kulturkarusell (barnehagealder), barnehagebesøk og tilbod til personar med demens både i og utanfor institusjon er ledd i strategien for å oppå dette. Hovudtyngda av elevar finn ein framleis i kjernetilbodet der dei får opplæring på sitt valde fag/instrument.

I tillegg er vi inne i ei satsing på fordjuping gjennom prosjektet «Kulturmosaikk», som inneber samarbeid mellom alle dei 13 kulturskulane på Sunnmøre, MDD- og KDA-linjene ved Volda og Ålesund vidaregåande skular og Høgskulen i Volda.

Kaihuset og Open møteplass i Ørstahallen

Gjennom løyvde midlar frå Bufdir til prosjektet «Alle med», har Kaihuset og ungdomstiltak fått etablert tilbodet Open møteplass i Ørstahallen etter skuletid. Tilbodet er ope kvar dag, og har også noko opningstid i skuleferiar.

Der er også framleis ordinært tilbod på Kaihuset, og gjennom «Alle med»-prosjektet har Ørsta fått til ein dramatisk auke i omfang av tilbodet til ungdom, frå om lag 8t opningstid/veke på Kaihuset til over 20t/veke for Kaihuset og Open møteplass kombinert.

For begge tilboda er målsettinga å vere lågterskeltilbod, opne møteplassar der born og unge får positive opplevingar i møte med trygge vaksne. Innholdsmessig har ein alt i frå fysisk aktivitet på speleflate i hallen, via sjakk og leksehjelp, til biljard, playstation og aktivitet på musikkromet på Kaihuset.

Ørstahallen og frivilligsentralen

Ørstahallen har aktivitetar frå 08:15 – 22:00 kvar dag. Skulane Velle, Vikemarka, Ørsta ungdomsskule og Ørsta vidaregåande har kroppsøving her.

Sesong 23/24

Bane

Tildelte timar	Lag	Idrettar
87,5	Ørsta idrettlag	Handball
	Hovdebyda IL	Futsal
	Sæbø IL	Friidrett
	Åmdal IL	Innebandy
	Kaihuset	Turn
	Uavhengige(ukrainske flyktningar)	Barneidrett
		Fotball
		Volleyball

Bordtennisrom/treningsrom

Tildelte timar	Lag	Idrettar
17	Ørsta idrettslag	Bordtennis
	Ørsta og Volda Linedance	Turn
		Linedance

Nytt for året 2023 er Open møteplass i regi av Kaihuset. I tillegg til gratis mat og leksehjelp i lag med vaksne i vestibylen, disponerer dei også bane 1 til fri aktivitet,

Store arrangement:

09. mars- Grand Prix

30. mars – Næringskonferansen

6. april – Landskamp handball

11. mai – Vassendgutane

17. mai- Nasjonaldagsfeiring

21. jun - Avslutningsfest for ungdomsskulen

26. og 27. sept – Karrieredagar

18. november – Ørsta kommune 140 år

Møteromma vert nytta til både små og store møter, av både kommunale og ikkje kommunale instansar.

Frivilligsentralen

Statstilskot: Kr 471 218

I tillegg til dagleg drift og eigne prosjekt har frivilligsentralen ansvar for

Den kulturelle spaserstokken, 17.mai, UKM og TV-aksjonen

Prosjekt:

«Alle med - Ørsta» i samarbeid med flyktningkontoret, Kaihuset og Småjobbesentralen. Ørsta kommune fekk kr 1,793 mill over 3 år til å drifte ferieaktivitetar, utlånssentral, open møteplass og lokal fritidskasse. Frivilligsentralen koordinerer og har hovudansvar for delprosjektet Feriemoro og fritidskassa.

Arrangement:

24. februar -Eitt-års markering for krigen i Ukraina

21. juni – Generasjonsleikar

23. juni- Kulturkafe

13. oktober-Kultukafe

22. desember- Førjulsfest

Julefeiring for alle

Tilskot frå Sparebank1 stiftinga på 75 000 kroner og frå fylkesutvalet på 40724.

Midlane vart vidarefordelte til Røde kors omsorg, Julekveld for alle og Juleglede Volda/Ørsta i tillegg til førjulsfesten i samarbeid med flyktningkontoret.

Frivilligsentralen vart teke med i kriseteamet då ukrainakrigen braut ut og jobbar spesielt opp i mot born og fritidsaktivitetar. Frivilligsentralen samarbeider breitt med både frivillige lag og organisasjonar og andre kommunale instansar.

Sjukefråvær i kommunalområdet

Samla for kommunalområde Oppvekst, kultur og inkludering fekk vi eit sjukefråvær på 8,91 % i 2023. Dette er ein markant nedgang frå 2022 då fråværet var på 11,13 %.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	268 831	294 475	290 589	-3 886	-1,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	23 096	25 248	19 437	-5 811	-29,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	46 606	50 921	47 095	-3 826	-8,1 %
Overføringsutgifter	6 237	9 769	9 361	-408	-4,4 %
Finansutgifter	1 141	3 407	813	-2 594	-319,1 %
Sum Driftsutgifter	345 911	383 820	367 295	-16 525	-4,5 %
Salgsinntekter	-23 040	-24 755	-22 202	2 553	-11,5 %
Refusjoner	-40 594	-46 845	-37 207	9 638	-25,9 %
Overføringsinntekter	-111	-849	-612	237	-38,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 442	-1 549	-907	642	-70,8 %
Sum Driftsinntekter	-65 187	-73 997	-60 928	13 069	-21,5 %
Netto resultat	280 724	309 822	306 367	-3 455	-1,1 %

Status økonomi

Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	280 724	309 822	306 367	-3 455	-1,1 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for kommunalområdet syner i skrivande stund eit meirforbruk for 2023 på kr. 3,5 millionar. Meirforbruket fordelte seg slik:

Grunnskule fekk eit lite mindreforbruk.

Barnehage 2,8 millionar - Hovudsakeleg knytt til styrka tilbod til førskuleborn og generelt høgt barnetal. Vi hadde også ei feilbudsjettering på private barnehagar på vel 0,5 million

Flyktningtenesta 1,2 millionar i meirforbruk - dette er knytt til både ekstra utgifter knytt til nyankomne flyktningar og til ekstra bemanning på grunn av auken i busetting.

Vi burde hatt politisk sak på budsjettjustering etter 2. tertial, for å ta høgde for auken barn i barnehage, og behov for styrka tiltak. I tillegg for auken i busette flyktningar på hausten.

Oppsummering tiltak


Det var ein vesentleg auke i behov for styrka tiltak i barnehagane frå august 2023. Dette burde vi meldt som sak til kommunestyret. I tillegg hadde vi høg busetting av flyktningar, og som vi også burde hatt budsjettjustering på.

Noko av meirforbruket vart henta inn på omfordeling av stilling slik at vi fekk lønsutgifter dekt av tilskot til BTI-prosjektleiar, halde stillingar vakante ved langtidssjukmeldingar og at vi kutta LOS-stillinga frå 1.september.


Hovudtiltak for å unngå meirforbruk i 2024 er å redusere stillingar der det er forsvarleg.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Helse, omsorg og velferd

Beskriving av tenesteområde

ÅRSMELDING 2023 for helse, omsorg og velferd

Helse, omsorg og velferd vart frå 01.01.2023 inndelt i fire tenesteområde.

I tillegg har kommunalsjefen ein rådgjevar og personalansvaret for kommuneoverlege.

Kommunalsjefen starta 1. juni og før det var det konstituert leiarar i stillinga. Desse har gjort ein stor og viktig innsats, men dei har hatt sine ordinære oppgåver i tillegg. Kommunalområdet var derfor noko prega av dette

Dei fire tenesteområda er:

Helse, tildeling og koordinering

Bu og habilitering

Heimetenester

Omsorg og sjukeheim

Helse, tildeling og koordinering

Tenesteområdet gir i hovudsak tenester etter helse- og omsorgstenestelova, barnevernlova og sosialtenestelova og omfattar følgande avdelingar/tenester:

Tenesteområdet har 32,75 årsverk. I tillegg kjem 17 heimlar/stillingar for fastlegar og LIS1-legar og 5,4 årsverk for fysioterapeutar med driftsavtale, fordelt på sju fysioterapeutar.

Tenesteområdet har også ansvar for om lag 90 støttekontaktar og knapt 10 private avlastar.

Avdelingar:

Helsestasjon (helsestasjon 0-5 år, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom (HFU), ansvar for gjennomføring av nasjonalt vaksinasjonsprogram, tilbyr reisevaksinering, flyktning - helseundersøking)

Fysio, ergo, friskliv

Nav Ørsta Volda

Tenester utan avdelingsleiar: (som vert leia av tenesteleiar)

Kommunepsykolog

Tildeling og koordinering

Fastlegeordninga inkl. legevakt

Vertskommuneavtalar med andre kommunar:

Barnevern (Volda vertskommune)

Barnevernsvakt (Ålesund vertskommune)

Interkommunal legevakt (Søre Sunnmøre legevakt) - legevakt utanom ordinær opningstid (Volda vertskommune)

Bu og habilitering

Tenesteområdet består av to avdelingar med til saman 43,03 årsverk pr. 31.12.23. Bu og habilitering gir i korte trekk tenester til personar med funksjons variasjonar alt frå avlastning til praktisk bistand. I 2016 opna det ny avlastning på eine avdelinga. Den gongen hadde vi 3 born på avlastning, og pr. 31.12.23 har vi totalt 16 barn og unge som vi gir ei eller anna form for avlastnings tilbod til. Utfordringane vi møter er prega av mykje adferd som krev kompetanse og tett oppfølging.

Heimeteneste

Tenesteområdet heimetenestene består av 4 avdelingar med til saman 92,59 årsverk fordelt på 123 faste tilsette. I ansattbeholdninga viser talet 196 tilsette fordelt på 4 avdelingsleiarar.

Tenesteområdet yter tenester til innbyggjarar i eigen heim. I eigen heim blir nytta om innbyggjar som bur heime, i eigen bustad eller leigd bustad. Det omfattar også dei som leiger omsorgsbustad.

I heimetenesta har vi demenskoordinator, kreftkoordinator og kvardagsrehabilitering som yter tenester til alle i Ørsta kommune. I tillegg yter tenesteområdet teneste til 6 BPA – tiltak

Omsorg og sjukeheim

Tenesteområdet består av 3 sjukeheimar og gir tenester til bebuarar i sjukeheim, bufellesskap og heimebasert omsorg med tilsaman 160,5 årsverk.

I tillegg har tenesteområdet kortidsavdeling som tek imot utskrivingsklare pasientar frå helseføretaket samt øyeblikkeleg hjelp pasientar frå heimane og etter søknad.

Ørstaheimen; 3 somatiske langtidsavdelingar, ei skjerma demens avdeling og ei kortidsavdeling. Totalt 78 rom.

Felleskjøkken

Fellesvaskeri

Fellesavdeling

Dagavdeling for demente.

Vartdal Helsetun; ei sjukeheimsavdeling (9 rom) og bufelleskap tilknytt heildøgnsomsorg (18 rom)

Heimebasert omsorg

Kjøkken

Hjørundfjordheimen; ei sjukeheimsavdeling (12 rom) og bufellesskap tilknytt heildøgnsomsorg (16 rom)

Heimebasert omsorg

Kjøkken

Tenester utan avdelingsleiar: (som vert leiar av tenesteleiar)

-Fellesvaskeriet

-Fellsavdelinga Ørstaheimen

-Dagavdeling for demente

Overordna mål

Kva har vi oppnådd i 2023?

Vi har prioritert å bygge lag, kultur og leiing, da vi restarta med ny leiargrupper juni-23.

Og vi har brukt mykje tid på å gjennomføre vedtak om ny administrativ organisering (1.1.23).

Av fleire årsaker har vi uvanleg mange nye leiarar i vårt nye kommunalområde.

Det krev tid å bygge både leiing og kultur.

Rammer var utydelege, og rutiner var ikkje på plass. Vi har hatt ein stor ryddejobb – og brukt mykje tid på å få på plass og gjort kjende rammene vi skal jobbe etter, da ny organisasjon ikkje var ferdig implementert.

For å lukkast med nytt kommunalområde, har bruk av tenesteveg vore eit naudsynt grep.

Vi har jobba med å få all aktivitet, møter(kva type møter/ kven skal delta/struktur) inn i årsplanlegginga vår.

HOV har etablert faste leiarmøter, faste avdelingsmøte + felles avdelingsmøter, faste samarbeidsmøter med økonomi, personal, teknisk og frå 2024, med oppvekst. Og fatse møter mellom leiargruppa HOV, HT og HV.

Alt for å kunne framstå som i samla Ørsta kommune.

Vi er stolt over driven som finnast i kommunalområdet for å tenke og jobbe annleis for å nå naudsynnte mål.

Av hendingar vi er særleg stolt av i tillegg i 2023, kan vi nemne at HOV er ferdig med sin heiltidskulturstrategi. Vi har laga eiga facebookside for HOV. Vi har søkt, og blitt TØRN kommune.

Hausten 2023 starta vi arbeidet med å få til årsturnus for første gong i Ørsta.

Vi har hatt gjestar frå Sykkylven kommune som ville erfare korleis vi jobbar med heiltidskultur. Vi har jobba mykje med å vidareutvikle vår velferdsteknologi, og synleggjere gevinstar.

Resultat 2023 vart kr 31,4 mill. i minus totalt for kommunalområdet.

Vi har jobba svært mykje med budsjett 2024 sidan sommaren 2023. Med ny organisering har det vore naudsynt å tenke nytt i høve budsjettarbeid. Vi har hatt stor involvering, økonomi er tema på alle type leiarmøter og på kommunalsjefens vekentlege LAG mail. ALLE skal forstå hensikt med dette fokuset.

Tiltak, struktur og kultur som kan få HOV i større økonomisk balanse, har vore, og er vår hovedprioritet.

Sjølvsagt er gode tenester vårt hovudmål, men utan ein berekraftig økonomi, vil vi ikkje kunne tildele slike tenester.

Vårt budsjett har vore sett etter historiske behov. I 2023 vedtok Kommunestyret eit budsjett i større grad etter tenesteretta bemanning. Det inneberer å styrke faste tilsetting og mindre vikarbruk., og sjå på tvers av kommunalområde for å kunne verte betre rusta for dei utfordringane som vi ser kjem.

Budsjettet er rammetildelt, og vi rapporterer på rammer.

Ørsta kommune er ei låginntektskommune og har grunna høg lånegjeld og tenester høgt oppe i omsorgstrappa store økonomiske utfordringar. Dette jobbar vi med å endre, men store utfordringar treng meir enn nokre månader å få endra.

Satsingar i tillegg ute i tenesteområda:

Vi har jobba med å sikre stabil fastlegeordning og god samhandling mellom kommunen og Legesenteret AS . Og vi jobbar for å ta i bruk ressurseffektive verktøy og arbeidsmetodar - velferdsteknologi.


Vi har fokus på meistring, forebygging og helsefremjing i alle livsfaser og i alle pasient- og brukarmøte.

Fokus på nærleing - fokus på systematisk og førebyggjande tiltak for å sikre kompetanse, kontinuitet og kvalitet i tenesta, samt stabilitet i personalgruppa.

Vi har jobba mykje med Ørstaheimen i 2023. Både for å få fram driftskostnad ved flytting av 22 pasientar til Mork senteret, medverknad og gode prosessar i tilsettgruppa og pårørandegruppa. Og etter nytt politisk vedtak i nov-23, har vi køyrt nye prosessar for å kunne gjennomføre det politiske vedtaket.

Det første vi tok fatt i var å få fram tal på framtidig pleiebehov i Ørsta kommune.

Andel bebuarar i institusjon over 80 år syner liten variasjon sidan 2020. Men vi skal fram med ei samla oversikt i nær framtid.



Utvalde resultat

Utvalde resultat/Viktige hendingar for kommunalområdet

Fleire leiarstillingar i helse, tildeling og koordinering var vakante i større eller mindre delar av 2023. (for helsestasjon heile året, og for NAV fram til september). Ny tenesteleiar i juni.

Det har vore konstituert leiarar i stillingane. Desse har gjort ein stor og viktig innsats, men dei har hatt sine ordinære oppgåver i tillegg. Tenesteområdet er difor noko prega av dette ,

I barnevern var det budsjettert med plassering i institusjon., men der var Ingen plasseringar i 2023.

I legetenesta var det feilbudsjettering legevakt(ikkje brukt tal som var opplyst frå interkommunal legevakt). Det er endra for 2024. Revidering av samarbeidsavtale mellom Legesenteret AS og Ørsta kommune starta opp

På grunn av sjukefråvær på helsestasjon, blei skulehelsetenestetilbodet i periodar noko redusert.

Helsestasjonen gjennomfører helseundersøking av flyktningar og har fått tilført 20 % ressurs i samband med auka mottak. Det er behov for meir ressursar til dette arbeidet.

NAV gjennomførte ei intern omorganisering i november 2023 for å sikre samfunnsoppdraget på ein god måte. Kontoret er no organisert i fire team: Behalde arbeid, Vaksen, Velferd og Ung. Alle team har ansvar for brukaroppfølging, og for å yte samla statlege og kommunale tenester.

Kommunale tenester NAV 2023:

Ørsta: 252 mottakarar av sosialstønad

Volda: 286 mottakarar av sosialstønad

Kostra/SSb for 2023:

	Barn (antall)
	1520 Ørsta
Hjemmebesøk av jordmor innen tre døgn etter hjemkomst	71
Hjemmebesøk av helsesykepleier til nyfødte	106
Undersøkt grunnskole 1.trinn	94
Undersøkt ved 2-års alder	106
Undersøkt ved 4-års alder	143
Undersøkt 8. leveuke	99

Fysioterapi og fastlege:

	Fysioterapeut-årsverk per 10 000 innbyggjarar
	1520 Ørsta
FGK10 Kommunehelsetjenester knyttet til fysioterapi- og legeårsverk	11,5
232 Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	0,2
241 Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	10,8
253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon	0,5

12005: Fastlegelister og fastlegekonsultasjoner, etter statistikkvariabel, region og år			
	2021	2022	2023
Antall fastlegeavtaler (antall)	13	13	11
Antall pasienter på fastlegeliste med lege (antall)	9 943	9 855	8 202
Fastlegelister uten lege (antall)	1	1	4
Antall pasienter på fastlegeliste uten lege (antall)	650	735	2 469
Antall åpne fastlegelister (antall)	0	0	0
Gjennomsnittlig listelengde (antall)	765	758	746
Antall fastlegeavtaler totalt, inkludert lister uten fast lege (antall)	14	14	15

Volda er vertskommune for felles barnevernteneste for seks kommunar på søre Sunnmøre, mellom anna Ørsta. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å stette kompetansekravet som vert stilt i ny barnevernslov. På vegner av alle kommunane i Møre og Romsdal har tenesta ansvar for eit prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vart overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Det vart rapportert fristbrot i 9 av dei 32 undersøkingane gjeldande barn i Ørsta kommune for andre halvår 2023. Tenesta har arbeidd godt og målretta for å unngå fristbrot, og ein har gjort gode grep for å nå målet.

Helse, tildeling og koordinering vart redusert med 70 % stilling frå juli 2023, noko som har medført redusert kapasitet. Særleg gjeld det oppgåver knytt til støttekontakt og koordinerande eining. Kommunen har uklare rutinar knytt til koordinator og individuell plan, og mangelfulle rutinar knytt til barnekoordinator. Det vart difor starta eit arbeid med å utvikle betre rutinar. Dette vil halde fram i 2024 .

Kommunalområdet merkar stor auke i komplekse diagnosetilstandar som krev høg kompetanse og tett oppfølging og ofte med ekstra innleige av personell.

Omsorg og sjukeheim har fått 3 nye leiarar i 2023 (avdelingsleiar Vartdal Helsetun, avdelingsleiar Felleskjøkken og tenesteleiar).

Demenskoordinator vart flytta frå omsorg og sjukeheim til heimeteneste i 2023. Evaluering av ordninga har berre vore positive.

Framskrivning av demens i Ørsta ;

2025: 277 personar

2030: 321 personar

2040: 436 personar

2050: 515 personar

Med bakgrunn i desse tala, og unge demente som manglar gode nok tilbod, er rullering av demensplanen prioritert.

Dette vert også sette i samanheng med vedtaket om framtidige pleiebehov.

Vi må ha meir berekraftige tenester, og arbeidet med oppgåvedeling, korleis ein nyttar kompetanse og korleis ein skal sikre kompetanse er i fokus. Tenesta skal sikrast 24/7/52. Dette er eit stort arbeid og omstilling for heile kommunalområdet.

Viktige hendingar

Småjobbsentralen feira 10 års jubileum. Småjobbsentralen har i 2023 fortsatt haldt seg til faste private og kommunale oppdrag, Skravlekopp, marin forsøpling mm, samt i samarbeid med oppvekst, kultur og inkludering fått midlar til bl.a. utvikle utlånssentralen til BUA konseptet.

TPHR søkte midlar frå statsforvaltar og fekk 1,4 mill. til arbeid med barn og unge for å unngå fråfall frå skulen. FAST team har starta opp og ein har allereie fått gode tilbakemelding frå ein pårørande **FAST – team står for Førebyggande Ambulant Samtale Team**. Målgruppa er ungdom i alderen 12-18 år som bur og oppheld seg i Ørsta kommune. FAST er for ungdom som treng råd og rettleiing, hjelp og støtte grunna psykisk og /eller rusrelatert utfordring. FAST følgjer opp ungdom som har utfordringar med gaming/skjermtid. Teamet tilbyr helsefremjande aktivitetar som er styrkane for den einskilde elev. FAST bidreg med råd og rettleiing til foreldre/pårørande. Dei følger opp ungdomen gjennom aktivitet, i skulen og i heimen.

Tenesteområdet har gjennomført tilsyn med arbeidstilsynet. Hensikta med tilsynet var å kontrollere at Ørsta kommune arbeidar systematisk med helse, miljø og sikkerheit for å forebygge at arbeidstakar får muskel og skjeleggplager, og psykisk plager. Hovudtema i tilsynet var systematisk HMS – arbeid gjennom kartlegging og risikovurdering, samt korleis ledelsen og ansatte samarbeidar for å følge opp

risikoforhold. Det var lærerikt og tenesteområdet har nytta erfaringa frå tilsynet i alle avdelingane. Leiar, tillitsvalde og verneombod i heimetenesten aust og vest skal svare ut pålegge som vart gitt.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	307 352	327 876	307 092	-20 784	-6,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	38 945	35 229	15 944	-19 285	-121,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	55 069	70 376	66 161	-4 215	-6,4 %
Overføringsutgifter	28 016	37 986	13 013	-24 973	-191,9 %
Finansutgifter	1 581	2 684	250	-2 434	-973,6 %
Sum Driftsutgifter	430 963	474 151	402 460	-71 691	-17,8 %
Salgsinntekter	-27 868	-28 289	-25 884	2 405	-9,3 %
Refusjoner	-56 786	-78 134	-42 244	35 890	-85,0 %
Overføringsinntekter	-974	-531	0	531	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 028	-1 625	-160	1 465	-915,4 %
Sum Driftsinntekter	-86 656	-108 578	-68 288	40 290	-59,0 %
Netto resultat	344 308	365 573	334 172	-31 401	-9,4 %

Status økonomi


Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	344 308	365 573	334 172	-31 401	-9,4 %


Kommentar til status økonomi

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Teknisk, eigedom og landbruk

Beskriving av tenesteområde

Teknisk eigedom og landbruk

Overordna mål

Innbyggjarar og næringsliv har store forventningar til at vi skal levere på alle ansvarsområda som ligg til kommunalområdet. Skal vi klare det må både menneskelege og økonomiske ressursar samsvare med mål og oppgåver:

- Oppdatert og relevant planverk. Samfunnsplan, arealdel og planstrategi må sjåast i samanheng for å få utvikling i heile kommunen.
- Prioriteringar i planverk må henge saman med prioriteringar i investeringsplan og budsjett, lokalpolitiske føringar og nasjonale føringar.
- Berekraftig forvaltning, med vekt på klima og miljøomsyn, utvikling og lik og føreseieleg handsaming.
- Kommunale vegar skal ha fast dekke. Ørsta kommune må redusere talet på kilometer kommunal veg som ikkje er asfaltert
- Vedlikehald av kommunale vegar. Prioritere god standard på dei vegane som er skal vere kommunale.
- Vere ein trafikktrygg kommune
- Vidare utvikling av vatn og avløps- området for å levere gode tenester. Søkje samarbeid utover eigen kommune
- Planar for utvikling av Ørsta og Sæbø vassverk – utgreiing av moglegheiter for kraftproduksjon i samband med tiltak på vassverket i Skåla.
- Effektiv og god sakshandsaming.
- Dialog og samhandling med næringsliv, innbyggjarar og andre interessentar.
- Legge til rette for næringsliv og utvikling.

- Rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre politisk bestilte tiltak og utviklings- og planleggingsoppgåver.
- Vidare satsing på digitalisering med mål om betre og meir effektiv tenesteproduksjon.
- Legge til rette for landbruksnæringa gjennom strategiarbeid og fokus på berekraft.
- Fokus på naturvern i planarbeidet.
- Samordning mellom plan for klima, energi og klimatilpassing og kommunen sine strategiske styringsverktøy.
- Vere ein god eigedomsforvaltar.
- Halde låge avgifter gjennom god planlegging
- God beredskap, som sikrar liv og helse og viktige samfunnsverdiar i heile kommunen.
- Gode innkjøpsrutinar som sikrar god ressursbruk og reduserer miljøeffekten av våre investeringar

Økonomisk resultat

Kommunalområde teknisk, eigedom og landbruk hadde eit samla meirforbruk på 3 324 652.- kr. i 2023 (førebels tal). Sjølvkostområda er haldne utanfor.

I kommunestyret sitt Budsjettvedtak for 2023 vart ramma redusert med 4 561 000.- kr. i høve 2022. (1 % reduksjon i lønsmasse, fordeling av kutt i tekniske justeringar og reduserte driftskostnader for nybygg). Etter eiga sak i kommunestyret fekk kommunalområdet attendeført 1 500 000.- kr., slik at redusert ramme for 2023 vart om lag 3 mill. kr.

Redusert ramme har gjort det meir krevjande å halde budsjettet innan tenesteområde som kommunalteknikk og brann og redning fordi ein stor del av kostnadane på desse områda vil avhenge av vèrtilhøve, særleg vinterstid, og talet på hendingar gjennom året.

Det største meirforbruket er knytt til:

- Drifts- og lønsutgifter på veg og vedlikehald (vinter)
- Snøbrøytingsavtalar
- Løn og overtid og driftsutgifter for køyrety på brann og redning

Det har også vore meirforbruk knytt til:

- Lønsutgifter og forbruksmateriell på reinhald
- Lønsutgifter og lisensar på plan, byggesak og oppmåling

For å halde kostnadane nede er det brukt mindre enn budsjettert mellom anna på:

- Vedlikehald og sommardrift på kommunalteknikk
- Kurs/opplæring og forbruksmateriell på brann og redning
- Vikarutgifter på reinhald
- Vi har venta med å tilsette i vakante stillingar

I tillegg har vi fått reduserte straumkostnader til gatelys etter omfattande utskifting av eldre armatur og noko reduserte straumprisar generelt, sett i høve føregåande år.

-

6005 – Eigedomsskattekontoret

Eigedomsskattekontoret sine hovudoppgåver er å:

- Skrive ut eigedomsskatt i samsvar med eigedomsskattelova vedtekter og vedtak
- Oppdatere oversikt over skatteobjekt
- Legge ut oppdaterte skattelister kvart år
- Utarbeide og vedlikehalde rutine for oversikt over endringar/nye skatteobjekt
- Syte for taksering av nye skatteobjekt og endringar per januar innan 1. mars kvart år
- Sendt krav på eigedomsskatt
- Vere sekretariat for takstnemnda og klagenemnda.
- Syte for sakkunnig opplæring av medlemmer i ovannemnde nemnder
- Og syte for naudsynt grunnlag for vedtak, synfaring, protokoll, ekspedere vedtak, ordne

godtgjersle for medlemne i nemndene, saksutgreiing til formannskapet om

nedsetting/reduksjon av eigedomsskatt, og saksutgreiing til kommunestyret om fritak

etter eigedomsskattelova §§ 7a og 7b.

2023 har vore eit relativt normalt driftsår for eigedomsskattekontoret. Det har ikkje vore endringar nasjonalt som har påverka eigedomsskatten for Ørsta kommune. Satsen for Ørsta kommune er 2 promille, noko som gjev inntekter på om lag 20,8 millionar. Inntektene er fordelt seg slik på dei ulike skatteobjekta:

Varenummer	Objekt	Inntekt i kr.
------------	--------	---------------

6227001	Bustadeigedom	16 376 497.-
6227002	Tidl. verk og bruk	2 198 556.-
6227003	Fritidseigedom	462 104.-
6227004	Næringseigedom	1 416 180.-
6227005	Vasskraft	418 784.-
		Σ 20 872 121.-

Møte i takstnemnda: 6.

Møte i klagenemnda: 1.

Nye saker registrert i saksbehandlarsystemet: 186.

Enkeltvedtak i takstnemnda i samlesaker: 134.

Administrative journalpostar elles: 10.

Måloppnåing eigedomsskattekontoret

Det vart gjennomført få oppdateringskurs ved skattekontoret i 2023, og dei som vart gjennomført var i hovudsak digitale. Nemnda sine medlemmar bør også delta på kurs og opplæring i større grad gjennom KS sitt opplæringssystem. Det er framleis er det ei utfordring med å taksere alle område. Eigedomsskattekontoret har god oversikt over restansar, gjennom gode rutinar. Matrikkelen er ei utfordring, men dette vil det verte arbeidd med gjennom betre digital kontroll og rutinar. Takstgrunnlaget for 2023 har vore rimeleg likt 2022. Elles har det vore fokus på internkontroll og avvikshandtering.

61 – Brann og redning



Mål for 2023:

Overordna: Jobbe målretta på tvers. Fokus på læring og utvikling.

1. Beredskap: Fleire med minimumsutdanning, auke øvingskvalitet og effektivisering.
2. Forebyggjande: Fokus på effektivisering og halde fram med det gode forebyggjande

arbeidet med tilsyn, undervisning, Bjørnis, sosiale media og media.

1. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg: Fokus på å levere tenester som gjev god


brannførebyggjande effekt og treff målgruppene.

Beredskap


Ørsta kommune har ein særprega topografi, med mange dalar, fjellområde og fjordar. Dette gjer at Ørsta har få å samanlikne seg med nasjonalt. Det er få kommunar i Noreg som, med tilsvarande areal og folketal, har tre brannstasjonar, eit branndepot og 50 brannkonstablar. Årsaka er kravet til responstid. Det betyr høgare kostnader som følgje av krav om fleire brannstasjonar/depot.

Trass i dette er Ørsta, etter KOSTRA-tala, det fjerde billigaste brann- og redningsvesenet i Møre og Romsdal fordelt på innbyggjartal. Berre Aure, Sande og Sula driv billigare. Aure har ein brannstasjon og eit branndepot utan vakt, Sande har ein brannstasjon og to depot utan vakt og Sula har ein brannstasjon med vakt.

Samstundes går det fram av figur 1 under at dei fleste har hatt ein auke i kostnader i perioden 2020 – 2023. Til samanlikning har Ørsta ikkje hatt stigning i det heile. Årsaka til dette er at Ørsta har ei eldre bygningsmasse, som ber preg av lite midlar til vedlikehald og at dei ikkje er i samsvar med regelverket. Vartdal og Sæbø har tronge garasjar som ikkje stettar dagens krav til garderobe, dusj eller toalett. Det er difor låge kostnader utover oppvarming knyt til drift av desse.




Figur 1 - Kroner pr. innbyggjar på brann- og redningsberedskap – Ørsta mørkeblå



Figur 2 – Netto driftsutgifter fordelt på tal reelle hendingar

Tabell 1*Frå og med 2016 er registreringane gjort av 110-sentralen og er dermed meir nøyaktige og inneheld hendingar som er løyst av 110-sentralen.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Hendingar Ørsta	95	72	89	104	147	144	179	222	145	166	194



Kart 1 - Hendingar i Ørsta i 2023

Førebyggande

Førebyggande arbeid utført siste året

- Barnehagebesøk med Bjørnis
- Påskeaktivitetshefte med sjekkliste i alle barnehagar
- Brannopplæring og slokke øving med helsepersonell i kommunen
- Brannopplæring og slokke øving med 6.klassingane
- Brannopplæring og slokke øving med vaksenopplæringa
- Barnehagar på besøk på brannstasjonen
- Besøk på brannstasjonen i regi av frivillighetssentralen og flyktningkontoret
- Barnehagar på besøk på brannstasjonen
- Open dag på brannstasjonen
- Brannopplæring med ulike verksemdar

- Bjørnis på barnehagebesøk i Brannvernveka
- Stand på Alti om Røykvarslardagen
- Stand på Alti om Eigenberedskap
- 49 tilsyn med særskilde brannobjekt
- Tilsyn med utsal av fyrverkeri i romjula
- Tilsyn med verksemder med farleg stoff
- Informasjonskampanjar via Facebook, heimesida og lokalmedia

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Tal utført:	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tilsyn i bustadar	714	834	966	1001	955	677	655	79	86	296	532
Feiing av piper	2 007	2 051	1 943	1 980	1 954	2 105	1 642	1 276	425	787	843

*Talet er faktisk besøkte og faktisk feia piper. Om feiar har vurdert at det ikkje er behov for feiing/ingen sot i pipa er det ikkje med i desse tala.

Sivilforsvarslageret:

Etter Sivilbeskyttelsesloven § 13 skal kommunen lagre og vedlikehalde Sivilforsvaret sitt materiell. Kostnader til lagring og vedlikehald av sivilforsvaret sine materiell skal dekkjast av kommunene. I Ørsta har vi eit lager vi leiger i Rødekors- huset i Strandgata og tilsett ein materialforvaltar på 10% stilling. Dette lageret er eit samarbeid mellom Ørsta og Volda, der Ørsta administrerer og fakturerer Volda for halve kostnaden.

Konklusjon

Drifta i 2023 har gått som normalt med minimale variasjonar frå åra tidlegare. Det har vore sett fokus på internkontroll og avvikshandtering.

Ørsta kommune sin brann og redningsteneste er billig i drift samanlikna med dei fleste andre kommunar. Årsaka for dette er knytt til ei minimumsdrift med få driftsressursar, kombinert med at stasjonane Vartdal og Sæbø har låge driftsutgifter. Dette fordi desse to stasjonane er enkle garasjar, utan grunnleggande fasilitetar som garderobe, toalett og dusj slik som regelverket krev.

Av KOSTRA tal kjem det fram at drifta til Ørsta er den tredje lågaste i Møre og Romsdal. Dette til tross for at det er få kommunar med like mange brannstasjonar og brannkonstablar på same areal, folketal og aktivitetsnivå/tal uttrykkingar.

Slik minimumsdrift er utfordrande med det veldig breie spekteret av hendingar og den kompetansen det krev. For å ivareta kompetansen med dei få øvingstimane vi har per brannkonstabel har vi jobba med å auke kvaliteten på øvingane. Dette betyr at øvingstimane må vere gode og effektive for å komme gjennom alt og for å hindre at kompetansen skal forsvinne.

Dei førebyggjande oppgåvene vi er retta inn mot der behova er størst. Vi gjer risikovurderingar ut frå hendingssstatistikk, nasjonale føringar og vurderingar på grunnlag av det førebyggjande arbeidet for å sikre at ein legg inn ressursane der det gjev størst effekt. Dette gjeld alt førebyggjande arbeid, også arbeidet knytt til fyringsanlegg i bustadar / fritidsbustadar.

For feiing og tilsyn med fyringsanlegg har vi no differensierte gebyr, som gjer at dei som har mange avvik på fyringsanlegget, mykje sot eller andre risikoindikatorar vil få oftare tilsyn og feiing og med det høgare årsgebyr. Dette for å gjere gebyrsystemet meir rettferdig og samstundes stimulere til å fyre rett og rette brannfarlege avvik med fyringsanlegget.

Jamt over har det vore eit godt år med høgt aktivitetsnivå på førebyggjande arbeid og eit normalt år for tal hendingar, med låg del unødige alarmer. Det har vore det lågaste talet reelle hendingar på 7 år. Det same ser vi for brannar. Samstundes kjenner vi på den stadig aukande breidda i oppdragstypar, som utfordrar den kompetansen ein brannkonstabel må ha. Til dømes var brannkonstablane i Ørsta i 2023 ute på båtulukke, oppsamling av olje forureining, trafikkulukker, personar i vatn, hjertestansar, eksplosjonar, bygningsbrannar, søk etter sakna og dyreoppdrag.

62 – kommunalteknikk

Mål for 2023:

- Kommunalteknikk: Prioritere aktivitet innanfor ramme som gjev best samfunnsnytte.
- Personalforvaltning/sjukefråvær: Tilsetting i alle faste stillingar og stabilt lågt fråvær.
- Park: Sikre godt vedlikehald på grøntareal.
- Kyrkjegard: Utføre gode tenester.
- Vatn: Sikre reint vatn, leveringstryggleik, god kapasitet og jamt vedlikehald.
- Avløp: Driftstryggleik utan skade på miljø.
- Kommunale vegar: God og trygg samferdsle for alle trafikantar. Trygg skuleveg.

Måloppnåing:

Budsjettsituasjonen, for alle ansvar utanom vatn og avløp, vart forverra i 2023 og er i ubalanse i høve oppgåver og forventningar. Det vart tidleg varsla om moglege overskridingar, trass i at det har vorte gjennomført tiltak for budsjettkontroll.

KOSTRA-tala syner at kommunen har relativt mange kilometer veg per innbyggjar. Men vi har vesentleg lågare utgifter per kilometer veg enn samanliknbare kommunar. Det er ein indikasjon på at vegvedlikehaldet vert skadelidande over tid.

Det bør vere ein samanheng mellom kva driftsoppgåver som skal utførast og ressursar. For å sikre at vi har realistiske mål må vi gjere nokre val sett i eit langsiktig perspektiv. Vi må enten redusere oppgåver og drift eller tilføre ressursar. I tillegg må vi prioritere å investere i driftsreduserande tiltak.

Drift og vedlikehald av kommunale vegar er under minimum og har vore det i fleire år. Vi tek til å sjå konsekvensane av dette og vil åtvare mot at denne situasjonen held fram. Fleire og meir kostbare skader på vegnettet vil verte normalen, og ikkje unnataket. Det ein sparer i dag vert ein kostnad for framtida. Nedlegging av kommunale vegar kan vere eit tiltak for å sikre forsvarleg vegdrift med dei ressursane vi har no.

Arbeidet med oppgradering av gatelysnettet pågår med fokus mot E39 og fylkesvegar for å redusere driftskostnader. Oppgradering av gatelys er eit godt bidrag til klimaplanarbeidet.

Dei kommunale vassverka, Barstadvik, Dalelina, Sæbø og Vikegeila, leverer eit godt produkt til abonnentane. På Sæbø har vi funne rikeleg med vassressursar på austsida av Bondalselva. Vikegeila vassverk treng meir naudvatn og i samarbeid med Volda kommune har vi funne potensiale til å dekke behovet på austsida av Rossåa mellom Fv 655 og Ørstaelva. Det er gjennomfør prøveboring for å avdekke kvalitet og mengde.

Drift:

Kommunalteknikk si drift er prega av for lite driftsmidlar og personell. Dette pregar heile organisasjonen og etterslepet vil auke og gi auka kostandar framover. Når effekten av klimaendringane ser ut til å råke oss i sterkare grad må vi ha ressursar til å utføre naudsynte vedlikehaldsoppgåver. Det er stor mangel på grus, reasfaltering, skifte av stikkrenner, vedlikehald av bruer og rekkverk. Det burde vore meir vedlikehald av grøntareal og friområde. Det burde vore gjort innan førebyggjande tiltak og tilsyn i elvar og bekkar, men bemanninga strekk ikkje til.

Kommunalteknisk bør styrkast med minst tre stillingar for å klare dei mest naudsynte oppgåvene innan drift og investering (ein ingeniør, ein på park og ein på VA/Veg). Vi bør også auke talet på sommarvikarar som kan styrke drifta i den mest hektiske perioden med plenklipping og ferieavvikling.

Veg:

Det er berre utført eit minimum av vedlikehald grunna avgrensa økonomiske ressursar. Det er stort etterslep i høve grusing og reasfaltering. Grøfting klarar ein å få utført til ein viss grad med eige utstyr og personell.

VA:

Vikøyra reinseanlegg er det anlegget som har teke mest merksemd dette året. Det har vore mykje arbeid med prøvetaking for å få godkjent anlegget i høve gjeldande reinsekrav og ein har måtte skifte ein del slitedelar. Det er også vurdert å skifte frå høgtrykkspyling av filter til trykkluft. Dette vil spare mykje energi og ikkje minst vere eit godt HMS tiltak.

Park:

Tilnærma normaldrift, men prega av redusert tal på sommarvikarar og midlar. Utfordringar framover med auka arbeidsmengd som følgje av mellom anna nye bygg og anlegg. Det er behov for å tilføre arbeidskraft som kompenserer for denne auken.

Konklusjon:

2023 var eit år med ein utfordrande driftssituasjon med tanke på tilhøvet mellom oppgåver og ressursar. Over tid må det verte større samsvar mellom oppgåver og budsjett. Vi også for mange oppgåver i investeringsporteføljen i høve talet på prosjektleiarar, då vi må balansere ressursane mot drifta.

Investering/prosjekt:

Veg:

-Vollagjølet, ein stor jobb i Bakkevegen/ Vinjevollvegen med utskifting av Ø1600, 45 løpemetar med ca 6 til 8 meter overdekning. fjerna ca 2500 m³ med dårlege massar og erstatte dei med masser av betre kvalitet frå Melsgjerdet og overskotsmasser frå G/S-veg langs FV655. Ca 2,5 mill i kostand.

-Standalvegen vart slutført med toppdekke.

Trafikktrygging:

-Arbeidet med rullering/ny trafikktryggingssplan vart starta på slutten av året.

-Det vart gjort eit lite tiltak med oppgradering av fartshumpar (1 på Vartdal og 4 i sentrum).

Parkering/ Gangveg ved Velle Skule:

-Det vart bygd ny parkeringsplass og bygd gangveg med gatelys frå Holmegata ned til skule- området på Velle skule. Det står igjen nokre lysarmaturar, samt revidering av skiltplanen/ skilting i området som kjem på plass våren 2024. Dette kjem også inn under trafikktrygging.

Gatelys:

-Anders Hovden gata har fått oppgradert armaturar og det er laga intensiv lys ved kryssingspunkt. Tiltaket vart prioritert i høve flytting av elevar frå Vikemarka til Velle. Dette arbeidet vert vidareført i 2024.

-Det er oppgradert ein del langs E-39 som vart teke over av vegvesenet i 2024.

-Langs Ytre-hovdevegen / Sjøvegen (fylkesvegar) vart det oppgradert og anlegg vert teke over av fylkeskommunen frå 2024.

Sæbø:

-Det vart laga og sett opp skilt som er tilpassa oppgraderinga av sentrumsområdet som skal komme i framtida.

Vatn /avløp:

-Sanering av leidningsanlegget på strekninga det vert bygd gang- og sykkelveg langs FV 655 er gjennomført. Om lag 1200 løpemeter. Det er skifta ein del vasskummer og fjerna fellesløysingar som ikkje held dagens standard (td. der avløp, overvatn og vatn er innanfor same betong- kumme). Dette er eit viktig arbeid som vil hindre overvatn til spillvatn og omvendt.

-Arbeidet med sanering i Hovdebygda del område 3 vart slutført i år. Prosjekt for auka lekkasjekontroll med målekummer er slutført og vert sett i drift i løpet av våren 2024 med elektronisk overvaking av soner tilknytt Vikegeila vassverk.

Park:

-Simahaugen er eit tiltak som har vore prioritert på investeringsplanen, men det er ikkje funne kapasitet til gjennomføring. Planen er å få utført heile eller delar i 2024.

Byggefelt:

-Slutført Osmarka 2 med fortau og toppdekke.

Fontene Haldeplassen:

-Oppdraget vart starta og avslutta i 2023

Klokkarmarka:

-Arbeidet med ny parkeringsplass er stort sett ferdig, men det manglar litt i høve lys og el-bil ladarar.

Maskin:

-Det vart kjøpt ein ny traktor som går som ein del av beredskapen i kommunen, levering februar 2024.

-I samband med omorganiseringa, der kommunalteknisk tok over drift ute til veggliv, er det investert i ny feiemaskin som stettar tilnærma alle behov i høve veg, plassar og gangveg, Den gamle maskina skal takst i innbytte. Ny maskin blir levert april 2024.

6340 – Eigedom

2023 har vore eit produktivt år, der vi har gjort ein heil del oppgradering/renoveringar av både bustadar og føremålsbygg. Grunnen til at dette har late seg gjere på fleire av prosjekta er investeringsmidlar som er har vore øyremerka oppgradering av kommunale bygg. Vi har i fleire utført mindre av utvendig maling og oppussingsprosjekt på grunn av innstrammingar i budsjett.

I mangel på eige personell har dei fleste av investeringsprosjekta og nokre av tiltaka under drift vorte gjennomførte med hjelp av leigd arbeidskraft. Dette fordyrar prosjekta noko. Prosjektstyringa har vi teke hand om sjølve.

Her er ei oversikt over nokre av investeringsprosjekta som vart gjennomførte i 2023:

Nokre av investeringsprosjekta som er gjennomført i 2023:

- Oppgradering gamle rådhus.
- Totalrenovering Mosmarkvegen 17.
- Totalrenovering Sætrebakkane 16B
- Totalrenovering Fonnavegen 4.
- Hjørundfjordheimen oppgradering/ending frå 2 til 4 leilegheiter (oppstarta i 23 og avslutta i 24.).
- Utbygting av låssystem på Viketunet, BK 16-18, Ørstaheimvegen 2.
- Totalrenovering Leitevegen 4A.

Driftsøkonomi:

Vi ser ein viss auke i kostnader knytt til serviceavtalar og reparasjonar. Grunnen til det er at vi har mykje gamalt utstyr, som krev reparaasjonar, og at nye lovkrav til sertifisert tilsyn/service fordyrar drifta noko.

Generelt er vi i ein driftssituasjon med låge driftspostar samstundes som at den samla bygningsmassen har auka.

6360 – Reinhald

Året 2023 var første ordinære driftsår etter omorganisering. Det er gjennomført ei samling for alle reinhaldarar og tenesteleiar for å samordne og planlegge gjennomføring av driftsoppgåvene. Samla ferieplanlegging er vidareført og det er laga plan for mest mogleg dekning for kvarandre og minst mogleg vikarbruk.

Kapasiteten er styrka ved å gjere om fast tilsette vikarstillingar til to heile stillingar.

Årsverk: 29,42

Elles er aktivitet planlagt ut i frå årshjulet for reinhaldsdrift.

64 – Plan, byggesak og oppmåling

Målsettingar

Gjennom god planlegging skal vi legge til rette for ein heilskapleg og berekraftig areal- og ressursbruk som er til størst mogleg nytte for den enkelte og for dei samla samfunnsinteressene. Å følgje opp dei målsetjingar kommunestyret har fastsett, samstundes som nasjonale mål og forventningar til utviklinga i kommunane vert ivaretekne.

Avdelinga har som målsetjing å handsame og fatte vedtak så raskt som mogleg.

Vi skal ha lik, føreseieleg og rettviss handsaming, gjennom god forvaltning av lovverk og samordning med andre sektorar/aktørar nasjonalt, regionalt og kommunalt.

Gjennom god dialog og mål om å skape felles administrativ og politisk forståing i møte med næringsliv, innbyggjarar og andre interessentar, vil ein vere føreseieleg og nå samfunnet sine mål om fornuftig ressursbruk gjennom bruk og vern.

Vidareutvikling av kartprogram i samarbeid mellom ulike fagområde.

2023 – oppsummering og måloppnåing

OU-prosess:

Plan- og miljøavdelinga, og byggesak- og oppmålingsavdelinga er frå 01.01.2023 historie og samanslåinga av desse avdelingane har gitt eit nytt tenestoområde med namn plan, byggesak og oppmåling.

Personalressursar:

2023 har vore eit år prega av endringar i organisasjonen, og tenestoområdet har hatt stor utskifting. Av den nye eininga sine til saman 10,6 stillingar er det 7 personar som har slutta eller gått over til nye roller i organisasjonen. Av desse er det 5 som har forsvunne heilt ut frå avdelinga. Dette har vore svært utfordrande og mykje kompetanse har forsvunne frå tenestoområdet.

Ved nytilsetting og rollebyte treng ein tid å kome inn i rollene. Bygging av kompetanse og opplæring har vore høgt prioritert. Dette har vore, og er, ei tidkrevjande øving. «Det tek minst 6 år å verte ein god planleggar» (Sitat tidlegare teknisk sjef Knut Krøvel-Velle).

Situasjonen har gjort at arbeidsbelastninga på einskilde har vore stor, noko som har påverka alle. Det ligg ei utfordring i å behalde og rekruttere. Ei framtidig utfordring er korleis vi skal bygge, og behalde eit robust og stabilt fagmiljø.

Fagområde plan og miljø:

Plan sine oppgåver heng tett saman med den totale samfunnsutviklinga i kommunen. Prioriteringane bygg i hovudsak på vedteken planstrategi, men det har også kome til mange oppgåver i tillegg til dei prioriterte oppgåvene i planstrategien. Arbeid med rullering av arealdelen er i gang ved kartlegging- og strategiarbeid. Fremre Mo har også i 2023 vore eitt av dei mest tid- og ressurskrevjande reguleringsprosjekta. Områdeplan for Legene er også ein plan som har gått over lang tid og som det i 2023 har vorte brukt mykje ressursar på å gjere klar for ferdigstilling.

Samspel og samarbeid på tvers i organisasjonen, både innanfor og utanfor eige kommunalområde, har vore vektlagt.

Vedtekne planar:

- E39, Liadal
- Flåvika massetak, Vartdal
- Alti / Vikøyane, sentrum
- Delar av Grønnevetbakkane, Vartdal

Andre viktige planarbeid og prosjekt som pågår:

- Arealdelen, førebuingar til arealdelen

- Jordvernstrategi oppstart
- Planstrategi oppstart
- Klimaplan og klimabudsjett
- Oppfølging av tettstadsprosjektet og Ørsta sentrum
- Utformingsplan for Ørsta sentrum
- Områdeplan for bustadfelt på Legene
- Reguleringsplan Fremre Mo
- Gudehovet på Ose
- Bustadfelt Barstadvika
- Storelva i Barstadvik, fått tilskot til gjennomføring av miljøprosjekt, prosjektert og starta med gjennomføring
- Bondselva, søkt om midlar til restaurering av elveførebygging
- Diverse andre saker knytt til flaum og elveførebygging
- Reguleringsarbeid i samarbeid med Statens vegvesen (t.d. gangvegar)
- Diverse private reguleringsplanar for masseuttak, bustadfelt, bustad- og næringsbygg i Ørsta sentrum m.v.
- Handsaming av dispensasjonssøknader
- Oppdrettsanlegg
- Handsaming av søknader om motorferdsle i utmark og landingsløyve for helikopter
- Forureiningssaker
- Kartlegging og verdisetting av friluftsområde, merkemal, friluftslivets ferdselsårar
- Vidareutvikling av kartprogram

Fagområde byggesak:

Byggesak har sett det naudsynt å skjerme seg i periodar for å halde handsamingsfristar, og gje best mogleg teneste til publikum.

Med nokre unntak er mottekne søknader handsama innanfor fristane som gjeld for kommunen si handsamingstid. Vidare har vi hatt redusert kapasitet til å utføre arbeidsoppgåver knytt til ajourføring av kart/geodata, dispensasjonsregistrering i «arealplaner.no» og oppfølging av ulovlege tiltak.

Det har i 2023 vore jobba mykje med krevjande saker innan ulovlegheitsoppfølging og i høve klagesaker. Desse sakene tek mykje tid og krev prioritering av ressursar internt i avdelinga. I tillegg er det ofte naudsynt med betydeleg grad av juridisk kompetanse.

Andre oppgåver som har fokus er knytt til matrikkel, oppfølging av e-torget, arkiv, opplæring/kompetanse, aktiv deltaking i byggesaksforum i Sjustjerna.

Sjølvkostområdet (6420, funksjon 302):

Gebyrinntektene for 2023 vart om lag 1,62 mill. kr. Budsjettert inntekt var kr. 2,0 mill. kr.

Detaljerte tal for fagområdet finnast tilgjengeleg i KOSTRA- rapporteringa for 2023.

Fagområde oppmåling:

Ei målsetting i 2023 var å få lagt inn tilkomstpunkt for ulike adresser i matrikkelen. Dette har vi ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre då plan, byggesak og oppmåling gjekk gjennom ei stor omlegging og utskifting.

Det har vorte gjennomført 110 matrikkelførte forretningar. Tal på matrikkelførte saker er 15 færre enn 2022 og 5 færre enn 2021.

Det var mindre inntekter enn forventet grunna mange krevjande småsaker. Det var færre saker med store areal og svært få nye tomter i hytte- og bustadfelt.

Andre viktige arbeidsoppgåver som er gjennomført i 2023:

- Vegadresser
- Nykartlegging
- Historiske flyfoto (3/4 av desse flybilda er no tilgjengeleg i på internett www.norgeibilder.no.)
- Elveg (vegnett) (Data vert nytta mellom anna i GPS-ar til varetransport, persontransport, utrykningskøyrety og privat marknad)
- Kurs (eigedomsmåler og matrikkelføring og autorisering av landmåler)
- Arbeid med og utvikling av Kommunekart og Sunnmørskart
- Etablering av tenesta «Eiendomsinnsyn»
- Kartforum Søre Sunnmøre
- VA-kartlegging
- Anna landmåling/kartlegging
- Seksjoneringsaker

Konklusjon

Året 2023 har vore eit år prega av endringar i organisasjonen, og det nye tenesteområdet har hatt stor utskifting. Dette har sett sitt preg. Likevel har vi levert tenester og resultat som er godt innanfor det akseptable.

Vi har greidd målet med å halde oppmålingsforretningar etter plan og tidsfristar. Lågare gebyrinntekter målt mot tilnærma konstante driftskostnader har gitt lav dekningsgrad for sjølvkostområdet.

Gjennom digitale kartløyningar kan vi tilby innbyggjarar og utbyggjarar data med høg kvalitet til bruk for å få gjennomført dei komande store utbyggingane i Ørsta. Arbeidsomfanget krev likevel hard prioritering.

Digitaliserings- og utviklingsarbeidet har vore og vert vidare prioritert.

Samarbeid og samspel innan seksjonen, med andre kommunar og partar vert opplevd som givande og utviklande.

66 – Landbrukskontoret Ørsta Volda

Oppgaver og målsetting

Forvaltning av statlege tilskotsordningar innan landbruk. Både Ørsta og Volda hadde forvaltningskontroll frå statsforvaltaren i 2023. Det vart avdekt nokre avvik og forbetringspunkt, avvika er lukka og forbetringspunkta er arbeidd vidare med.

Sakshandsaming for politiske utval innafor jord- og konsesjonslov, skogbrukslov, m.m.

Viltforvaltning i Volda, hjorteviltforvaltning i Ørsta Veterinærvaktdistrikt Ørsta og «gamle» Volda, adm.oppgåver. Ei sentral målsetting er å medverke til næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket.

Personalressursar:

Kontoret har hatt 5,3 årsverk, delt på 6 tilsette. Det har vore vakanse i ei stilling i 4 månader. Det har vore lite sjukefråvær ved kontoret.

Økonomi:

Kostnadene har vore innafor budsjett.

Saker knytt til oppgaver og mål (utdrag):

- Vaktordninga for veterinærteneste var på anbod i starten av året, og det er skrive avtale med 4 veterinærar for nye 2 + 2 år.
- Gjennom tilskotsordningane i jordbruket vart det utbetalt 60,4 mill. kr til føretak i Ørsta, 68 mill. kr til føretak i Volda.
- 154 søknader om produksjonstilskot i Ørsta, 182 i Volda.
- SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket): 20 i Ørsta, 26 i Volda. Det er starta arbeid med

nye retningslinjer for SMIL og tiltak i beiteområde, felles for begge kommunane.

- Drenering: 12 i Ørsta, 28 i Volda
- Finansieringssøknader til Innovasjon Norge: 3 i Ørsta, 8 i Volda
- UKL-ordninga (Utvald kulturlandskap Hjørundfjorden og Norangsdalen): Løyving på

850 000.- kr. I tillegg kom inndregne midlar. 14 søknader fekk tilskot til investeringstiltak,

10 søknader fekk arealtilskot og 31 søknader fekk beitetilskot.

- Ein søknad om nydyrking, i Ørsta, på 6,1 da.

- Stor aktivitet i skogbruket: Det vart avverka 16.845 m3 tømmer i Ørsta og 15.998 m3 i

Volda. Det vart planta 44.000 granplanter i Ørsta og 150.000 i Volda, dette utgjør om lag

800 da.

Omdisponering av areal rapportert i Kostra:

	Ørsta	Volda
Jordlova (enkeltsaker)	2,5 da dyrka	0,4 da dyrka
	10,4 da dyrkbar	0,6 da dyrkbar
Plan- og bygningslova	13,8 da dyrka	23,2 da dyrka
	0,7 da dyrkbar	0,0 da dyrkbar

Eldar Rune Øye

fung. kommunalsjef

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	79 244	83 896	78 809	-5 087	-6,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	42 783	45 156	42 580	-2 576	-6,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	6 012	5 866	6 392	526	8,2 %
Overføringsutgifter	8 766	9 363	8 045	-1 318	-16,4 %
Finansutgifter	25 503	25 592	24 098	-1 494	-6,2 %
Sum Driftsutgifter	162 307	169 873	159 924	-9 949	-6,2 %
Salgsinntekter	-62 397	-61 819	-59 423	2 396	-4,0 %
Refusjoner	-16 401	-18 076	-13 421	4 655	-34,7 %
Overføringsinntekter	-350	-87	0	87	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-11 819	-13 113	-13 113	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-90 967	-93 095	-85 957	7 138	-8,3 %
Netto resultat	71 340	76 778	73 967	-2 811	-3,8 %

Status økonomi


Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	71 340	76 778	73 967	-2 811	-3,8 %


Kommentar til status økonomi

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Andre område

Beskriving av tenestemråde

Kommunen har ein del oppgåver som ikkje er særskilt knytt til eitt enkelt kommunalområde. Desse er samla under nemninga Andre område.

Det er ingen tilsette i dette kommunalområdet. Det som blir ført her er:

- Fellesutgifter som gjeld fleire kommunalområde som t.d. ansvars- og personforsikringar, OU-kontingent, samleannonser, porto, kopipapir og rekvisita m.m.
- Tilskot til revisjon
- Tilskot til kyrkjer
- Tilskot til næringskontoret og andre næringsføremål som t.d. skyssbåten i Hjørundfjorden, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Sunnmøre friluftsråd og Ørsta skisenter m.m.
- Sal av konsesjonskraft og erstatning frå Volda etter grensejusteringa
- Premieavvik og andre tekniske føringar knytt til fond, avskrivingar og kalkulatoriske renter for å få inntekter og utgifter plassert på rett forskriftsskjema
- Kjøp av tenester frå Søre Sunnmøre IKT


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	-1 140	-1 062	0	1 062	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 315	7 238	9 113	1 875	20,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12 298	12 540	12 468	-72	-0,6 %
Overføringsutgifter	9 215	8 793	8 414	-379	-4,5 %
Finansutgifter	-28 500	-31 682	-24 911	6 771	-27,2 %
Sum Driftsutgifter	-812	-4 173	5 084	9 257	182,1 %
Salgsinntekter	-1 004	-1 597	-6 346	-4 749	74,8 %
Refusjoner	-4 315	-2 735	-3 521	-786	22,3 %
Overføringsinntekter	-8 537	-4 393	0	4 393	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	15 192	16 569	14 020	-2 549	-18,2 %
Sum Driftsinntekter	1 336	7 844	4 153	-3 691	-88,9 %
Netto resultat	524	3 671	9 237	5 566	60,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Årsrekneskap 2023

Ørsta kommune

Fullstendighetserklæring

ERKLÆRING I SAMBAND MED KOMMUNEN SIN REKNESKAPSAVLEGGING FOR 2023

Vi stadfester etter beste skjønn og overtving:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at kommunen sitt rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll, medrekner slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har vidare oppfylt vårt ansvar vedk. utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunar, og meiner at rekneskapen gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader som er brukt av oss ved utarbeiding av rekneskapsestimat, medrekna rekneskapsestimat målt til verkeleg verdi, er rimelege.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både påløpte og betinga, og har i note til årsrekneskapet gitt opplysningar om kommunen sine garantiansvar.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktingar for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigedelar i balansen pr 31.12. Det er ikkje stilt sikring i eigedelane utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktingar.
- Alle hendingar etter datoen for årsrekneskapet og som ifølge god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapet er i samsvar med budsjettvedtak.
- Vi meiner at verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapen som heilheit. Liste over evt. ikkje korrigert feilinformasjon ligg ved.
- Vi stadfester at det ikkje er utført turar (innenlands/utenlands) der organisasjonen (administrasjon/folkevalde) har delteke, og turane er heilt eller delvis betalt av kommunen sine kontakter/forbindelsar
- Vi har teke omsyn til og opplyst om forhold til nærstående partar og eventuelle transaksjonar mot desse.

Bokføring:

Vi har oppfylt plikta vår til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Utgjeing om vesentlege budsjettavvik:

Vi er ansvarlege for å etablere en internkontroll som sikrar etterleving av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlege avvik som det skal gjerast greie for i årsmeldinga.

Vi meiner at årsmeldinga gir ei dekkande utgreiing for vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet sin tal-del og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
 - Ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering har vore nødvendig å innhente revisjonsbevis frå
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.
Bruk av disposisjons-fond etter årsbudsjettet og fullmakter	-34 616	-34 616	0	-30 522
Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykingar)	2 971	0	2 971	634
Stryking av overføring til investering	0	0	0	0
Meir- eller mindreforbruk etter strykingar	2 971	0	2 971	634
Bruk av disposisjonsfond for reduksjona av årets meirforbruk etter strykingar	-2 971	0	-2 971	-634
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar - investering

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-9 andre ledd

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik	Rekneskap 2022
Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån	93 322	270 725	-177 403	179 798
Avsetningar til bundne investeringsfond	1 069	2 500	-1 431	385
Bruk av bundne investeringsfond	-383	-4 500	4 117	-978
Budsjettert bruk av lån	-266 325	-266 325	0	-331 093
Overføring frå drift etter årsbudsjettet og fullmakter	-2 702	0	-2 702	-2
Avsetningar til ubundne investeringsfond etter årsbudsjettet og fullmakter	37	0	37	1 630
Bruk av bunde investeringsfond etter årsbudsjettet og fullmakter	-2 400	-2 400	0	-2 400
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0
Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert beløp før strykingar)	-177 382	0	-177 382	-152 659
Stryking av bruk av lån	177 319	0	177 319	152 360
Stryking av bruk av ubunde investeringsfond	63	0	63	299
Udekka eller disponert beløp etter strykingar	0	0	0	0
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0

Notar

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapen er avlagt i samsvar med kommunelova, forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar og god kommunal rekneskapsskikk (GKRS).

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av ressursar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av ressursar berre i balanserekneskapen skal ikkje finne stad.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto, med unntak av vatn, avløp og feiing der nettoprinsippet gjeld. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjonar. Alle kjende utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapen, enten dei er betalte eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som ubrukte lånemidlar.

Dersom enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet for framlegging av rekneskapen, vert det registrert eit berekna beløp i årsrekneskapen. Døme på dette er pårekna løn og tapsavsetningar.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapen er eigedelar som bestemt til varig eige eller bruk for kommunen klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er omløpsmidlar.

Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon, i tillegg til marknadsbaserte verdipapir som inngår i ein handelsportefølje, er alltid omløpsmidlar. Andre marknadsbaserte verdipapir skal klassifiserast som omløpsmidlar med mindre kommunen har gjort investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle vert verdipapira klassifiserte som anleggsmidlar.

Andre fordringar som ikkje inngår i punktet ovanfor, er omløpsmidlar dersom desse forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Elles skal dei klassifiserast som anleggsmidlar.

Kommunen fyl kommunal rekneskapsstandard (KRS) nr. 4: Avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden er særleg viktig for skiljet mellom vedlikehald og påkostnad når det gjeld anleggsmidlar. Utgifter som kjem for å oppretthalde kvalitetsnivået til anleggsmidlar vert utgiftsførte i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmidlar utover normal standard, vert utgiftsførte i investeringsrekneskapen og aktiverte på anleggsmidlar i balansen. Tilsvarende gjeld ved totalrenovering eller bruksendring.

Klassifisering av gjeld

Lån som er tatt opp etter kommunelova § 14-15 første eller andre ledd, § 14-16, § 14-17 første ledd eller kirkelova § 15 sjette ledd, vert i balanserekneskapen klassifisert som langsiktig gjeld. All anna gjeld vert klassifisert som kortsiktig gjeld.

Neste års avdrag på utlån inngår i anleggsmidlar og neste års avdrag på lån inngår i langsiktig gjeld.

Omklassifisering

Omklassifisering medfører ei rekneskapsføring i investeringsrekneskapen, driftsrekneskapen eller direkte mot kapitalkonto i balansen. Verdivurderinga må gjennomførast før omklassifiseringa. Omklassifisering av anleggsmidlar til omløpsmidlar skal ikkje finne stad.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne med like store årlege beløp over levetida til anleggsmidlane. Avskrivningane startar året etter at anleggsmidlane er anskaffa/tatt i bruk. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 3-4 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Anleggsmidlar som har hatt verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande, er nedskrivne til verkeleg verdi i balansen.

Vurderingane for eigedelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld.

Langsiktig gjeld skal vurderast til opptakskost. Langsiktig gjeld skal oppskrivast ved varig auke i forpliktinga. Krav til oppskrivning gjeld ikkje ved renteendring på langsiktig gjeld. Oppskrivninga skal reverserast så langt grunnlaget for oppskrivninga ikkje lenger er til stades.

Kortsiktig gjeld skal vurderast til det høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Vurdering til høgaste verdi skal fråvikast når dette er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring. Kortsiktig gjeld som vert vurdert likt som marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar skal vurderast til verkeleg verdi.

Note 1 Endring i arbeidskapital

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-10 a

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Omløpsmidlar	490 829 739,53	470 982 965,83	19 846 773,70
Kortsiktig gjeld	192 883 911,09	261 060 970,89	-68 177 059,80
Arbeidskapital	297 945 828,44	209 921 994,94	88 023 833,50

DRIFTS- OG INVESTERINGSREKNESKAPEN (løyvingsoversikter)	2023
Netto driftsresultat	-36 005 466,26
Netto utgifter/inntekter i investering	4 316 649,38
Endring ubrukte lånemidlar (auke +/reduksjon -)	124 740 338,33
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskapen	84 418 222,69
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering	3 605 610,81
FORKLARING TIL DIFFERANSE I ENDRING ARBEIDSKAPITAL	
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital, drift	
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital, investering	
Andre forklaringar *	3 624 553,69
Uspesifisert avvik	-18 942,88
Sum forklaringar	3 605 610,81

* Feiing og avløp er sjølvkostområde med akkumulert underskot. Det er ikkje lov til å ha negativt fond på feiing.

Desse "bundne" fonda er difor flytta frå fond til kortsiktig fordring. Kr 3 624 553,69 er endring av desse kortsiktig fordringane i 2023.

Note 2 Kapitalkonto

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-10 b

Saldo kapitalkonto 01.01.2023	646 251 117
Auke av kapitalkonto (kreditpostar):	
Aktivering fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	124 969 011
Reversert nedskriving fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	0
Kjøp av aksjar/andelar	0
Reversert nedskriving aksjar/andelar	0
Utlån	26 856 937
Avdrag på eksterne lån	51 324 768
Endring pensjonsforplikting (reduksjon)	0
Endring pensjonsmiddel SPK	10 288 524
Endring pensjonsmiddel KLP	100 796 120
Endring pensjonsmiddel andre selskap	0
Reversert oppskriving utanlandslån	0
Aktivert egenkapitalinnskott KLP	2 281 758
Reduksjon av kapitalkonto (debetpostar):	
Sal av fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	2 140 744
Avskriving fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	53 088 031
Nedskriving fast eigedom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmiddel	162 709
Sal av aksjar/andelar	0
Nedskriving aksjar/andelar	0
Avdrag på utlån	2 481 672
Avskriving utlån	0
Bruk av lånemiddel	115 759 662

Endring pensjonsforpliktingar (auke)	64 113 241
Endring pensjonsmiddel SPK	0
Endring pensjonsmiddel KLP	0
Endring pensjonsmiddel andre selskap	0
Urealisert kurstap (oppskriving) utanlandslån	0
Korreksjon av tidlegare års feil (bilag 31779)	25 618
Saldo kapitalkonto 31.12.2023	724 996 557

Inngåande balanse kr 646 251 117, utgåande balanse kr 724 996 557. Dette gjev ein auke på kr 78 745 439 som svarar til 12 %.

Note 3 Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-10 c

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp i 2023. Det er heller ikkje gjort vesentlege korrigeringar av tidlegare års feil.

Note 4 Varige driftsmidlar

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11 a

Anleggsmiddelgrupper fordelt etter maksimum levetid

Tal i heile 1000	5 år	10 år	15 år	20 år	40 år	50 år	Sum
Bokført verdi pr. 01.01	17 378	46 847	0	72 984	965 388	367 353	1 469 951
Tilgang	7 687	10 351	0	1 512	161 635	5 775	186 960
Avgang							
Avskrivningar	3 317	5 680	0	5 208	28 769	10 114	53 088
Nedskrivningar					53		53
Reverserte nedskrivningar							
Bokført verdi pr. 31.12	21 748	51 518	0	69 288	1 097 890	363 014	1 603 459

Nedskrivingar i 2023 gjeld justeringsrett på utbyggingsavtalar. Her er det eit krav i regelverket at aktivert mva av utgiftene til vatn og avløp skal nedskrivast over 10 år.

Tomter, tomtefelt og anlegg under arbeid

Tal i heile 1000	Sum fordelt etter levetid	Tomter	Tomtefelt	Anlegg under arbeid	Sum varige driftsmiddel
Bokført verdi pr. 01.01	1 469 951	90 259	253 768	0	1 813 978
Tilgang	186 960	85		0	187 045
Avgang	310 729	236	63 779		374 744
Avskrivingar	53 088				53 088
Nedskrivingar	53				53
Reverserte nedskrivingar					
Bokført verdi pr. 31.12	1 603 459	90 107	189 989	0	1 883 555

Anlegg under arbeid er fom. 2022 fordelt på anleggsmiddelgrupper etter maksimum levetid.

Note 5 Større andelar og aksjepostar (finansielle anleggsmidar)

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11 b

Namn på selskap	Eigardel i %	Vesentleg endring i eigardel	Vesentleg nedskriving	Reversering nedskriving	Bokført verdi 31.12
Biblioteksentralen AS	0,2 %				2 400
Furene holding AS	3,5 %				10 000
Bygderadio vest AS	2,2 %				6 000
Hafast AS	0,2 %				20 000
Rovdefjordbrua AS	0,4 %				25 000
Åknes/Tafjord beredskap IKS	20,0 %				200 000

Storfjordsambandet ASA	0,7 %				1 000
Det norske teatret LL	0,0 %				1 000
Ørsta skisenter AS	27,1 %				1 250 000
Muritunet AS	0,2 %				35 000
SpareBank 1 Søre Sunnmøre	0,8 %				865 488
Krøvel gards- og skogsbilveg	2,8 %				88 625
Runde forskning AS	0,9 %				100 000
Tussa kraft AS	32,3 %				78 842 880
Kommunal landspensjonskasse	0,2 %	2 281 758			34 929 267

Note 6 Utlån

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11 c

Låntakar	Utlån (beløp)	Finansiert med egne midlar	Finansiert med lån	Vesentleg tap
Etableringslån	300 836		300 836	
Startlån	58 706 376		58 706 376	
Sum Husbanken	59 007 212	0	59 007 212	0
Sosiallån	243 787	243 787		
Forskot spelemidlar	6 508 200		6 508 200	
Andre utlån	645 261	645 261		
Sum utlån	66 404 460	889 048	65 515 412	0

Det har ikkje vore bokført tap på startlån i 2023. Pr. 31.12.2023 er det avsett kr 240 136 til fond for å dekke ev. tap på etableringslån. Fondet er auka med ei årleg avsetning til renteutgifter på 5,0 %. Det er vurdert at det ikkje er behov for å auke tapsfondet ytterlegare i 2023. Det vert venta at fondet vert nytta til dekning av framtidige tap. Desse tapa vert å føre i investeringsrekneskapen.

Detaljar forskot spelemidlar

Låntakar	Føremål	Ordinære anlegg	Nærmiljøanlegg	Venta utbetalingsår
	Grunnkapital	9 000 000	1 000 000	
Ørsta IL	Løpedekke	-850 000		2027 og 2028
Ørsta hest AS	Ridehall	-1 500 000		2024
Vartdal TIL	Klubbhus	-1 275 000		2025 og 2026
Hovdebygda IL	Kunstgras	-2 628 200		2024 og 2025
Ørsta skisenter AS	Sanitæranlegg	-255 000		2027 og 2028
	Sum forskot 2023	-6 508 200	0	
	Rest unytta pr. 31.12	2 491 800	1 000 000	

Kommunestyret vedtok i sak 86/23 den 07.09.2023 å etablere eit kommunalt spelemiddelfond. Føremålet med fondet er å lette den økonomiske plikta frivillige lag og organisasjonar tek på seg ved finansiering av utbygging av idrettsanlegg, areal for fysisk aktivitet og nærmiljøanlegg der tilskot frå den statlege spelemiddelfondinga inngår.

Kommunen kan forskotere inntil 85 % av søknadssum som er formelt godkjent av fylkeskommunen. Fondet er på kr 10 mill. der 10 % skal reserverast nærmiljøanlegg. Spelemiddelfondet er ikkje meint å vere tilgjengeleg for profesjonelle utbyggarar.

Note 7 Lån

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 a

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinansiering*
Lån til egne investeringar	1 542 700 000	0,47 år	4,22 %	1 264 933 000
Lån til andre sine investeringar				
Lån til innfriing av kausjonar				
Lån til vidare utlån	70 397 650	16,54 år	3,87 %	
Finansielle leigeavtalar				
Justeringsrett utbyggingsavtalar	549 012			
Sum lån	1 613 646 662	1,17 år	4,20 %	1 264 933 000

* Lån som forfell og må refinansierast i det året rekneskapen vert lagt fram.

Note 8 Avdrag på lån

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 b

Grunnlag for berekning av minimumsavdrag	Beløp
Avskrivningar 2023	53 088 031
Bokført verdi lånegjeld 01.01.2023	1 371 800 000
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 01.01.2023	1 469 950 212
Berekna minimumsavdrag etter kommunelova § 14-18, 1. ledd	
Avskrivningar * Lånegjeld / Avskrivbare anleggsmidler	49 543 274
Mottatte avdrag på vidareutlån brukt til avdrag på lån til andre føremål	0
Betalte avdrag	49 600 000
Differanse mellom berekna, korrigerte og betalte avdrag	-56 726

Note 9 Pensjon

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 c

Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytingsbasert pensjon for dei tilsette.

Premiefond

Premiefondet er eit fond for tilbakeført premie og overskot. Eventuelle midlar på premiefondet kan berre nyttast til framtidig premiebetaling. Premiefondet går ikkje fram av kommunerekneskapen, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremiar. Ørsta kommune har berre premiefond i KLP.

Premiefond KLP	2023	2022
Innestående på premiefond 01.01	73 639 835	52 120 400
Tilført premiefondet i løpet av året	7 544 378	22 609 584
Bruk av premiefondet i løpet av året	-1 446 956	-1 090 149
Innestående på premiefond 31.12	79 737 257	73 639 835

Rekneskapsføring av pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i budsjett- og rekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert berekna på ein annan måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordninga, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to storleikane. Forskjellane mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad er eit uttrykk for premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeførast med 1/7 pr. år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, med 1/10 pr. år for premieavvik oppstått frå 2011 til 2013 og med 1/15 pr. år for premieavvik oppstått frå 2002 til 2010.

Rekneskapsføringa av pensjon inneber eit unntak frå dei grunnleggande prinsippa for kommunerekneskapen om at alle kjende utgifter og inntekter i året skal takast med i årsrekneskapen for vedkomande år (kl § 14-6, 2. ledd bokstav c). Rekneskapsføringa av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2023 ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter er kr 61 470 825 lågare enn faktisk betalte pensjonspremiar.

Reglane inneber også at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar skal stå oppført i balansen som høvesvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Berekningsføresetnader	KLP	SPK
Forventa avkastning pensjonsmidlar	4,00 %	3,50 %
Diskonteringsrente	3,00 %	3,50 %
Forventa årleg lønsvekst	2,48 %	2,48 %
Forventa årleg G- og pensjonsregulering	2,48 %	2,48 %

Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik, pensjonsforpliktingar og estimatavvik

Pensjonskostnad og premieavvik	KLP	SPK	2023	2022
Årets pensjonsopptening, noverdi	48 402 308	8 621 002	57 023 310	54 662 801
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	39 488 950	3 299 880	42 788 830	34 891 900
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	-46 660 574	-2 128 907	-48 789 481	-39 716 135
Adminstrasjonskostnad	2 539 336	339 829	2 879 165	2 673 422

A) Berekna netto pensjonskostnad (inkl. adm.kostn.)	43 770 020	10 131 804	53 901 824	52 511 988
B) Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	122 712 786	13 718 468	136 431 254	98 139 154
C) Årets premieavvik (B-A)	78 942 766	3 586 664	82 529 430	45 627 166

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapen	KLP	SPK	2023	2022
B) Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	122 712 786	13 718 468	136 431 254	98 139 154
C) Årets premieavvik	-78 942 766	-3 586 664	-82 529 430	-45 627 166
D) Amortisering av tidlegare års premieavvik	21 146 858	-88 253	21 058 605	16 331 000
E) Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)	64 916 878	10 043 551	74 960 429	68 842 988
F) Pensjonstrekk tilsette	8 157 827	2 313 084	10 470 911	9 736 745
Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (E-F)	56 759 051	7 730 467	64 489 518	59 106 243

Akkumulert premieavvik	KLP	SPK	2023	2022
Sum gjenstående premieavvik tidlegare år (pr. 01.01)	105 900 586	439 713	106 340 299	77 044 134
Årets premieavvik	78 942 766	3 586 664	82 529 430	45 627 166
Sum amortisert premieavvik dette året	-21 146 858	88 253	-21 058 605	-16 331 000
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	163 696 494	4 114 630	167 811 124	106 340 300
Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik	23 081 206	580 163	23 661 368	14 993 982
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.gj.avgift	186 777 700	4 694 791	191 472 492	121 334 282

Pensjonsmiddel og pensjonsforpliktingar	KLP	SPK	2023	2022
Brutto pensjonsforplikting pr. 01.01	1 082 217 210	105 022 803	1 187 240 013	1 107 492 736
Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)	18 946 480	-10 740 518	8 205 962	28 630 836
Årets pensjonsopptening	48 402 308	8 621 002	57 023 310	54 662 801
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	39 488 950	3 299 880	42 788 830	34 891 900
Utbetalingar	-42 620 611	0	-42 620 611	-38 438 260
Brutto pensjonsforplikting pr. 31.12	1 146 434 337	106 203 167	1 252 637 503	1 187 240 012
Brutto pensjonsmidlar pr. 01.01	1 151 155 219	59 355 614	1 210 510 833	1 115 873 326
Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)	-23 417 293	-5 219 023	-28 636 316	-2 106 100
Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.kostn.)	122 712 786	13 718 468	136 431 254	98 139 154
Administrasjonskostnad/ rentegaranti	-2 539 336	-339 829	-2 879 165	-2 673 422
Utbetalingar	-42 620 611	0	-42 620 611	-38 438 260
Forventa avkastning	46 660 574	2 128 907	48 789 481	39 716 135
Brutto pensjonsmiddel pr. 31.12	1 251 951 339	69 644 137	1 321 595 477	1 210 510 834
Netto pensjonsforplikting pr. 31.12	-105 517 002	36 559 030	-68 957 974	-23 270 822
Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforplikting	0	5 154 823	5 154 823	6 439 074

(Ørsta kommune har netto pensjonsmidlar pr. 31.12.23 hjå KLP då pensjonsmidla er høgare enn pensjonsforpliktingane.)

Note 10 Garantiansvar

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 d

Firma/organisasjon (lånenummer)	Pr. 31.12.23	Pr. 31.12.22	Innfr.dato	Type
Husbanken				
Mosmarka barnehage SA (13509851-5)*	1 000 000	1 000 000	01.01.2039	SIM
Sum Husbanken	1 000 000	1 000 000		
Kommunal landspensjonskasse (KLP)				
Hovdebygda idrettslag (8317.57.25574)	2 561 272	5 494 736	15.07.2032	SJØ
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (8317.53.32254)**	550 000	650 000	25.04.2029	SJØ
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (8317.54.93649)**	140 000	180 000	27.03.2027	SJØ
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (8317.54.93657)**	3 105 000	3 335 000	27.03.2037	SJØ
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (8317.55.96871)**	2 582 830	3 228 550	01.11.2027	SJØ
Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS (8317.55.96901)**	24 757 320	25 865 856	30.06.2040	SJØ
Ørsta hest AS (8317.57.82500)	3 471 288	8 144 625	15.02.2041	SJØ
Ørsta idrettslag (8317.62.11124)	1 663 067	0	20.05.2028	SJØ
Ørsta kyrkjelege fellesråd (8317.50.29519)	1 518 750	1 761 750	30.03.2030	SJØ
Ørsta kyrkjelege fellesråd (8317.53.07527)	2 045 292	2 114 044	19.08.2053	SJØ
Ørsta kyrkjelege fellesråd (8317.60.52328)	2 250 000	2 370 000	20.08.2042	SJØ
Ørsta kyrkjelege fellesråd (8317.62.29422)	1 382 500	0	20.07.2043	SJØ
Sum Kommunal landspensjonskasse (KLP)	46 027 319	53 144 561		

Firma/organisasjon (lånenummer)	Pr. 31.12.23	Pr. 31.12.22	Innfr.dato	Type
SpareBank 1 SMN				
Hovdebygda idrettslag (3992.81.99529)	143 192	221 276	03.08.2025	SIM
Nordre Vartdal vassverk (3992.82.21176)	221 441	257 947	14.12.2028	SIM
Vartdal turn og idrettslag (3992.80.01828)	2 419 255	3 709 482	15.02.2040	SIM
Volda og Ørsta kunstlag (3992.82.60874)	594 733	627 042	19.09.2036	SIM
Ørsta kyrkjelege fellesråd (3992.81.21988)	89 358	199 982	10.09.2024	SIM
Åmdal idrottslag (3992.80.38509)***	0	95 121	10.04.2025	SIM
Sum SpareBank 1 SMN	3 467 979	5 110 850		
Andre garantiar				
Ørsta skisenter AS (løn til driftsleiar/ass. driftsleiar)	4 800 000	6 400 000	31.12.2025	SIM
Sum andre garantiar	4 800 000	6 400 000		
Sum alle garantiar	55 295 298	65 655 411		

Type garanti: SIM = Sempel kausjon - SJØ = Sjølvskuldnarkausjon

* Garantibeløpet av avgrensa til kr 1 000 000. Lånesaldo pr. 31.12.2023 er kr 5 213 143

** Garantibeløpet er halvparten av lånesaldo. Resten vert garantert av Volda kommune

*** Lånet vart innfridd i 2023

Note 11 Fond

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
DISPOSISJONSFOND		
Disposisjonsfond pr. 01.01	103 820	87 225
Avsett til disposisjonsfond	0	47 751
Bruk i driftsrekneskapen	-37 587	-31 156
Disposisjonsfond pr. 31.12	66 233	103 820
UBUNDNE INVESTERINGSFOND		
Ubundne investeringsfond pr. 01.01	9 920	10 391
Avsett til ubundne investeringsfond	37	1 630
Bruk av ubundne investeringsfond	-2 337	-2 101
Ubundne investeringsfond pr. 31.12	7 620	9 920
BUNDNE INVESTERINGSFOND		
Bundne investeringsfond pr. 01.01	985	1 578
Avsett til bundne investeringsfond	1 069	385
Bruk av bundne investeringsfond	-383	-978
Bundne investeringsfond pr. 31.12	1 670	985
BUNDNE DRIFTSFOND		
Bundne driftsfond pr. 01.01	18 395	18 840
Avsett til bundne driftsfond	16 442	17 578
Bruk i driftsrekneskapen	-17 563	-17 909
Omklassifisering frå bunde driftsfond feiing til kortsiktig fordring feiing	3 828	-114
Bundne driftsfond pr. 31.12	20 899	18 395

Vesentlege bundne fond - formål	Konto	Bokført verdi 01.01	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12
Bundne driftsfond					
Alle med - Ørsta 2023-2025 (Bufdir)	251080135	0	-469		-469
God Helse - folkehelsefond	251080140	-546		6	-540
Fellesmidlar Sjustjernenettverket Oppvekst	251080200	0	-1 277		-1 277
Grunnskule utviklingsmidlar	251080210	-490		1	-488
DeKomp (desentralisert kompetanseutvikling)	251080212	-568	-81		-649
Div. prosjekt seksjon skule	251080227	-1 374		578	-796
ReKomp (Regional kompetanseheving bhg)	251080260	-745	-253		-998
Midlar bustadutbetring	251080400	-541		180	-361
Forebygging radikaliserings og valdeleg ekstremisme	251080419	-587		346	-241
Sjustjernenettverk bu- og habilitering kompetanseheving	251080423	-480		60	-420
ALIS-tilskot	251080425	-643	-200		-843
Tilskot til kommunalt rusarbeid frå Statsforv.	251080427	0	-1 201		-1 201
Næringsfond	251080435	-615	-87		-702
Kommunalt viltfond	251080474	-1 055		23	-1 031
Vatn (6210)	251080620	-6 107	-273		-6 380
Avløp (6220) *	251080630	-217		217	0
Sum		-13 966	-3 842	1 411	-16 415
Bundne investeringsfond					
Tilfluktsrom	255080180	-102	-2		-104
Beredskapskai Eiksundsambandet	255080653	-500			-500
Ekstraordinære avdrag Husbanken	255080916	-383	-683		-1 067
Sum		-985	-685	0	-1 670

*Bunde driftsfond avløp (kto. 221080630) har eit akkumulert underskot pr. 31.12.23. Som ein følgje av dette er fondet no omklassifisert til kortsiktig fordring avløp (kto. 216890630).

Note 12 Gebyrfinansierte sjølvkosttenester

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 b

Tal i heile 1000	Vatn 2023	Vatn 2022	Avløp 2023	Avløp 2022	Feiing 2023	Feiing 2022	Byggesak 2023	Byggesak 2022
Driftskostnader	10 824	10 179	12 353	11 802	2 656	2 729	3 521	3 717
Avskrivning	3 868	3 304	4 514	4 200	40	40	362	362
Kalkulatoriske renter	3 518	2 726	3 834	3 045	47	40	149	132
Avsett fond	4 597	6 813	4 333	4 740	230	143		
Sum utgifter	22 807	23 022	25 034	23 787	2 973	2 952	4 032	4 210
Tilknytingsgebyr, andre inntekter	-241	-384	-253	-552			-2 287	-2 598
Årsgebyr	-17 980	-18 551	-16 479	-15 480	-2 974	-2 952		
Bruk av tidlegare avsett fond	-4 586	-4 086	-217	-7 755				
Subsidiert av driftsmidlar pga. manglande fond			-8 085				-1 745	-1 612
Sum inntekter	-22 807	-23 022	-25 034	-23 787	-2 973	-2 952	-4 032	-4 210
Fond pr. 31.12	-6 380	-6 106	0	-216	0	0	0	0
Kortsiktig fordring pr. 31.12	0	0	3 827	0	553	756	0	0

Verdi fond pr. 31.12.23 (Tal i heile 1000)	
Vatn	-6 380
Avløp	0
Feiing	0
Byggesak	0
Total verdi sjølvkostfond	-6 380

Kortsiktig fordring feiing	553
Kortsiktig fordring avløp	3 827
Total verdi kortsiktige sjølvkostfordringar	4 380

Sjølvkostfond feiing sett til 0 pr. 31.12.21 pga. negativt fond over fleire år.

Saldo flytta til ny konto for kortsiktig fordring feiing 216890600 pr. 31.12.21.

Fordring feiing er blitt noko redusert i 2023, men vi har framleis fordring og ikkje fond på sjølvkostområdet pr. 31.12.23.

Sjølvkostfond avløp sett til 0 pga. negativt fond pr. 31.12.23, flytta til ny konto for kortsiktig fordring avløp konto 21475630 pr. 31.12.23.

Sjølvkostfondet for vatn er tillagt renter, og fordringskontoane for feiing og avløp er belasta renter med 4,296%. (5-årig SWAP-rente + 1/2 % poeng) totalt kr 159 138,- i 2023.

Verdi anleggsmiddel pr. 31.12.23 (Tal i heile 1000)	
Vatn	82 992
Avløp	90 098
Feiing	1 076
Byggesak	3 388
Total verdi sjølvkostfond	177 554

2020 var første året byggesakshandsaming vart behandla som eige sjølvkostområde. Mindreforbruket vart då avsett på fond pr. 31.12.20. Dette fondet vart brukt opp i 2021.

Det er vidare ikkje blitt avsett midlar til fond i 2022 eller 2023.

Oppmåling kan også behandlast som sjølvkostområde, men det var heller ikkje noko å avsetje her til fond pr. 31.12.23.

Note 13 Sal av aksjar (finansielle anleggsmiddel)

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 c

Det har ikkje vore sal av aksjar i 2023.

Note 14 Ytingar til leiande personar

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 d

	St.-%	Årsløn pr. 31.12.23	Fast godtgj. pr. 31.12.23	Eventuelt anna tilleggsgodtgj.*
Kommunedirektør	100	1 295 000		47 135
Assisterande kommunedirektør	100	965 000		37 115
Ordførar	100		1 186 200	
Varaordførar	20		296 550	

* Jf. HTA § 6.3 om kompensasjon for møteverksemd/anna særleg belastning.

Note 15 Godtgjersle til revisor

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 e

	Godtgjersle
Revisjon	680 400
Reisekostnader	15 764
Sum	696 164

Revisjon omfattar både rekneskapsrevisjon, etterlevingsrevisjon, særattestasjonar og forvaltningsrevisjon.

Kommunen sin revisor er Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Note 16 Økonomisk oppgjer etter grensejustering Bjørke og Viddal

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Kommunal- og regionaldepartementet vedtok 02.07.2018 grensejustering mellom kommunane Ørsta og Volda. Dei to grunnkrinsane Bjørke og Viddal vart som følgje av vedtaket flytta til Volda kommune frå 01.01.2020. Ørsta kommune kravde erstatning frå Volda kommune etter inndelingslova § 21. Kravet var knytt til tap av kraftinntekter (eigedomsskatt, konsesjonsavgift, konsesjonskraft og naturressursskatt).

Etter at det den 18.02.2022 vart avsagt skjønn i skjønnsnemnda etter inndelingslova, valde både Volda og Ørsta kommunar å be om behandling i overskjønnsnemnda. I samband med denne behandlinga vart det gjennomført forhandlingar mellom kommunane. Den 19.01.2023 vart det semje om at Volda kommune skal betale erstatning til Ørsta kommune i tolv år fom. 2020 tom. 2031 for tap av kraftinntekter (eigedomsskatt og konsesjonskraft) som følgje av grensejusteringa.

For åra 2020-2023 er erstatninga på 65 % av kraftinntektene til Volda kommune frå grensejusteringsområdet. For åra 2024-2027 vert erstatninga redusert til 45 % og for åra 2028-2031 vert erstatninga redusert vidare til 20 %. Deretter vil alle kraftinntektene tilfalle Volda. Det er vanskeleg å talfeste erstatningsbeløpet i åra framover då dette vert bestemt av framtidig grunnlag for eigedomsskatt og kraftprisar, men det vil økonomisk sett verte stadig meir utfordrande for Ørsta kommune etter kvart som erstatninga fell vekk.

Grunnlag for erstatning frå Volda kommune	2020-2022	2023	Sum
2 ‰ av grunnlag eigedomsskatt kraftverk	3 513 178	1 308 628	4 821 806
Prosentsats erstatning eigedomsskatt	65 %	65 %	65 %
Erstatning eigedomsskatt	2 283 566	850 608	3 134 174
Grunnlag konsesjonskraft, utan mva.	9 618 245	5 462 089	15 080 334
Prosentsats erstatning konsesjonskraft	65 %	65 %	65 %
Erstatning konsesjonskraft	6 251 859	3 550 358	9 802 217
Erstatning totalt*	8 535 425	4 400 966	12 936 391

* Erstatning for åra 2020, 2021 og 2022 vart inntektsført samla i 2022. Fom. 2023 vert erstatninga inntektsført årleg.

Note 17 Interkommunale samarbeid

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Informasjon om interkommunale selskap/samarbeid som viser kva Ørsta kommune er engasjert i og kva ansvar som kan kvile på kommunen. Alle tal i heile tusen kroner.

Interkommunale selskap

Namn på selskap	Inntekter	Utgifter	Meir-/mindre-forbruk	EK 01.01	EK 31.12
Sunnmøre regionråd IKS	6 115 (2020)	6 073 (2020)	-42 (2020)	1 729 (2020)	1 702 (2020)
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	3 529 (2020)	3 503 (2020)	26 (2020)	1 281 (2020)	1 307 (2020)
Volda/Ørsta reinhaldsverk IKS	44 392 (2020)	39 829 (2020)	4 563 (2020)	15 569 (2020)	20 132 (2020)
Åknes/Tafjord beredskap IKS	2 450 (2020)	2 381 (2020)	69 (2020)	6 687 (2020)	5 706 (2020)

Vertskommunesamarbeid

Namn på samarbeid og kven som deltek	Hovudkontor/vertskommune	Totale utgifter i samarbeidet	Ørsta kommune si utgift i 2022
Barnevern, felles for Ørsta, Volda, Ulstein og Hareid	Volda	86 854 (2021)	21 818 (2021)
Landbrukskontor, felles for Ørsta og Volda	Ørsta	3 847 (2021)	1 782 (2021)
NAV, felles for Ørsta og Volda	Ørsta	7 931 (2021)	3 399 (2021)
PPT-teneste, felles for Ørsta, Volda, Hareid og Ulstein	Ulstein	17 601 (2021)	4 518 (2021)

Inntekter og utgifter knytt til dei to samarbeida som Ørsta kommune er vertskommune for, vert ført på eigne ansvar i rekneskapen. Det blir sendt a-kontobeløp gjennom året. Ved årsslutt vert det sendt oversikt med beløp per konto som er med i fordelinga, ilag med avrekninga.

Ansvar 4125 Felles NAV Ørsta/Volda *	Ørsta	Volda	Totalt
Lønsrelaterte postar	3 823	3 848	7 671
Driftsrelaterte postar	864	870	1 734
Inntekter (eksl. refusjon frå andre kommunar)	-62	-62	-124
Fordeling: Ørsta 49,84% / Volda 50,16%	4 626	4 656	9 282
* Dette gjeld kun kontor kostnad NAV. Økonomisk sosialhjelp i deltakarkommunene vert ført på eigne ansvar og er halde utanfor denne samanstillinga. Her dekker kvar kommune fullt ut ytingar knytt til eigne innbyggjarar.			

Ansvar 6670 Felles landbrukskontor	Ørsta	Volda	Totalt
Lønsrelaterte postar	2 032	2 032	2 032
Driftsrelaterte postar	68	68	68
Inntekter (eksl. refusjon frå andre kommunar)	-64	-64	-64
Fordeling: Ørsta 50% / Volda 50%	2 036	2 036	2 036

Andre former for samarbeid mellom kommunar

Namn på samarbeid og kven som deltek	Hovudkontor/ vertskommune	Totale utgifter i sam- arbeidet	Ørsta kommune si utgift i 2022
Interkommunale samarbeid			
Interkommunalt samarbeid om forureining for Sunnmøre	Ålesund	1 805 (2020)	100 (2021)
Interkommunale samarbeid som er eigne rettssubjekt			
Søre Sunnmøre IKT	Hareid	59 401 (2020)	10 085 (2021)
Vest kontroll, sekretariat for kontrollutvala på Søre Sunnmøre	Vanylven	3 279 (2020)	448 (2021)

Administrativt vertskommunesamarbeid			
Hamna dagsenter, felles for Ørsta og Volda	Volda	10 435 (2021)	3 517 (2021)
Frivillig arbeid			
Innkjøpssamarbeid, felles for Sunnmøre	Ålesund	Blir ikkje sett opp	171 (2021)
Kommunale foretak			
Møre og Romsdal 110-sentral KF	Ålesund	30 046 (2021)	552 (2021)

Note 18 Variabel løn

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Variabel løn for desember vert utbetalt i januar året etter. Beløpet for 2022 utgjorde kr 9 814 000 og er tilbakeført i rekneskapen for 2023. Ny avsetning for desember 2023 er bokført med kr 10 105 000.

Note 19 Investeringsrekneskapen

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Investeringsrekneskapen er i 2023 oppgjort i balanse mot bruk av lånemidler kr 95 135 443. (inkl. forskotering av spelemidler)

Større prosjekt i 2023 (tal i 1000):

Skule Ørsta sentrum - nybygg	109 037
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot - forskottering	9 694
Sæbø - skule og barnehage	8 126
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot Sanering VA	7 943
IKT - Velferdsteknologi Ørstaheimen	5 917
Fontene Haldeplassen	5 154
Tettstadutvikling - Klokkarmarka parkering (tidl. bedehusmarka)	3 460

Note 20 Finansinntekter

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

	2023	2022
Samla renteinntekter	21 548 347	3 943 644
Utbytte aksjar Tussa kraft AS	17 246 592	15 191 144
Utbytte eigenkapitalbevis SpareBank 1 Søre Sunnmøre/SMN	50 515	66 576
Samla inntekter renter og utbytte	38 845 454	19 201 364

Note 21 MVA-kompensasjon

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

MVA-kompensasjon for 2023 utgjorde kr 35 535 774, fordelt på kompensasjon gjennom driftsrekneskapen med kr 16 876 412 og kr 18 659 362 knytt til investering.

Den 23.02.2022 varsla Skatteetaten kontroll av kompensasjonsmeldinga for november-desember 2021. I kontrollen vart det ikkje avdekt vesentlege forhold. Endeleg rapport etter kontrollen vart mottatt i september 2023.

Note 22 Tap og tapsavsetningar

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Det er i 2023 bokført tap med kr 569 915 på diverse fordringar knytt til konkursar og forelding. Avsetning til framtidige tap på fordringar på husleige, barnehage, kommunale avgifter og eigedomsskatt, samt gebyr og krav knytt til helseområdet og teknisk sektor, er redusert med kr 190 314 til kr 604 756 pr. 31.12.2023. Avsetning for tap/korreksjon av refusjon sjukepengar er auka med kr 633 000 til kr 3 426 000.

Samla sett har det i 2023 vorte tapsført kr 1 012 601 i driftsrekneskapen inkl. avsetning for tap/korreksjon. Kor stor del av avsetninga som vert tapsført og kor stor del som vert korrigerert er det vanskeleg å vurdere på førehand.

Note 23 Tomtefelt og anleggsområde

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Tomtefelt under utbygging/ledig for sal (inkl. reserveerte tomter) pr. 31.12.2023

Konto	Namn på område	Balanseverdi	Tomter 01.01	Tomter 31.12	Førre salsår	Marknadsverdi
227080801	Sætrefeltet, Vartdal	2 691 124	6	6	2020	1 818 000
227080802	Steinholen, Nordre Vartdal	220 000	11	11	< 2003	275 000
227080803	Sæbøneset, Sæbø*	0	2	1	2021	75 000
227080804	Barstadvik (tidlegare område)	60 000	3	3	2007	75 000
227080819	Barstadvik (nytt område)	56 250				Under planlegging
227080806	Regulerte tomter, Sæbø	29 872	1	1	-	200 000
227080807	Osmarka II, Ørsta	2 048 515	6	6	2022	4 015 000
227080812	Rystefeltet, Ørsta	97 372	2	2	< 2003	200 000
227080815	Mosbakkane B11, Ørsta	10 025 463	6	6	2022	11 426 000
227080816	Fremre Mo B10, Ørsta	3 668 421				Under planlegging
227080830	Legene, Ørsta (tidlegare område)**	206 047	0	1	2007	500 000
227080817	Legene, Ørsta (utviding)	1 498 242				Under planlegging
227080818	Liadal, Ørsta	227 371				Under planlegging
227080830	Div. tomtefelt - bustad	1 787 314				0
	Sum	22 615 991	37	37		18 584 000

* Har redusert talet med ei regulert tomt som ligg i område vurdert som rasfarleg. Kommunen vil ikkje få høve til å frådele denne

** Ei tomt vil verte betre tilpassa i samband med tomtedelinga i ny reguleringsplan

Industriområde/andre kjende grunnkjøp og innløyisingar pr. 31.12.2023

Konto	Namn på område	Balanseverdi	Kommentar/marknadsverdi
227080901	Industriområde Mosflata, Ørsta	11 655 629	Marknadsverdi restareal er rekna til kr 5 mill.
227080902	Ørstaterminalen, Rystelandet, Ørsta	1 867 183	Marknadsverdi restareal er rekna til kr 3 mill.
227080903	Industriområde Melsgjerdet, Ørsta	152 469 392	Marknadsverdi av dagens anlegg er rekna til kr 59 mill. Næringsområdet er opparbeidd og nye tomter vart lyste ut for sal i januar 2023
227080904	Industriområde Håvoll, Ørsta	22 286	Marknadsverdi restareal er rekna til kr 0
227080905	Hovden næringsområde (tidlegare)*	238 259	Marknadsverdi restareal er rekna til kr 0
227080990	Div. tomtefelt - næring	1 120 118	Marknadsverdi restareal er rekna til kr 0
	Sum	167 372 867	Sum marknadsverdi er rekna til kr 67 mill.

* Ikkje salbart areal att. Restverdien først vekk mot kapitalkonto i 2024. Nytt område er ferdig regulert og ein del av området er festa

Note 24 Kyrkjer og kyrkjegardar

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Overføringar av eigedomar til kyrkjer og kyrkjegardar frå Ørsta kommune til Ørsta kyrkjelege fellesråd er delvis gjennomført. Kommunen har hatt vanskar med å skaffe dokumentasjon på ein del av grunneigedomane for kyrkjegardane grunna manglande dokumentasjon på heimelen. Mesteparten av dette er no løyst og arbeidet med overføring er i gang.

Note 25 Byggeprosjektleiing

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Lønsutgifter for bruk av egne tilsette til prosjektleiing er fordelt til ulike investeringsprosjekt frå driftsrekneskapen, ut frå kva prosjekt det er arbeidd med i perioden. For byggprosjektleiing stab vart det nytta ein gjennomsnittssats pr. time på kr 640 og fordelt totalt 2 996 timar. I tillegg er det nytta eigen jurist på ulike prosjekt. For dette arbeidet er det nytta ein timesats på kr 551, og fordelt totalt 39 timar.

Til leiing av IKT-prosjekt i investeringsrekneskapen vart det nytta egne tilsette frå IKT-drift. Det vart nytta ein timesats på kr 641, og fordelt totalt 271 timar.

Totalt utgjer overførte lønsutgifter frå drift til investering om lag 2,1 mill i 2023.

Note 26 Burettslag og sameige

Jf. budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-15

Ørsta burettslag

Kommunen er medlem i Ørsta burettslag. I fylgje årsoppgåva har kommunen ein formue i selskapet på kr 89 175 og ei gjeld på kr 287 699 pr. 31.12.2023.

Fjordtun sameige

Kommunen eig to av sju leilegheiter i Fjordtun sameige. I fylgje sist motteke rekneskap for 2022 hadde sameiget ein samla formue på kr 132 641. Det er ikkje opplyst noko gjeld pr. 31.12.2022.

Vedlegg

Årsmeldingar frå andre

- [Årsmelding eldrerådet 2023](#)
- [Årsmelding råd for likestilling av funksjonshemma 2023](#)
- [Årsmelding for Ørsta kontrollutval 2023](#)
- [Nasjonal årsmelding - Pasient og brukarombodet i Møre og Romsdal 2023](#)
 - [Statistikk for 2023 frå POBO Møre og Romsdal](#)
- [Årsmelding og rekneskap frå Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur 2023](#)
- [Årsmelding landbrukskontoret Ørsta Volda 2023](#)
- [Årsmelding for PPT 2023](#)
- [Årsrapport 2023 Sunnmøre friluftsråd 2023](#)
- [Årsrapport for den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal 2023](#)
- [Årsrapport barnevernsvakta for Sunnmøre 2023](#)
- [Tilstandsrapport Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid 2023](#)

Gjeldsportefølje inkl. Husbanklån

[Porteføljerapport Ørsta kommune pr. 31.12.2023](#)